

# Snorre Sturlason og rikssamlingsmyten knytt til Harald Hårfagre

-

Ei vurdering av Snorre som diktar eller redaktør med utgangspunkt i ei analyse av mytiske skildringar i framstillinga av rikssamlaren Harald Hårfagre.



Karine Rogne

Vår 2010

Institutt for arkeologi, konservering og historie

Universitetet i Oslo

# Innholdsfor-teikning:

<b>Innleiing:</b>	<b>s. 3-11</b>
Tidlegare forskning:	s. 5
Kjeldene:	s. 6-9
Teoretisk og metodisk tilnærming:	s. 10-11
Oppbygging av oppgåva:	s. 11
<b>Kapittel 1 – Snorre, Rikssamlaren Harald Hårfagre og rikssamlingsmyten:</b>	<b>s. 12-23</b>
1.1 Snorre si framstilling av Harald Hårfagres liv:	s. 13-15
1.2 Myteteori:	s. 15-19
1.3 Rikssamlingsmyte?:	s. 19-23
<b>Kapittel 2 – Halvdan Svarte – innleiing til forteljninga om rikssamlaren Harald Hårfagre:</b>	<b>s. 24-38</b>
2.1 Skildringa av dei profetiske draumane i Heimskringla:	s. 24-26
2.2 Draumane til Ragnhild og Halvdan i dei andre kjeldene:	s. 26-30
2.3 Hauglegginga av Halvdan Svarte i Heimskringla:	s. 31
2.4. Hauglegginga av Halvdan Svarte i dei andre norrøne kjeldene:	s. 31-38
<b>Kapittel 3 – Gyda og Snøfrid:</b>	<b>s. 39-50</b>
3.1 Gyda:	s. 39-43
3.2 Snøfrid:	s. 44-46
3.3 Kvinnehistoriene i saga om Harald Hårfagre:	s. 46-50
<b>Kapittel 4 – Hårmotivet knytt til Harald Hårfagre:</b>	<b>s. 51-56</b>
4.1 Forteljingar der hår har stor tyding i saga til Halvdan Svarte, Harald Hårfagre og ellers i Heimskringla:	s. 52-53
4.2 Bruk av hårmotivet i dei norrøne kjeldene:	s. 53-56

<b>Kapittel 5 – Odel:</b>	<b>s. 57-67</b>
5.1 Nytting av odelsomgrepet i Heimskringla:	s. 57-58
5.2 Harald Hårfagre og odelen – takinga av odelen:	s.58-60
5.3 Håkon Adalsteinsfostre og odelen – tilbakegjeving av odelen:	s. 60-61
5.4 Legitimitet som følgje av odel – Hårfagreideologi?:	s. 62-67
<b>Kapittel 6 – Hauglegginga av Harald Hårfagre:</b>	<b>s. 68-74</b>
6.1 Skildringa i Heimskringla:	s. 68-69
6.2 Skildringane knytt til Haralds død i dei andre kjeldene:	s. 70-74
<b>Kapittel 7 – Bruk av Harald Hårfagres namn etter hans soge:</b>	<b>s. 75-90</b>
7.1 Harald Hårfagres rike som synonym med Norge:	s. 77-79
7.2 Harald Hårfagre som førebilete:	s. 79-80
7.3 Harald Hårfagre som grunnleggar og organiserar:	s. 80-83
7.4 Harald Hårfagre som ættefar:	s. 83-90
<b>Kapittel 8 – Forholdet mellom Harald og Olav i Heimskringla:</b>	<b>s. 91-104</b>
8.1 Skildringar av personane:	s. 92-95
8.2 Olav i Heimskringla etter si soge:	s. 95-97
8.3 Profetiske draumar:	s. 97-98
8.4 Hårmotivet og gravleggingane:	s. 99-100
8.5 Forholdet mellom Harald Hårfagre og Olav den heilage i norrøn historieskriving:	s. 100-104
<b>Kapittel 9 – Snorre Sturlason og forteljinga om Harald Hårfagres rikssamling. Konklusjon:</b>	<b>s. 105-113</b>
9.1 Problemstilling og tese for oppgåva:	s. 105
9.2 Mytiske element i rikssamlingsforteljinga i Heimskringla:	s. 105-107
9.3 Snorres arbeidsmetodar og forfattarskap:	s. 107-112
9.4 Konklusjon:	s. 113

## Innleiing:

Snorre begynner en ny epoke i Noregs historie med Harald Hårfagre: Noreg blev samlet til ett rike. Men denne rikssamling innleder tillike et stort samfundsskifte. Harald vant riket i kamp med de gamle småkongene og hele den gamle makthaverklassen; han gjorde ættstore folk sine undersåtter og ”træler”, og han tok utan skilnad landskyld av både rike og urike. Alle som ikke vilde underkaste seg, enten falt i striden eller rømte av landet – vest til Orknøyene og Hjaltland. Han satte sine menn til jarler ut over hele landet, og han giftet dem med sine egne døtre. Det var nye ætter som kom til makten; alle senere makthavere i Noreg regnet ætten frå sønnene og døtrene til kong Harald. En fullstendig revolusjon hadde gått for seg, alt var blitt nytt i Noreg.<sup>1</sup>

Slik blir Harald Hårfagres rikssamling oppsummert med Halvdan Kohts ord, i ein artikkel opphavleg trykt i 1914. Harald er ein konge som skal ha vore aktiv i Norge rundt slutten av 800- og på byrjinga av 900-talet. Opphavsmannen til Heimskringla, Snorre Sturlason, levde på Island frå slutten av 1100-talet til inn mot midten av 1200-talet til han vart drepen etter ordre frå Håkon Håkonsson (konge 1217-1263) i 1241. På Island var han ein aktiv deltakar i maktkampane, og sat i ei periode med stor makt. Men i ettertida er han fyrst og fremst kjent for å ha skrivi kongesogene i Heimskringla, som var fullført ein gong rundt 1230.<sup>2</sup> Snorre sine kongesoger er eit storverk som i tillegg til å fortelje om den tidlege norske historia, også har spelt ei viktig rolle i skapinga av norsk identitet i relativt nærare fortid; særleg i samband med unionsstrid med Sverige.

Harald Hårfagre blir av Snorre rekna som kongen som samla Norge til eit rike, og i Snorre si framstilling finst det mange mytiske element: profetiske draumar som varsla fødselen til Harald, ei forteljing om utsjånaden hans knytt saman med den politiske ekspansjon hans, ei jente som eggjar han til å ta kontroll over store geografiske område og så vidare. Forteljingane knytt til Harald fungerer som ei slags innleiing til dei sogene i Heimskringla med eit meir realistisk preg,<sup>3</sup> og spelar ei viktig rolle i oppbygginga av verket. Historiene kring Harald er i fleire tilfelle veldig spesielle, og inneheld mytiske skildringar som det er interessant å sjå på korleis Snorre har arbeida med. Skildringane frå saga om Harald kan samanliknast med skildringar av andre kongar i Heimskringla, samtidige og tidlegare historieverk, og andre kjelder for å sjå på betydinga til, det eg kallar rikssamlingsmyten knytt til Harald Hårfagre i Heimskringla, og sjå om denne tydinga skil seg markant frå skildringa av denne kongen i andre norrøne verk. Bakgrunnen for temaet er eit ynskje om ei ny vurdering av Snorre sitt forfatterskap, og eit fokus på rolla hans som historikar i forhold til myter og mytiske mønster.

---

<sup>1</sup> Koht 1967: s. 47

<sup>2</sup> Jón Viðar Sigurðsson, 1999: s. 13

<sup>3</sup> Til forskjell frå Ynglinge-saga som liknar mest på fornaldersoger.

Synet på Snorre som historikar har veksla utruleg gjennom tidene, og variert i aller høgaste grad, og mitt mål med denne oppgåva er å finne ut litt meir om hans arbeidsmetodar ut frå skildringar av ein konge som regjerte så langt tilbake i tid frå Snorre sjølv at ein kan tenkje seg at Snorre hadde moglegheit til å ta seg litt meir kunstnariske fridommar, samanlikna med skildringar av relativt nylege hendingar. Som forfattar og redaktør er det naturleg at han skulle nytte nokre grep for å binde saman verket sitt til ein heilskap, og det er interessant å sjå på funksjonen Snorre gjev Harald Hårfagre i denne samanbindinga.

Spørsmålet er om Snorre kan ha skapt, det vil seie dikta opp dei mytiske elementa knytt til skildringa av Harald Hårfagres rikssamling? Eller om han arbeida meir som ein redaktør som henta informasjon her og der, og så sette det saman til eit verk. Det vil seie å sjå på om Snorre i hovudsak bør sjåast som ein sjølvstendig diktar, eller om han mest må vurderast i lys av ein tradisjon for å framstille Harald på denne måten, og opp mot kva ein kan lese i samtidige og tidlege kjelder.<sup>4</sup> Min tese er at Snorre i hovudsak arbeida som ein redaktør i arbeidet med skildringane av Harald Hårfagre i Heimskringla. Med redaktør meiner eg ein som hentar skildringar og historier frå andre nedskrivne kjelder, som også kan ta med forteljingar frå ein (munnleg) tradisjon han/ho kjenner til, men som sjølvstendig har stor fridom i utvalet av historier frå kjeldene, i vektlegging, eigne tolkingar og formuleringar. Ein diktar på den andre sida er i denne samanhengen ein som skapar og diktar opp forteljingar og førestillingar knytt til historiske personar utan noko belegg for forteljingane han/ho presenterar. Truverdet til Snorre som historikar er avhengig av kva for metodar han nytta i arbeidet sitt. Eg vil fyrst og fremst ta utgangspunkt i tekstar som Snorre kan ha nytta som kjelder i samanlikninga mi, men for å sjå på andre norrøne forfattarars tillitt til Snorre, og fordi skildringar i eldre tapte verk ofte og truleg kan ha vorte avskrivne i andre tekstar, vil eg også enkelte gonger nytte kjelder frå norrøn tid som er yngre enn Heimskringla.

Vurderingar av Snorre sitt forfattarskap har vorte gjort mange gonger, og med mange forskjellige resultat, men ikkje før med eit utgangspunkt i skildringane av Harald Hårfagre. Og grunnen til at fokuset er lagt på skildringar av hendingar som ligg så langt i tid frå Snorre sjølv, og i hovudsak på mytiske element er at det truleg er innanfor denne kategorien at Snorre ville ha hatt mest spelerom for sjølvstendig tolking, pga tidsspennet og kanskje eit behov for å

---

<sup>4</sup> Vel og merke tidlegare og samtidige i forhold til Snorres levetid og forfattarskap, ikkje i forhold til Harald Hårfagre. Her er det nedskrivningstidspunktet som må telle.

ha ei, eller fleire legitimerande opphavsmymar for ei regjerande kongeætt. Og Harald Hårfagre er nytta som utgangspunkt på grunn av hans posisjon som rikssamlaren og ellers ein sentral person i Heimskringla. Ei opphavsmyte som kunne knyte saman alle dei eldre norske kongane i ei slekt med ein tydeleg stamfar må ha hatt ein klar appell for dei som sat med makta. Så eg meiner at dersom Snorre verkeleg sette seg ned og dikta opp forteljingar, så må han ha hatt noko større handlefridom i skildringa av den tidlege tida, sidan det ikkje fanst menneske i hans samtid som sjølv hugsa hendingane det er tale om.

Denne oppgåva tek ikkje sikte på å vurdere sanningsinnhaldet i sogene den skal arbeide med, og heller ikkje kva som kan reknast som historisk realitet (om noko slik finst), men korleis Snorre, den største skaparen av sagamaterialet me kjenner namnet på, arbeida i forhold til sine kjelder, kva han valde å ta med i sitt verk, og kva for funksjon og tyding Harald Hårfagre har i storverket Heimskringla. Forteljingar og skildringar i kjeldene er det sentrale utgangspunktet for denne oppgåva, og fleire norrøne kjelder skal her samanliknast med Heimskringla.

### Tidlegare forskning:

Det er ingen som har vurdert Snorres forfattarskap ut frå framstillinga av Harald Hårfagres rikssamling. Mange har skrivi om Harald Hårfagre, men dei har ikkje vore oppteke av korleis Snorre skildrar han og rikssamlinga vurdert opp mot andre kjelder. Med andre ord har tidlegare historieskriving om Harald Hårfagre ofte gått ut på diskusjonar om kva ein kan tru på av det ein har høyrte om han, ikkje kva for symbolsk og til dels mytisk tyding skildringane av han kan ha spelt for historieskriving og politisk kultur i mellomalderen.

Sjølv om det ikkje finst noko som direkte har arbeida med mi problemstilling, så er det mange som har teke for seg Snorres forfattarskap: Av tyding for denne oppgåva har til dømes Sverre Bagge skrivi ei bok om Heimskringla, ”Society and Politics in Snorri Sturluson’s Heimskringla”,<sup>5</sup> og den tek også for seg Snorres forfattarskap, men fokuserar mest på Olav den Heilage. I forhold til ei slik oppgåve som denne er det eit viktig problem i forhold til sekundærlitteraturen at historikarars analyser av Snorres forfattarskap ofte har lagt nesten for mykje vekt på framstillinga av Olav. Så i hovudsak vil mi oppgåve basere seg på tekstar frå norrøn tid, og nytte sekundærlitteratur for meir generelle fakta og bakgrunnsinformasjon.

---

<sup>5</sup> Bagge 1991

## Kjeldene:

Kjeldene for denne oppgåva er i all hovudsak tekstar frå norrøn tid, altså frå tidsrommet mellom 750 og 1350. Dei fleste kjeldene er i utgåver som er bevara frå Island, og nokon av desse er kanskje også yngre enn det me kallar norrøn tid. I Norge gjekk det norrøne språket over til mellomnorsk rundt 1350, mens det held seg relativt uendra på Island lenge etter. Kjeldene me har er difor utgåver som er bevara gjennom mange hundreår med overlevering, avskrifter og omsettingar, og ein kan ikkje sjå bort frå kjeldekritiske problem knytt til å ta utgangspunkt i eit slikt materiale. Det vil aldri kunne finnast nokon garanti for at skildringar som er viktige og sentrale for denne oppgåva er overlevert i ei så nøyaktig form at innhaldet er i samsvar med kva som stod i den opphavlege teksten. Men eit utgangspunkt der ein er superskeptisk til alt kan ein berre nytte innanfor filosofi, og absolutt ikkje innanfor mellomalderhistorie. Me må ta kjeldene for det dei er, godta at for mellomalderhistorikarar var målet forteljinga, ikkje analysen, og i staden for å tvinge sogene innanfor rammene til moderne krav til kjelder, må me ta det me har, og gjere det beste ut av det.

## Heimskringla:

Heimskringla er utgangspunktet for denne oppgåva, og uansett når det gjeld dette tidsrommet i norsk historie står verket i ei særstilling på grunn av sin detaljrikdom. Det finst fleire sagaverk som tek for seg lange periodar av den tidlege historia. Den eldste Noregshistoria (Historia Norvegiæ), Theodoricus munk si Historien om de gamle norske kongene, Ågrip og Fagerskinna er viktige og sentrale eksempel, men ingen av dei tek med i nærleiken av like mykje informasjon som Snorre. Når det gjeld til dømes forteljingane om Harald Hårfagre og Halvdan Svarte kan ein sjå skilnaden tydeleg berre ved å telle sider i dei forskjellige kjeldene: I Ågrip er det fem sider (s.19-23)<sup>6</sup>, i Fagerskinna einogtjue (13-33),<sup>7</sup> Theodoricus nyttar to og ei halv line til å fortelje om Haralds liv (Halvdan Svarte er ikkje nemnd),<sup>8</sup> i Den eldste Noregs- historia går det med ei knapp side,<sup>9</sup> mens Halvdan Svartes saga og Harald Hårfagres saga i Heimskringla er til saman 38 sider (41-78).<sup>10</sup> Dette gjeld dei utgåvene av desse sogene som eg nyttar som kjeldetekstar. I tillegg kjem seinare referansar til spesielt Harald. Dette er ein overflatisk måte å vurdere forskjellige kjelder opp mot kvarandre, men når ein også har med i reknestykket at sidene i den tilgjengelege utgåva av Heimskringla er mykje meir

---

<sup>6</sup> Ågrip

<sup>7</sup> Fagerskinna

<sup>8</sup> Historien om de gamle norske kongene: s. 49

<sup>9</sup> Den eldste Noregs-historia: s. 33-34

<sup>10</sup> Snorres Kongesagaer

detaljert og utfyllande enn i dei andre tekstane, blir unekteleg resultatet at Heimskringlas versjon av hendingane knytt til dei to kongane inneheld mykje meir informasjon.

Kongesogene i Heimskringla var ferdigskrivne ein gong rundt 1230,<sup>11</sup> verket byrjar med Odin, og går heilt fram til slaget på Re i 1177.<sup>12</sup> Ynglinge-saga minnar meir enn noko anna om ein fornaldersaga (dvs ein saga som handlar om ei fjern fortid med mykje fantastiske element; innblanding av gudar, magi osv.), men også sagaane om Halvdan Svarte og Harald Hårfagre, som er meir truverdige i språkbruken (dvs mindre fantastiske i sine skildringar), består av hendingar som ligg fleire hundreår i tid frå nedskrivningstidspunktet, og har i mange tilfelle klare mytepreg. Alt i alt er Heimskringla ei kompleks kjelde som ikkje enkelt kan vurderast heilskapleg under ein enkelt kategori. Snorres kongesoger er eit massivt verk, med utruleg mange skildringar, og mange tydelege interesseområde og nivå; alt frå store slag og kanonisering, til skipsbygging, småkrangling, kjæledyr og hårsveis. I tillegg er det eit enormt kronologisk spenn i skildringane som etter mi meining er med på å framheve problemet med å analysere alle delar av verket under eitt.<sup>13</sup> Samtidig er det tydeleg at Snorre har vore så oppteiken av samanbinding at ein kan sjå mange lange liner gjennom delar av, eller heile verket. Til dømes er banda mellom Harald Hårfagre og Olav den Heilage eit viktig og sentralt eksempel, som eg også kjem til å gå svært mykje inn på utover i teksten.

#### Historien om de gamle norske kongene:

”Historien om de gamle norske kongene” er ei latinsk kjelde skriven av ein norsk munk som kallar seg Theodoricus, truleg ein gong mellom 1177 og 1182.<sup>14</sup> Det er gjetta på at forfattaren enten har vore biskop Tore av Hamar eller erkebiskop Tore av Nidaros sidan begge desse skal ha studert i utlandet, noko som er truleg ut frå hans kjelder og kunnskap.<sup>15</sup> Theodoricus tek til med Harald Hårfagre fordi:

Nå vet vi at det ikke var noen godkjent kongerekke her i landet før Harald Hårfagres tid, og derfor har jeg tatt til med ham. Men det betyr ikke at jeg tviler på at det også før hans tid her i landet var menn som, regnet med vårt århundres mål, utpekte seg ved sin tapperhet, menn som

---

<sup>11</sup> Jón Viðar Sigurðsson 1999: s. 13

<sup>12</sup> Snorres Kongesagaer

<sup>13</sup> Ikkje at det nødvendigvis og automatisk tyder at kjelder som skildrar hendingar ikkje langt i tid frå nedskrivningstidspunktet skal takast på ordet heller. Eg meiner berre at eg trur det må ha vore litt andre reglar og ein litt annan framgangsmåte for sagaforfattarane når dei har tala om hendingar 2-300 år tilbake i tid, samanlikna med når dei har tala om hendingar som fann stad for ti-tjue år før nedskrivningstidspunktet.

<sup>14</sup> Forordet av Astrid Salvesen i Norges Historie, Historien om de gamle norske kongene, Danenes ferd til Jerusalem: s. 11

<sup>15</sup> Forordet av Astrid Salvesen i Norges Historie, Historien om de gamle norske kongene, Danenes ferd til Jerusalem: s. 11



– slik som Boethius sier – ”var meget berømte i sin egen tid, men ble glemt på grunn av mangel på forfattere”.<sup>16</sup>

Historien om de gamle norske kongene er eit kort sagaverk, men fordi det er ei kjelde Snorre kunne ha nytta og fordi den tek for seg Harald Hårfagre, er den her ein av kjeldene skildringane i Heimskringla skal samanliknast med. Dette til tross for at den i stil på mange måtar er veldig forskjellig frå dei andre kjeldene for oppgåva; bakgrunnen til forfattaren, at han var ein munk som tydelegvis har vore svært oppteke av å framstå som lærd. Difor er det veldig mange referansar til klassisk litteratur, og mange digresjonar som ikkje har noko å gjere med dei norske kongane, men heller er ute etter å vise kor mykje kunnskap han sit inne med. I tillegg er vinklinga ekstremt kristenmoralsk viss ein samanliknar med dei andre kjeldene, og Theodoricus nyttar mykje tid på å fordømme og forherlige, og mange av skildringane hans er derfor svært forskjellige frå dei me finn i dei andre verka.<sup>17</sup>

### Ågrip:

Ågrip er ei av dei korte kjeldene frå norrøn tid eg skal nytte i denne oppgåva, men også ei av dei eldste kjeldene om norsk historie me har, og den blir vanlegvis tidfest til rundt 1190.<sup>18</sup> Også Ågrip har truleg opphavleg dekkja det same tidsrommet i norsk historie som Fagerskinna og Heimskringla, men den er ikkje fullstendig overlevert, og slik me har den byrjar den med Harald Hårfagre (og korleis Halvdan Svarte døyrr), og endar med Sigurd Munn, Øystein og Inge Krokrygg.<sup>19</sup> Ågrip er eit lita soge, med langt mindre plass til skildringar og skaldekvad enn kva ein finn i Fagerskinna, og spesielt Heimskringla, men er likevel ei viktig kjelde for tidleg norsk historie. Ein kan sjå eit tett samband mellom Heimskringla, Fagerskinna og Ågrip; dei har altså truleg opphavleg hatt same kronologiske avgrensing (med unntak av at Snorre også har teke med Ynglinge-saga), og mange av skildringane i dei tre sogene er svært like, noko som gjer det truleg at Snorre har henta delar av sitt verk derifrå.

### Den eldste Noregs-historia:

Den eldste Noregs-historia, eller, ”Historia Norvegiæ”, er ei anonym kongesoge som vart funne i Skottland i 1840-åra av P.A. Munch.<sup>20</sup> Alderen på denne soga er omdiskutert, og den er diverre heller ikkje bevart i fullstendig form, men er truleg frå slutten av 1100- eller

---

<sup>16</sup> Historien om de gamle norske kongene: s. 45

<sup>17</sup> På mange måtar minnar han veldig mykje om Erasmus Montanus i Ludvig Holbergs klassikar; skilnaden er at Erasmus til slutt forstår kor tåpelig han har vore.

<sup>18</sup> Forordet av Bjarne Fidjestøl i Ågrip: s. 8

<sup>19</sup> Forordet av Bjarne Fidjestøl i Ågrip: s. 8

<sup>20</sup> Forordet av Halvdan Koht i Den eldste Noregs-historia.

byrjinga av 1200-talet. Verket tek for seg Norge, norske område og dei norske kongane frå Ynglinge kongane i Svitjord til starten på forteljinga om Olav Haraldsson, og difor skil seg den seg frå dei andre kjeldene i forhold til tidsavgrensing. Hovudkjeldene for denne oppgåva sett under eitt så er dette den einaste teksten, i tillegg til Heimskringla, som tek for seg kongar og hendingar før Halvdan Svarte. Dersom ein ser på Den eldste Noregs-historia er det meir ei geografisk-historisk skildring enn ei typisk kongesoge, og mykje av skildringane i verket går på forteljingar om Norges forskjellige delar og kva for folkeslag som bur der.

### Fagerskinna:<sup>21</sup>

Fagerskinna er ei kongesoge frå om lag same tid som Heimskringla, truleg litt eldre, og som også handlar om dei norske kongane frå og med Halvdan Svarte til 1177. Fagerskinna er overlevert i to forskjellige utgåver, der den yngre, har med nokre ekstra forteljingar. Det er den eldste utgåva som blir rekna som den opphavlege, og er den som vanlegvis nyttast av historikarar, og den eg i hovudsak skal nytte. Dersom eg tek i bruk skildringar frå den yngre og meir omfattande utgåva av Fagerskinna, så kjem eg til å presisere dette, men den blir også rekna som yngre enn Heimskringla, så bruken kjem truleg ikkje til å bli omfattande.

Fagerskinna blir omtala i saga om Håkon Håkonsson, der det blir fortalt at den vart lest for han på dødsleiet hans.<sup>22</sup> Johan Schreiner seier det er eit nært samband mellom Fagerskinna og Heimskringla og at:

Fagerskinnas forfatter har benyttet Snorres Olavsaga som kilde for beretningen om denne konges historie. Til gjengjeld bygget Snorre, da han skrev Heimskringla, på Fagerskinnas fortelling om de øvrige norske konger, iallefall de som styrte før Olav den Helliges.<sup>23</sup>

Fagerskinna er ein del kortare enn Heimskringla, og vier mykje av sin plass til skaldekvad. Store delar av teksten har, nettopp som Schreiner seier, mykje til felles med Heimskringla, men det skal eg kome konkret tilbake til seinare i oppgåva.

---

<sup>21</sup> Note til bruk av Fagerskinna som kjelde i norsk forskning: Fagerskinna er berre omsett til norsk to gonger; ein gong av Johan Schreiner i 1926, og ein gong av Edvard Eikill i 2007. Diverre er den nyaste omsetting, som også er den einaste som har omsett heile Fagerskinna, så full av feil og så lite nøyaktig at eg har ikkje kunne nytta den som kjelde i mi analyse av forteljingar og formuleringar i Fagerskinna. Schreiner si utgåve derimot er god, men den endar med Olav den heilage, og resten av verket vart ikkje omsett av han fordi han meinte den var så lik Heimskringla at det ikkje var nødvendig. Men Fagerskinna er eit sjølvstendig sagaverk, og eg har ikkje berre kunne nytta den fyrste delen. Difor har eg i stor grad måtte nytte ei norrøn utgåve utgjeven i serien Íslenzk fornrit når eg skulle gå inn på skildringar etter Olav den heilage. Då har eg sjølv måtte omsett frå norrønt, noko eg diverre ikkje har noko serleg kompetanse på. Men derfor vil det i teksten når referansen er "Fagerskinna" gjelde Schreiner si utgåve, mens når det står "Fagurskinna" i fotnoten gjeld dette den norrøne utgåva.

<sup>22</sup> Forordet av Johan Schreiner i Fagerskinna: s. 7-8

<sup>23</sup> Forordet av Johan Schreiner i Fagerskinna: s. 8

## Teoretisk og metodisk tilnærming:

Einkvar som fortel ei myte kan reknast som ein myteskapar, sjølv om den personen sjølv ikkje har dikta opp myta han/ho formidlar. Det aktuelle spørsmålet her er om Snorre Sturlasson, truleg den viktigaste skaparen av norrøn litteratur me kjenner til, aktivt skapte eller dikta opp mytiske element i rikssamlingsmyten knytt til Harald Hårfagre i Heimskringla, eller om han arbeida som ein redaktør som samla saman myter som allereie eksisterte i hans samtid og innlemma dei i arbeidet sitt.

Snorre gjer sjølv greie for ei kjeldekritisk haldning i sin prolog, men han ser ut til å nytte kjelder og henvisningar berre om hendingar som verka lite trulege eller som fann stad langt tilbake i tid.<sup>24</sup> Når ein skal nytte verk av Snorre som kjelde må ein difor ta omsyn til at metodane hans ikkje måtte oppfylle same type krav som moderne historiske arbeide. Snorre levde, skreiv og dreiv med politikk på 1100-, og i hovudsak 1200-talet. Me i det 21. hundreåret kan ikkje sjå verda med dei same kulturelle føresetnadane som han gjorde, me har våre egne føresetnader som gjer at me vurderar og skildrar samfunn, personar og situasjonar annleis. Våre vurderingar av skildringar og hendingar frå hans tidsrom er truleg ikkje dei same som hans og hans samtids. I tillegg kan me eigentleg ikkje vite i kor stor grad han prøvde å vinkle verket sitt i forhold til sine egne politiske oppfatningar og mål. Og når ein skal vurdere Snorre som historikar opp mot andre norrøne tekstar må ein vera klar over at mange av hans kjelder og andre verk frå den tida er gått tapt i dei mange hundreåra sidan dei vart nedskrivne.

For å prøve å kome fram til noko om korleis Snorre arbeida då han skulle skildre Harald Hårfagres rikssamling vil min framgangsmåte i hovudsak vere å samanlikne Heimskringla med andre kjelder. Eg vil meine at menneske i norrøn mellomalder på grunn av ein sterk munnleg kultur, og samfunnsmessig tyding av å kjenne til sine forfedrar, hadde ein heil del kunnskap om fortida. Når ein skal sjå på kva menneske på 1200-talet etter all trulegheit skal kunne ha hatt kjennskap til, er tekstane frå den tida det sikraste utgangspunktet ein har. I samband med denne oppgåva er skiljet mellom levning og beretning svært lite viktig, fordi oppgåva per definisjon ikkje er oppteken av kva som verkeleg hende i Harald Hårfagre sitt liv og i hans politiske karriere, men ei analyse av Snorre sine skildringar og skilnadane til det andre norrøne mellomalderhistorikarar skreiv om rikssamlaren.

---

<sup>24</sup>Bagge 1991: s. 30

Hovudframgangsmåten min vil altså gå på samanlikningar mellom Heimskringla og andre kjelder frå norrøn tid som fortel om Harald Hårfagre og hans rikssamling. I dei eldre tekstane kan ein sjå kva Snorre har henta frå eller skrivi av andre. Hovudkjeldene for denne oppgåva, i tillegg til Heimskringla, skal alle vere eldre enn det Snorre skreiv, og både Ågrip, Historien om de gamle norske kongene, Den eldste Noregs-historia og Fagerskinna kan ha vore nytta av Snorre i hans arbeide.

Det er viktig å nok ein gong merke seg at kjeldene er i den forma me no kjenner dei fordi dei er overleverte i mange ledd og oversette. Eg kan ikkje vite i kor stor grad det er nedskrivarane og overleverarane som har endra på detaljar og gjort dei like eller ulike kvarandre, eg må berre freiste å finne det som er truleg, og drøfte kvar enkel episode og kvart enkelt tilfelle separat. Ein veit det ikkje er mogleg å unngå feil når ein skal skrive av noko for hand på mange hundre sider, men ein som arbeidar med dette ville alltid strekke seg etter å vere så nøyaktig som mogleg, og eg må berre velje å tru på at tekstane er så lite endra at eg kan seie noko om stil og intensjonar med forteljingar, formuleringar og omgrepsutval.

### Oppbygging av oppgåva:

Oppgåva skal i hovudsak gå ut på analyser av skildringar og forteljingar som er del av rikssamlingsmyten knytt til Harald Hårfagre i Heimskringla, og så samanlikne desse med dei andre hovudkjeldene for oppgåva. For det meste er kronologien i denne oppgåva bestemt av når skildringane opptrer i Snorres verk. Det meste av oppgåva vil gå på analyser og samanlikningar, og fyrst vil eg gå litt meir generelt inn på temaet og føresetnadane for det i kapittel ein. Kapittel to til åtte tek utgangspunkt i skildringar frå Heimskringla, og vil prøve å samanlikne desse med dei andre kjeldene, og kapittel ni er konklusjonen.

# Kapittel 1: Snorre, Rikssamlaren Harald Hårfagre og rikssamlingsmyten

Harald Hårfagre ut frå skildringane i Halvdan Svartes Saga og Harald Hårfagres saga i Heimskringla.

Maktekspansjonen til Harald Hårfagre, som skal ha byrja rundt 870, blir rekna som det fyrste steget i samlinga av det geografiske området me no kjenner som Norge. I Snorre Sturlasons Heimskringla er Harald presentert som rikssamlaren som la heile landet under sin kontroll, og samla det til eit rike. Den historiske personen Harald Hårfagre er det derimot vanskelegare å seie noko konkret om, og det er heller ikkje det dette kapittelet, og resten av oppgåva er oppteke av, men skildringane av han, og den posisjonen han vart tillagt av Snorre Sturlason på 1200-talet. Den verkelege kong Harald ligg alt for langt tilbake i tid, både for oss og for Snorre og hans samtidige, til at forteljingar om han kan reknast for å vera fullstendig korrekte i alle detaljar. Men hans tyding i norsk historietradisjon og mentalitet er likevel stor, noko ein må gje Snorre og hans skrivning ein stor del av æra for. Det finst argument for at det ikkje har eksistert nokon konge i Norge på 800-900-talet som gjekk under namnet Harald Hårfagre,<sup>25</sup> men dette er eit ekstremt synspunkt etter mi meining. Sjølv om det ikkje er eit tema for oppgåva mi om Harald er ein historisk person eller ikkje, så vil eg framheve at eg personleg meiner han har eksistert, men at han som sagt ligg for langt tilbake i tid for at me skal kunne seie noko heilt sikkert eller konkret om dei fleste av hans handlingar. Å fortelje om hans liv og virke, spesielt med tanke på hans tyding i ettertid, er noko ein kan gjera uavhengig av kva som er beviseleg sant. Sjølv om Harald Hårfagre aldri har eksistert, eller ingen av forteljingane om han skulle hatt eit korn av sanning i seg, så er hans rolle og posisjon i ettertida historie i seg sjølv. Nettopp fordi han er for oss, og var for Snorre, rikssamlaren med stor R, høyrer han til norsk historie naturlegvis like mykje som til dømes Håkon Håkonsson, Kristian den Fjerde, Grev Wedel Jarlsberg og Einar Gerhardsen.

I Heimskringla har Harald Hårfagre ei eige soge, men også mykje av saga om Halvdan Svarte er nært knytt opp til forteljinga om Harald, og inneheld også viktige forteljingar eg kjem til å gå inn på seinare. I tillegg er han nemnt heile 43 gonger frå og med Håkon den godes saga til

---

<sup>25</sup> Sverrir Jakobsson 2002

soga om Magnus den gode, der han omtalast direkte for siste gongen.<sup>26</sup> Dette kapittelet skal ta for seg skildringane av personen og rikssamlaren Harald i soga hans og i soga om far hans, mens skildringane av han i resten av Heimskringla kjem eg til å ta opp i kapittel sju. Eg vil også her sjå på om ein, og i så fall kvifor, kan kalle skildringane av Haralds liv og gjerningar for ei rikssamlingsmyte, og koma fram til episodar med tydeleg mytepreg som skal vere utgangspunktet for samanlikning med andre kjelder seinare i oppgåva. Som nemnt i innleiinga vil også ein redaktør av myteprega historie kunne reknast som ein myteskapar, i og med at han/ho har vald ut kva for skildringar som er teke med. Sett at ein tek dette standpunktet er det viktig å gjere kort greie for kvifor Snorre kan ha hatt interesse av å framstille rikssamlinga slik som han gjorde, nemleg med ein tydeleg rikssamlar som dei seinare kongane fekk legitimert si makt som etterkommarar etter. Fyrst vil eg gje eit kort samandrag av hendingane i forteljinga om livet til Harald Hårfagre frå Snorres verk.<sup>27</sup> Deretter vil eg gå inn på kva ei myte eigentleg er og kan vere, før eg prøvar å kople desse saman i slutten av kapittelet.

### 1.1 Snorre si framstilling av Harald Hårfagres liv:

Den fyrste soga om ein enkeltkonge i Heimskringla, er soga om Haralds far, Halvdan Svarte. I tillegg til skildringar av maktekspansjonen hans finn me fargerike forteljingar om til dømes draumar han og hans kone hadde som skulle varsle framtida, og ikkje minst den relativt uvanlege hauglegginga hans: nemleg at hans lik i følgje Snorre, vart delt i fire og hauglagt i fire forskjellige Halvdanshaugar på grunn av at han skulle ha vore så populær. Forteljinga om dronning Ragnhilds draum blir nytta som ei rammeforteljing kring sogene om Halvdan og Harald, og blir nytta til å oppsummere Haralds liv og gjerningar.

Harald Hårfagre er i følgje soga sonen til Halvdan Svarte og hans andre kone, Ragnhild (den fyrste skal også ha heitt Ragnhild og født ein son som heitte Harald). Det blir sagt at han fekk kongedømmet etter far sin då han var berre ti år gamal, og gjekk med ein gong, saman med onkelen sin Guttorm, til angrep på høvdingane som gjorde innhogg i riket Halvdan hadde etterlate seg. Harald hadde heilt frå starten stor framgang, og tok i følgje Snorre også fleire og større område enn faren hadde hatt.

---

<sup>26</sup> Snorres Kongesagaer: s. 79, 80, 83, 86, 94, 98, 106, 108, 130, 158-59, 164, 169-71, 224, 226-29, 259, 297, 298, 304, 309, 20 (del to), 86, 100 og 124

<sup>27</sup> Snorres Kongesagaer s. 41-78

Vendepunktet i rikssamlingsforteljinga kjem tidleg i forteljinga når han sender bod til Gyda, ei jente han vil ha til frille. Før denne historia er det ingen av Haralds gjerningar som skil han ut frå ein vanleg konge med uvanleg framgang. Men Gyda slår seg vrang og ”ville ikke kaste bort sin møydom på å ta til mann en konge som ikke hadde større rike å styre over enn noen få fylker”<sup>28</sup>, før ho egga han til å bli einekonge over heile Norge ”slik som kong Gorm i Danmark eller Eirik i Uppsala”<sup>29</sup>. På grunn av dette svaret sver han på å ikkje klyppe eller greie håret sitt før han har vunne seg heile Norge, eller døy i forsøket. Etter denne eiden følgjer ei rekkje erobringar til og med triumfen ved slaget i Hafrsfjord. Det blir fortalt at Harald innførte same lov alle stader han fekk kontroll over, tok all odel under seg som sin eigedom, sette ein jarl i kvart fylke og organiserte innsamlingar av landsskuld og bøter. I følge Snorre hadde Harald også ei rekkje koner, mellom anna gifta han seg med Gyda etter rikssamlinga var fullført. Han fekk mange born, og sønene hans vart fostra opp der mora hadde kome frå. Han får klypt håret sitt som teikn på at han no er vorte einekonge i eit gjestebod på Møre hjå Ragnvald jarl, og får tilnamnet Hårfagre.

Midt i forteljinga om Harald finst ei fargerik og spesiell historie, nemleg den om han og samejenta Snøfrid. Han giftar seg med henne, og elska ho så høgt at han gløynde alt anna, og når ho døyr sit han ved hennes lik i tre år og trur ho skulle vakne opp att. Etter noko overtaling går han med å skifte klede og sengeklede på henne, og stanken som då slår opp, fekk han til å forstå at han må brenne liket, og han vaknar av ei slags transe. Konklusjonen måtte vera at Snøfrid hadde forheksa han, men ved brenninga av hennes lik vart han seg sjølv att. Etter dette dreiar framstillinga seg i hovudsak over på å fokusere på sønene hans, det blir mellom anna fortalt korleis Eirik blir gift med Gunnhild, korleis han gav sønene sine kongsnamn og ”gjorde det til lov at hans ættmenn skulle få kongedømme hver etter sin far, og jarledømme skulle de ha som var kommet av hans ætt på morssida.”<sup>30</sup> Yngstesonen Håkon, som Harald skulle ha fått med si tenestejente då han var nesten sytti år, blir sendt til England som ein del av ein krangel med kong Adalstein, ein krangel Harald kom best ut av.

I Heimskringla står det at då Harald var åtti år overlet han kongedømet til Eirik, men at dei andre sønene også tok seg område då dei høyrde dette. Tre år etter han prøvde å gje trona til

---

<sup>28</sup> Snorres Kongesagaer: s. 50

<sup>29</sup> Snorres Kongesagaer: s. 50

<sup>30</sup> Snorres Kongesagaer: s. 70-71

Eirik døydde Harald Hårfagre ”sottedød i Rogaland”<sup>31</sup> i følgje saga, og hans minneord hjå Snorre er formulert slik:

Lærde menn sier at Harald Hårfagre har vært en uvanlig vakker mann å se til, sterk og stor og gavmild på gull som få, vennsæl og godt likt av sine menn. Han var en stor stridsmann den første delen av sitt liv, og man tyder det nå slik at det var dette som var meningen med det store treet hans mor drømte om før han ble født, og som var rødt som blod nede ved rota; når treleggen oppover var fager og grønn, så var det tegn på blomstringen av hans rike, men øverst var treet hvitt, og derav kunne en se at han skulle bli gammel og hvithåret; kvistene og greinene på treet varslet om hans avkom, som skulle bre seg over hele landet, og av hans ætt har alltid kongene i Norge vært siden.<sup>32</sup>

Etter Haralds død blir det fortald korleis Eirik vann over sine brør, unntatt Håkon, og at alle hans born var vakre og lova godt. Så går Snorre over til saga om Håkon Adalsteinsfostre. Deretter følgjer soge på soge om dei seinare kongane.

Snorre er i denne framstillinga veldig bestemt på det at det var Harald som la heile Norge under sin kontroll, og han blir presentert som ein god konge etter herskarnormene i kristen mellomalder.. I tillegg til formuleringar som ”av hans ætt har alltid kongene i Norge vært siden”<sup>33</sup>, så underbyggjer også dei mange seinare referansane i Heimskringla denne førestillinga om Harald som rikssamlaren. Eit samandrag av hendingane i korte trekk kan sjølvsagt ikkje gje eit fullstendig bilete av forteljinga om Haralds liv. Men det eg har valt ut å fortelje om er viktige element i rikssamlingsmyten, og det meste kjem til å bli take opp att og analysert i dei neste kapitela. Forteljinga om Harald er full av spenning, maktkamp og store slag, men også intriger, kjærleikshistorier, profetiske draumar og andre forteljingar med mytiske mønster, eller mytisk inspirasjon, som er med på å underbygge førestillinga om Harald som samlaren og dermed skaparen av kongeriket Norge. Før ein kan nytte dette samandraget til underbygging av omgrepet rikssamlingsmyte, er det lurt å gå inn på kva ei myte faktisk er:

## 1.2 Myteteori:

Ei myte er gjerne ei av fleire hovudforteljingar som ligg i botn av ein kultur, og som stadig opptre i nye variantar.<sup>34</sup> Myter har ein normerande og oppretthaldande funksjon i eit samfunn, og dei har med kulturens måte å klassifisere og organisere seg på.<sup>35</sup> Myta freistar ikkje å forklare gjennom logiske samanhengar og naturlige forklaringar, men prøver å finne

---

<sup>31</sup> Snorres kongesagaer: s. 77

<sup>32</sup> Snorres kongesagaer: s. 77-78

<sup>33</sup> Snorres kongesagaer s. 77

<sup>34</sup> Steinsland 2005: s. 29

<sup>35</sup> Steinsland 2005: s. 89



samanhengar på tvers av det rasjonelle.<sup>36</sup> I dei heilage historiene ligg modellane eit samfunn er strukturert etter, og derfor har alltid religion med maktforhold i eit samfunn å gjera, noko som kan føre til produksjon av myter og ritar der funksjonen er å legitimere maktgrunnlaget til visse slekter.<sup>37</sup> Mektige grupper i samfunn utformar og nyttar myter som ”eksemplariske fortellinger som bekrefter deres egen makt og posisjon”.<sup>38</sup> I førstatilege samfunn var det vanleg at slektene som sat med makta kunne legitimere sin posisjon ved åttetavler som rekna anane sin tilbake til gudar,<sup>39</sup> noko både Hårfagreætta og Ladejarlane i følgje sogene gjorde.<sup>40</sup> Hårfagreætta til den norrøne guden Frøy, og Ladejarlane tilbake til Odin. Ikkje minst døden og gravlegginga av ein herskar har vore markert med store gravmonument omgjevne av myter og ritual i førstatilege samfunn.<sup>41</sup> Kongen sjølv vart truleg ikkje rekna som ein guddomleg person som skulle dyrkast i norrøn kult, men han var gjennom ein omfattande mytologi, som grunn gav hans posisjon, einaren i samfunnet og sat gjerne i sentrum for ritualsystemet i utøvinga av kulten.<sup>42</sup> Fordi den sakrale norrøne kongen ikkje rangerte blant gudane, men var knytt til maktas sfære i kraft av avstamming og ritual, meiner Gro Steinsland at førestillinga rundt kongemakta vart eit brukbart mellomledd mellom den heidenske og den nye kristne trua og eit samanbindande ledd i overgangstida mellom den gamle og den nye religionen, både innanfor tru og praksis og historieskriving i mellomalderen.<sup>43</sup>

Det er einigheit om at opphavet til Hårfagreætta, med anar tilbake til gudane, var viktig for å grunnge deira posisjon i samfunnet i vikingtida. Men denne opphavsmitten er ikkje vektlagt i Snorres forteljing om Halvdan, Harald eller nokon av kongane i Heimskringla. Etter Yngelinge-saga blir omgrepet yngling (namnet på ein som stamma frå Yngve-Frøy) berre nytta ein einaste gong i Heimskringla, og då i eit skaldekvad om Olav den heilage.<sup>44</sup> Korkje Harald Hårfagre eller nokon andre av dei norske kongane blir omtala som ynglingar, og heller blir det ikkje gjort nokon andre referansar til kongane si avstamming frå guden Frøy. Snorre visar altså ingen spesiell interesse for guddomleg opphav i si rikssamlingsforteljing, og med tanke på korleis ein såg på den norrøne religionen i hans samtid, kan ein vel ikkje meine at denne mangelen på interesse er spesielt påfallande. Alt i alt er Harald Hårfagre på ingen

---

<sup>36</sup> Solberg 2003: s. 256

<sup>37</sup> Steinsland 2005: s. 30

<sup>38</sup> Steinland 2005: s. 93

<sup>39</sup> Steinsland 2005: s. 394

<sup>40</sup> Jón Viðar Sigurðsson 1999: s. 68

<sup>41</sup> Steinsland 2005: s. 394

<sup>42</sup> Steinsland 2005: s. 402

<sup>43</sup> Steinsland 2000: s. 46-47 og 97

<sup>44</sup> Snorres Kongesagaer: s. 307

måte framstilt som ein heidensk konge med leiarposisjon innanfor utøving av den norrøne kulten. Med tanke på at Snorre var kristen, skreiv for eit kristent publikum, og skulle legitimere makta til kongar som inkluderte helgenkongen Olav den Heilage, så må ein forstå at han truleg ville fokusere på andre element i myter for å legitimere makta til ei herskarslekt, og kanskje ikkje primært på ei opphavsmyte for slekta med anar til den norrøne gudeheimen.

Opphavs- og skapingsmyter er sjølvstøtt også ein viktig del av alle kulturar og religionar. Det har truleg til ein kvar tid eksistert forteljingar om korleis verda vart til og korleis menneska vart skapt. Skapingsmyter fortel direkte eller indirekte om kulturens syn på verda, dei forklarar ofte menneskje sin plass i kosmos og er delt inn i trehovudgrupper; myter om skapinga av høvesvis verda, gudane og mennesket.<sup>45</sup> I det norrøne mytekomplekset finn me skapingsmyter fyrst og fremst i Voluspå og Den Yngre Edda av Snorre. Og samtidig har me også ei mengde opphavsmytar som til dømes om skapinga av den sosiale lagdelinga i samfunnet i Eddadiktet Rigstula,<sup>46</sup> forteljinga om Frøy si friarferd til jotunkvinna Gjerd i Eddadiktet Skirnesmål – eit ekteskap som skal ha vore opphavet til Ynglingeætta,<sup>47</sup> og enkle nemningar i til Den Yngre Edda som forklarar opphavet til vanlege fenomen:

Så tok Skade ein eiterorm og feste opp over han (Løke), slik at eiteret draup frå ormen og ned i andletet på han. Men Sigyn, kona hans, står attmed han og held ei skål under eiterdrópane; og når skåla er full, går ho og slår ut eiteret. Imedan dryp eiteret i andletet på han. Då rykkjer han til så hardt at all jorda skjelv; det er det dei kallar jordskjelv.<sup>48</sup>

Steinsland meiner også at ein på fleire felt kan sjå spor etter norrøne myter og symbol i kongesogene, og at det spesielt er i forteljingane om opphava til kongsemne, forholda deira til kvinner og historier om deira lagnad og død at ein spesielt tydeleg kan sjå mønster frå den førkristne kulturen:<sup>49</sup>

Den førkristne herskerideologiens hovedtema, som vi allerede har oppsporet i eddadiktningen, skaldedikt og genealogier, er levende også i de norrøne historieverkene som ble forfattet i kristen middelalder. Norrøn middelalder skaper i høy grad historie ved hjelp av underliggende, førkristne mytiske fortellingsmønstre, motiv og symboler.<sup>50</sup>

Kongesagalitteraturen visar på fleire felt spor av myter og symbol frå førkristen

herskarideologi,<sup>51</sup> og Steinsland seier at kjernen i mytekomplekset rundt ein førkristen

---

<sup>45</sup> Steinsland 2005: s. 110

<sup>46</sup> Steinsland 2005: s. 384-385

<sup>47</sup> Steinsland 2005: s. 406

<sup>48</sup> Den Yngre Edda: s. 85

<sup>49</sup> Steinsland 2000: s. 97

<sup>50</sup> Steinsland 2000: s. 131

<sup>51</sup> Steinsland 2000: s. 97

herskar, var myta om bryllaupet hans med ei utgardskvinne.<sup>52</sup> Dette skulle gi etterkomarar med spesielle kvalitetar, prototypiske herskarar.<sup>53</sup> I forhold til denne oppgåva er det myter som eksemplariske forteljingar for å bekrefte makt og posisjon som er det mest sentrale, og heile forteljinga kring Haralds liv og gjerningar fell lett innanfor ein slik definisjon dersom ein tek utgangspunkt i kva Snorre skreiv. Men det er også svært interessant å samanlikne med andre mytiske forteljingar og personar for å sjå om ein kan finne spor av dei underliggande mytiske mønster som Steinsland talar om, dette kjem i hovudsak til å bli gjort i diskusjonskapitla utover i oppgåva, men eg vil også gå litt inn på det nedanfor.

På 1200-talet, altså Snorres eigen samtid, var ein konge i kraft av sitt embete vorte stadfortredaren til Gud på jorda, og ein konge sat med ein heilt annan makt over undersåttane enn tidlegare herskarar hadde hatt.<sup>54</sup> Ein ser dette mellom anna med at kongar på 11- og 1200-talet slutta å ta hemn over andre som privatpersonar, men i staden byrja å straffe sine undersåttar, og at både kongen og Gud oftare omtalast som herre utover i dette tidsrommet.<sup>55</sup> Frå Kongespeilet høyrer me om kongen at:

For han er så høyt opphøyet og æret på jorden at alle skulle bøye seg for ham og holde seg til ham som til Gud sjølv. Han har også så stort velde at han råder for levedagene til hver mann som er i hans rike, slik som han vil. Han lar drepe den som han vil, og lar leve den som han vil. Men det har jeg sett at hvis en mann blir en annens bane, da har alle rettfærdige folk uvilje mot ham siden som mot en hedensk mann. Det er kalt en stor synd å drepe en mann, og den som gjør det, får stor botsstraff og mye pine før kristne menn atter vil ta ham opp i sitt samfunn. (...) Når nå kongen har fått så stor makt av Gud at alle de manndrap som er gjort etter hans bud, er syndeløse, så tenker jeg han trenger å være allvis og forutseende og rettfærdig i all sin ferd.<sup>56</sup>

Dei fyrste kongane i Heimskringla er absolutt ikkje omtala som slike opphøgde herrar med rett til å straffe. Håkon den gode måtte som kjent bøye seg for bøndene i Trøndelag då dei ville blote, og ikkje ein gong sonen til Halvdan Svarte er lydige mot han; Harald stikk av i saga om Halvdan Svarte saman med ein same som er skulda for å ha stole mat frå Halvdan. Det er meir fokus på kongens hell og personlege eigenskapar i Heimskringla enn på førestellinga om eit embete Gud har gjeve. Til dømes blir Harald Hardrådes død forklart innafor denne målestokken:

Kong Harald Sigurdsson rei omkring fylkingen og mønstret den. Han satt på en svart blesset hest. Hesten falt under ham, så kongen stupte framover og falt av. Han stod fort opp og sa: "Fall er hell på ferden." Da sa den engelske kongen Harald til de nordmennene som var sammen med ham: "Kjente dere den store mannen som falt av hesten der, med den blå

---

<sup>52</sup> Steinsland 2000: s. 156

<sup>53</sup> Steinsland 2000: s. 156

<sup>54</sup> Jón Viðar Sigurðsson 2008: s. 141

<sup>55</sup> Jón Viðar Sigurðsson 2008: s. 143

<sup>56</sup> Kongespeilet: s. 138

kjortelen og den vakre hjelmen?” ”Det er kongen sjølv,” sier de. Den engelske kongen sa da: ”En stor og mektig mann; men nå er det rimeligst at det er ute med lykken hans.”<sup>57</sup> Eit anna eksempel er frå saga om Olav den heilage: ”Han seilte til havs og nordover om høsten; de fikk svær storm i havet, så det så farlig ut, men ettersom de hadde godt mannskap og kongens lykke med seg, så gikk det godt.”<sup>58</sup> Det er tydeleg at Snorre i alle høve prøver å skildre ein herskartype som ikkje lenger var idealet i hans eigen samtid, og han fokuserar mykje på lykke, og forteljingar med svært mykje til felles med ein del norrøne forteljingsmønster og myter.

Myter er altså forteljingar med normerande funksjon som stadig opptre i nye variantar, og som gjerne er eksemplariske forteljingar for å grunnge makta til ei herskarslekt. Me kan sjå mange spor etter dei norrøne mytane i kongesogene, og kanskje er dei mange mytiske elementa i Snorres framstilling av Harald Hårfagres rikssamling del av ei opphavsmyte for Hårfagreætta med utgangspunkt i han, og ei skapingsmyte for kongeriket Norge?

### 1.3 Rikssamlingsmyte?:

Kan ein nytte omgrepet rikssamlingsmyte på Snorre Sturlasons skildringar av Harald Hårfagres rikssamling, og i så fall kvifor? Sidan myter er grunnleggande hovudforteljingar eller motiv, og mytiske mønster gjerne var nytta av mellomalderhistorikarar når dei skulle fortelje om tidlege kongar, vil det vera eit gyldig spørsmål å stille om forteljingane i Snorre si framstilling av rikssamlinga til Harald Hårfagre har fellestrekk med norrøne myter og mytiske mønster frå norrøn kultur, og aktørane me møter der. Eit sentralt punkt er at myter skal vere eksemplariske forteljingar for å grunnge makt, og når norrøne mytiske mønster blir nytta i forteljingane til sagaforfattarane framhevar dette meir tydeleg kva som er meint med forteljingane. Mitt fokus vil vera på korleis Snorre sine skildringar av Haralds liv og gjerningar kan ha vore med på å styrke Hårfagreætta si ære, og underbygge deira posisjon og stilling i samfunnet, samtidig som dei underbygger ei rikssamlingsforteljing der ”Haralds ættland”<sup>59</sup> skulle bli synonymt med Norge.

Harald Hårfagre blir som sagt født etter at begge hans foreldre har hatt strålende draumar om ætta som skal kome etter dei, og draumen til mora blir nytta som rammeforteljing kring Haralds liv og for å forklare hans gjerningar. Med andre ord er hans fødsel varsla i

---

<sup>57</sup> Snorres Kongesagaer: del 2 s. 212

<sup>58</sup> Snorres Kongesagaer: s. 221

<sup>59</sup> Snorres Kongesagaer: Del 2 s. 124

openberringar før han kom til, og hans rolle blir spådd allereie før han vart fødd. Desse er på ingen måte dei einaste profetiske draumane i Heimskringla, men det er ingen andre som blir vektlagt på same måten som dronning Ragnhilds draum, og får same funksjonen som den. Å ha ei forteljinga som fungerer som rammeforteljing om Haralds liv samtidig som den varslar alle framtidig kongar av hans ætt, og avsluttar med at av denne ætta har Norges kongar vore sidan, er eit viktig litterært verkemiddel, og gjer til at det blir noko spesielt med Harald heilt frå starten. Det er vanleg i mytiske forteljingar at ein får varsel og teikn dersom ein veldig betydingsfull person snart skal kome til, eller noko heilt spesielt kjem til å skje. Om alle andre forteljingar om Harald Hårfagre i saga hans hadde vore heilt nøytrale, hadde ein framleis kunne tala om ei rikssamlingsmyte berre på grunn av ordlyden i skildringa av draumane til Halvdan og Ragnhild.

Harald skal ha take over kongedømmet etter far sin då han var berre ti år gamal, og etter at faren har fått ei høgst merkverdig gravferd. Forteljinga om korleis Halvdan skulle ha fått fire forskjellige haugar har ein tydeleg mytisk parallell i forteljinga om korleis verda vart skapt. At ei skildring ved byrjinga av forteljinga om korleis eit rike vart til har mykje til felles med myta om korleis verda vart til, er truleg ikkje tilfeldig, og er også med på å underbygge Haralds spesielle posisjon.

Harald sjølv kan også kjenneteiknast ved hans forhold til kvinner, som han skal ha hatt mange av. I norrøn mellomalderskriving var heltens forhold til kvinner eit av dei områda der det var mest vanleg å nytte mytiske mønster og motiv i forteljinga, og eit av dei tema som vart vektlagt i historieskrivinga. Det er ikkje det minste underleg at familieforholda rundt Harald har ei så viktig rolle i rikssamlingsmyten, sidan det tross alt var av desse barna seinare kongar skulle kunne hevde slektskapen til Harald ved, og dermed kunne legitimere si rett på den norske trona. Dei forskjellige kvinnehistoriene knytt til Harald er av forskjellig lengde, med forskjellig fokus, men forteljingane om Gyda og Snøfrid har også mange fellestrekk med forteljingar frå den mytiske verda, og sjølv om dei andre historiene ikkje har direkte parallellar med myter, så er barna fødd av desse forholda og deira etterkommarar svært viktige for den vidare historia i Heimskringla.

Eg meiner ein i Heimskringlas versjon av rikssamlinga finn klare teikn på at framstillinga er meint som skapingsmyte for kongeriket Norge og opphavsmyte for Hårfagreætta: I den Yngre Edda blir verda skapt ved at Odin og brørne hans delar opp kroppen til urjotnen, Yme, og

bygger verda av hans kropp.<sup>60</sup> I Heimskringla er Haralds maktgrunnlag arva hans etter faren, Halvdan, som etter sin død fekk sitt lik delt opp i fire, og slik skulle ha fått fire gravhaugar. Fire veldig store monument i landskapet som symboliserte makt og eigedom, og som kan ha vore gjenstand for utøving av ritar i samband med norrøn religionsutøving. Opphavsmysten for slekta til Harald finn me i eddadiktet Skirnesmål, som fortel om korleis Frøy frir til jotunkvinna Gjerd.<sup>61</sup> Ladejarlane skal på tilsvarande måte ha hatt sitt opphav i forholdet mellom Odin og jotunkvinna Skade.<sup>62</sup> Harald Hårfagre giftar seg også med ei utgardskvinne, samejenta Snøfrid, og frå dette forholdet skulle den greina av Hårfagreætta som sat med makta frå og med Harald Hardråde (1045-1066) til den siste norske kongen, Olav IV Håkonsson (1380-1387), ha si avstamming. Det vil seie at den norske kongen på den tida Snorre skreiv Heimskringla, Håkon Håkonsson, skal ha stamma frå Snøfrid, og forteljinga om forholdet mellom Harald og henne blir då ei veldig spennande opphavsmyste for kongens slekt med klare mytiske førebilete frå de norrøne gudeheimen.

I Snorre si framstilling er det tydelege teikn på at det er noko spesielt med Harald Hårfagre allereie før han er født, og gjennom forteljinga om hans liv og gjerningar blir det skapt eit førebilete som seinare kongar blir halde opp mot, og som legitimerar og underbygger deira makt. Mellom anna skal han ha gjort det til lov at hans ættemenn skulle få kongedøme etter sine fedrar,<sup>63</sup> og ”av hans ætt har alltid kongene i Noreg vært siden.”<sup>64</sup> Han blir på alle måtar skildra som ein merknadsverdig mann, og dei aller fleste forteljingane knytt til hans liv kan vere med å legitimere makta til seinare kongar, og utbygge myten kring han som rikssamlaren. Nokre utvalde av desse skildringane skal eg gå nærare inn på i dei neste kapitela, og difor er dei ikkje nærare analysert her, men det er ingen tvil om at forteljinga om Harald Hårfagres rikssamling i Heimskringla fortener definisjonen ei rikssamlingsmyste.

Rikssamlinga til Harald Hårfagre var neppe så omfattande som Snorre vil ha oss til å tru, og han var ikkje den einaste rikssamlaren i tidleg norsk i historie, og heller ikkje ein person som greidde å skape ei varig samling av dei område han etter sigande skulle ha lagt under sin kontroll. Men i framstillinga til Snorre er det han som er den klare og sentrale rikssamlaren, og i denne samanhengen er det eit hovudpoeng. Soga om Halvdan Svarte kan sjåast som ei

---

<sup>60</sup> Den Yngre Edda: s. 24- 27

<sup>61</sup> Steinsland 2005: s. 403

<sup>62</sup> Steinsland 2005: s. 406

<sup>63</sup> Snorres Kongesagaer: s. 70-71

<sup>64</sup> Snorres Kongesagaer: s. 78

innleiing til saga om sonen,<sup>65</sup> og sjølv om også han får æra for å ha samla seg store område, er det sonen Harald herskarslekta er oppattkalla etter. Harald er uansett ein langt større karakter i Heimskringla enn faren, og hans bedrifter blir sett langt høgare. Umiddelbart etter sin fars død må Harald i følgje saga kjempe på mange frontar for å sikre seg riket faren hadde hatt. Det er ingen glatt overgang frå den tilsynelatande så høgt verdsette Halvdan til Harald. Harald må kjempe for makta, truleg for å vise seg verdig. Mens kongane på 1200-talet var innehavarar av eit embete basert på arv og guddomleg legitimitet, må dei tidlege kongane i Heimskringla grunnjeve si makt på bakgrunn av sitt hell, og sine personlege ferdigheitar og eigenskapar. Forteljingane om Harald Hårfagres liv fungerer som eksemplariske forteljingar som grunnjev makta til hans etterfølgjarar, og som sjølvstøtt også legitimerar hans eigen makt (for elles hadde det vore ein dårleg grunnjeving av makta til ætta hans). Det at Harald må kjempe, tilsynelatande lenge og hardt om makta i Norge, må vera nødvendig for å kunne setje bragdene og resultatane hans så høgt at dei seinare kongane kunne rekne det for så viktig å ha han som sin stamfar, og sjå han og hans liv og gjerningar som legitimitet for si eiga makt.

Samanlagt kan ein seie at det mytiske ved rikssamlingsmyten er ikkje myten om opphavet til Hårfagreætta, men ei myte om Harald Hårfagres gjerningar og person som legitimitet for makta til seinare kongar som kom av hans ætt. Rikssamlinga til Harald var ganske sikkert ikkje så omfattande som Snorre vil ha det til,<sup>66</sup> men han er den me trur at rikssamlingsprosessen byrja med. Og sjølv om Halvdan Svarte sikkert la under seg ein del område, så ser ein gjerne meir på han som den som la fundamentet for Haralds byggverk, og hans søge mest som ei innleiing til saga om Harald. Det er mange element i sogene om Halvdan Svarte og Harald Hårfagre som etter mi meining legitimerar å kalle forteljinga om Haralds rikssamling for ei myte; sentrale profetiske draumar, lagnadsfigurar som kjem inn og endrar hendingane radikalt, merkverdige gravleggingar og skildringar med sterk symbolsk tyding. Om ein tek utgangspunkt i at myter gjerne hadde form av eksemplariske forteljingar som skulle legitimere makta og posisjonen til slekter, så er det utruleg mykje i desse forteljingane og eksempla ovanfor som må i aller høgaste grad ha kunne hatt denne funksjonen. Heidendommen hadde ikkje noko ideologisk grunnlag for ei overordna og sterk kongemakt,<sup>67</sup> men mytiske mønster og forteljingar frå den førkristne kulturen skin gjennom i historieskrivinga til mellomalderen, og er dermed med på å skape kontinuitet, og underbygge

---

<sup>65</sup> Jørgensen 2008

<sup>66</sup> Jón Viðar Sigurðsson 1999: s. 67-68

<sup>67</sup> Steinsland 2000

makta til kongane me møter i kongesogene. Det er fleire forteljingar i Snorres historie om Harald Hårfagre som har mykje til felles med myter, men eg trur ikkje han er den einaste kongen ein kan seie dette om. Eg held med Steinsland, og meiner at mytiske mønster er å spore i fleire av sogene i Heimskringla, og at dette høyrde til mellomalderhistorikaranes måte å skildre fortida på. Sidan dei viktigaste mytiske forteljingane rundt ein herskar gjerne var knytt til hans fødsel, død og hans forhold til kvinner, så kjem dei følgjande episodane frå Snorres forteljing om Haralds Hårfagres liv til å bli analysert nærare i dei neste kapittela: Dei profetiske draumane frå Halvdan Svartes Saga, Halvdans død og hauglegging, forteljingane om Gyda og Snøfrid, førestillingar knytt til odelsomgrepet og Harald, hårmotivet i saga om Harald og hauglegginga av Harald Hårfagre.



## Kapittel 2 – Halvdan Svarte- innleiing til forteljinga om riksamlaren Harald Hårfagre.

Halvdan Svartes saga er den fyrste i Heimskringla som handlar om ein konge, men mykje av saga er via til skildringar og spådommar kring sonen, Harald, og derfor får skildringane derifrå ei sentral rolle i ei framstilling av dei mytiske forteljingane knytt til rikssamlinga. Halvdan er ingen stor person i Heimskringla, saga om han er knappe sju sider med tekst, og me får ikkje veldig mykje informasjon om Halvdan, korkje som konge eller som person. Men skildringane der, særleg draumen til dronning Ragnhild og hauglegginga av Halvdan, er viktige fundament for forteljinga om rikssamlaren Harald Hårfagre, og derfor skal eg gå inn på desse forteljingane her.

Dette kapittelet skal samanlikne og analysere skildringane i Heimskringla fyrst og fremst opp mot dei i Ågrip, Historien om de gamle norske kongene, Den eldste Noregs-historia og Fagerskinna. Dette er norrøne kjelder som tek for seg (eller har teke for seg) omtrent det same tidsrommet i norsk historie som Heimskringla, og ved å samanlikne Snorres tekst med eldre tekstar han kan ha nytta som kjelder, er det mogleg å vurdere om inntrykket er at Snorre arbeida mest som redaktør i arbeidet med å sette saman og skrive Heimskringla. Eg vil byrje med å understreke at ikkje i nokon andre av dei viktige kjeldene for denne oppgåva er det i nærleiken av like mykje detaljar og informasjon som i Heimskringla. Og sidan mange av Snorre sine kjelder er gått tapt sidan han hadde tilgang til dei, er det ikkje i alle tilfelle ein kan få direkte svar på problemstillinga. Målet er å kunne samanlikne skildringar, men også hovudintrykk, og dermed freiste å kome fram til noko.

### 2.1 Skildringa av dei profetiske draumane i Heimskringla:

I Halvdan Svartes Saga har både Halvdan og Harald Hårfagres mor, Ragnhild, storslegne draumar før Haralds fødsel om ætta som skal kome etter dei:

Dronning Ragnhild drømte store drømmer. Hun var ei klok kvinne. Engang drømte hun at hun syntes hun stod ute i hagen sin og tok en torn ut av serken. Og mens hun stod og holdt på den tornen, vokste den slik at den ble en lang tein, og den ene enden nådde jorda og ble strakt rotfast, og like etter var den andre enden av treet høyt oppe i lufta; så syntes hun treet var så stort at hun nesten ikke kunne se toppen på det, og det var et under så tjukt som det var; nederste delen av treet var rødt som blod, og treleggen oppover var fager og grønn, men oppe i greinene var det snøhvitt; det var mange store greiner på treet, noen langt oppe og noen langt nede, og greinene var å store at hun syntes de bredde seg over hele Norge og enda lenger.<sup>68</sup>

---

<sup>68</sup> Snorres Kongesagaer: s. 44

Halvdan har ein tilsvarande draum der han har fått kjempelangt hår med mange lokkar, og der nokon lokkar var lange og vakre, mens ei overstråla dei andre. Greinene og lokkane skulle representere kongane som kom av ætta etter dei, og den strålende lokka vart tyda til å skulle vere Olav den heilage.<sup>69</sup> I saga kjem Harald Hårfagres fødsel i etterkant av draumane Halvdan og Ragnhild hadde om slekta som skulle komme etter dei. Draumane er i oppbygginga av forteljinga knytt til Harald, dei varslar indirekte hans fødsel ved å spå kongsætta som skulle koma etter han. Ragnhilds visjon fungerer i tillegg som rammeforteljing for dei to sogene, og knyt alle seinare kongar av Hårfagreætta til Harald. Tolkinga av hennes draum på slutten av saga om Harald Hårfagre forklarar heile hans liv og gjerningar, samtidig som draumane lagar to visuelle disposisjonar for resten av Heimskringla; dei seinare kongane og den kongelege ætta er greinene som strekkjer seg ut over landet, og samtidig lokkar av ulikt slag, det vil seie at ikkje alle kom til å bli like vakre, langtlevande og viktige. Mens draumen til Ragnhild tek for seg det samlande ved Hårfagreætta, altså at det kjem til å bli ei kongsætt som strekkjer seg utover landet, så viser draumen til Halvdan oss skilnadane mellom dei enkelte kongane i ætta etter Halvdan, og fyrst og fremst kor viktig Olav den Heilage skulle bli samanlikna med alle dei andre. Med desse skildringane gjev Snorre si framstilling oss to bilete ein ikkje har vanskar med å sjå for seg, lokkar i eit fleirfarga hår med forskjellige lenger, og greiner som strekkjer seg ut over, og kanskje også famnar om heile landet. Draumane varslar storstilte gjerningar, og ei stor og ærerik ætt. Sidan dei begge kjem rett før Harald skal ha vorte fødd, er det tydeleg at dei refererar til han, særleg også fordi han i saga er det einaste barnet til Halvdan og Ragnhild. Draumane skal varsle store hendingar, og ei stor og ærerik framtid.

Når nokon drøymmer i Heimskringla har ofte draumen eit religiøst preg, eller eit religiøst budskap, til dømes draumane til Olav den heilage rett før slaget på Stiklestad, eller draumen som førte til at han reiste for å ta over den norske trona:

Mens kong Olav lå i Karlså og ventet på bør og tenkte å seile til Norvasund og derfrå vidare til Jorsalaheim, så drømte han en merkelig drøm. Det kom en mann til ham, en slik som en legger merke til, kraftig, men skremmende også; mannen talte til ham og bad ham gi opp det han hadde fore, å dra vidare ut i landene. ”Dra tilbake til odelen din, for du skal blir konge over Norge til evige tider.” Denne drømmen la han ut slik at han skulle blir konge over landet, og hans ætt etter ham i lange tider.<sup>70</sup>

Draumane i saga om Halvdan Svarte på den andre sida har ikkje ein primært religiøs karakter, og bind saman heile verket ved at alle kongar som seinare kom av hans familie er introdusert. Frå skildringa av Halvdan sin draum høyrer me at: ”Han fortalte Torleiv denne drømmen, og han

---

<sup>69</sup> Snorres Kongesagaer: s. 44

<sup>70</sup> Snorres Kongesagaer: s. 216

tydet den slik: ei stor ætt skulle komme av ham, og den skulle rå land og rike med stor heder, men ikke alle av ætta med like stor.”<sup>71</sup> Også frå Snorre si tolking av Ragnhilds draum finn me eit likelydande motiv: ”kvistene og greinene på treet varslet om hans avkom, som skulle bre seg over heile landet, og av hans ætt har alltid kongene i Norge vært siden.”<sup>72</sup> Me får altså klart høyre at det skal koma ei stor og mektig ætt av kongar etter Harald Hårfagre (og Halvdan Svarte), og sjølv om alle desse ikkje var like lange og kraftige greiner, eller like lange og flotte lokkar i håret til Halvdan, så skulle kongane i Norge stamme frå denne familien, slik at deira komme blir varsla allereie i den fyrste saga i Heimskringla som handlar om ein enkeltkonge. Den viktigaste kongen av denne ætta skulle sjølvstakt bli Olav den heilage, og å kome med varsel om helgenkongen skulle ein tru at hadde vore sentralt i samanbindinga av Heimskringla, men bortsett frå den nemnte skildringa, vier Snorre dette overraskande lite plass tidleg i verket. Draumane spelar ei sentral rolle i oppbygginga, ikkje berre av dei to sogene som blir fokusert på her, men av heile Heimskringla ved at dei strekkjer seg framover og famnar om framtidige kongar av Haralds ætt.

## 2.2 Draumane til Halvdan og Ragnhild i dei andre kjeldene:

I Ågrip manglar me fyrste sida/delen (me veit ikkje nøyaktig kva), og saga byrjar med desse orda om Harald Hårfagre: ”Deretter vart han teken til einekonge. Han kallast Harald Luva då, for han var ikkje hårfager på den tid.” Forteljinga om Halvdan Svartes liv som me finn i Den eldste Noregs-historia, Fagerskinna og Heimskringla, har me ikkje i Ågrip, men det er teikn på at han truleg er tala litt om også der; Ågrip, Fagerskinna og Heimskringla høyrer i stor grad saman i forhold til tidsavgrensing, og lenger nede på fyrste sida i Ågrip, slik kjelda står fram no, høyrer me om korleis Halvdan døydde. Totalt inneheld heile Ågrip berre skildringa av ein profetisk draum; visjonen av Olav den heilage som Magnus den gode skulle hatt før slaget ved Lyngskoghei.<sup>73</sup> Ågrip er som sagt ei knapp kjelde, og det ser ikkje ut til at slike skildringar er prioritert i Ågrip sitt utval av episodar.

Ei direkte samanlikning med Ågrip er diverre ikkje veldig nytting for denne oppgåva, men eg meiner det godt kan ha vore ei nemning av ein slik draum eller liknande i den fyrste delen som har gått tapt, og dersom ein ser på Fagerskinna kan ein tydeleg sjå at det ikkje berre var Snorre si oppfatning at slike draumar var viktig i ei historisk framstilling, eller eit sogeverk. Men av

---

<sup>71</sup> Snorres Kongesagaer: s. 44

<sup>72</sup> Snorres Kongesagaer: s. 78

<sup>73</sup> Ågrip: s. 56-57

kjeldene er det berre Fagerskinna som støttar Heimskringla noko særleg på dette punktet. Theodricus munk byrjar ikkje si historie med Halvdan Svarte, og derfor er einaste gongen han blir nemnt i presentasjonen av Harald Hårfagre, som hans far. Og heller ikkje i den Eldste Noregs-historia er det noko skildring av draumar som varslar eit kongeætt som skal koma.

I soga om Halvdan Svarte i Heimskringla har hovudpersonen som sagt ein draum som skal varsle ætta etter han, der ein av dei viktigaste sjølvsgagt kom til å bli Olav den heilage:

Kong Halvdan drømte aldri. Han syntes det var merkelig, og gikk til en mann som het Torleiv Spake og fortalte det og bad om råd, spurte om han kunne gjøre noe ved det. Torleiv sa kva han sjøl brukte å gjøre når det var noe han gjerne ville vite; han la seg til å sove i et grisehus, og da slo det aldri feil at han drømte.

Kongen gjorde dette, og så hadde han denne drømmen: han syntes han hadde fått langt hår, og hele håret hang i lokker, noen lokker var så lange at de rakk til jorda, andre til midt på leggen, noen til knes, noen til hoftene, noen til midt på livet, noen til halsen og noen var ikke meir enn så vidt kommet opp av hausen, likesom små horn. Lokkene hadde alle farger, men én lokk vant over alle de andre, så fager og lys og stor var den.

Han fortalte Torleiv om denne drømmen, og han tydet den slik: ei stor ætt skulle komme av ham, og den skulle rå land og rike med stor heder, men ikke alle av ætta med like stor. Og én skulle komme av hans ætt, som skulle bli større og gjævere enn alle de andre, og det tror folk for visst at den lokken betydde Olav den hellige.<sup>74</sup>

Til skilnad frå dei andre kjeldene, som ikkje er veldig oppteke av profetiske draumar, så høyrer me ganske mykje om Halvdans draum i Fagerskinna:

En ting var underlig med Halvdan: han drømte aldri. Dette bar han fram for den mann som het Torleiv Spake, og søkte råd om kva han skulle gjøre ved det. Torleiv sa hva han hadde for skikk når han ønsket kunnskap forut om en ting: han gikk i et svinebol og sov der, og da slo det alltid til at han drømte. Kongen gjorde dette, og han fikk da denne drøm: Han syntes at han hadde stort hår, og håret var fullt av lokker. Noen lokker var så side at de rakk ned til jorden, noen til midt på tykk-leggen eller til kneet eller til midjen: men noen rakk ikke lenger enn til halsen, og noen var bare såvidt sprunget ut av hodebunnen som hornknuter. Lokkene hadde alle slags fargen, men én lokk var fagrere og lysere enn alle de andre.

Denne drøm fortalte han til Torleiv, og Torleiv tydet den slik at han ville få stort avkom, og hans ætt ville råde for landene med megen heder; men like stor ære skulle ikke bli alle til del. I hans slekt ville det komme én som var større enn alle andre. Og det han menn holdt for sant, at denne lokk bar bud om den hellige Olav, som er helligere og meir strålende både i himmelen og på joden ann alle andre konger i Norge, etter hva folk vet.<sup>75</sup>

Likskapane mellom skildringane av draumen til Halvdan Svarte i Heimskringla og Fagerskinna er slåande, ikkje berre verkar det tydeleg som ein del formuleringar er omtrent direkte avskrivne, men også lengda på avsnitta: skildringa frå Heimskringla har 219 ord, mens skildringa frå Fagerskinna har 229, og viss ein trekk frå den siste omtala av Olav den heilage (som er på 22 ord), sit Fagerskinna att med 207 ord i forteljninga om Halvdan Svartes draum. Dette er meir enn

---

<sup>74</sup> Snorres Kongesagaer: s. 44

<sup>75</sup> Fagerskinna: s. 14-15

berre likskap i form og tradisjon, det er kopiering. Så her er det heilt tydeleg og klart at Snorre Sturlason på ingen måte sjølv har dikta opp denne draumen for at den skal passe inn i hans forteljing om dei norske kongane, han har skrivi den av frå Fagerskinna, som blir rekna for å vere noko eldre enn Heimskringla. Ut frå skildringane av denne episoden er det ikkje mogleg å vurdere Snorre som ein som dikta fritt opp alle forteljingane han skreiv. Her har han heilt tydeleg rett og slett take eit heilt avsnitt omtrent direkte frå Fagerskinna, og skrivi det inn i teksten sin. Detaljane her er alt for like til at det samanfallande kan vere tilfeldig og utrykk for same tradisjon. Her har Snorre henta ei forteljing frå ei anna soge, så limt den inn i sitt verk, og med slik kjeldebruk er det tydeleg at Snorre, i alle fall i forhold til denne forteljinga, har arbeida som ein redaktør. Men nokon draum frå Ragnhild si side høyrer me ikkje noko om, og det er ikkje noko teikn på ei framstilling som er i nærleiken av å ha den same samanbindande funksjonen i Fagerskinna som draumen til Ragnhild har i Heimskringla.

Som ein heilskap nyttar Fagerskinna utruleg mykje plass til Halvdans draum i forhold til kor mykje som står om han. Det står kven han skulle vore son av, familiesituasjonen hans – hans to koner med namnet Ragnhild, og hans to soner med namnet Harald, og så korleis han hadde denne draumen og døydde. Til saman ville heile forteljinga om Halvdan i Fagerskinna knapt dekke ei side i mi utgåve av Heimskringla dersom ein ser på skriftstorleik og kor mykje informasjon ein vanlegvis finn på ei vanleg side. Dette tydar på at forteljinga må ha vore sett på som svært viktig av norrøne mellomalderhistorikarar, og det er tydeleg at Snorre også har vurdert det slik og innlemma omtrent ordrett denne historia i Heimskringla.

Profetiske draumar er noko som høyrer heime i mytanen og religionens verd, eller i den verdslege verda om budskapet i draumen er religiøs eller dreiar seg om ein beskjed frå Gud eller ein helgen. Likevel er det direkte innhaldet i draumane frå saga til Halvdan Svarte relativt verdsleg, og det er også tilfelle med ein del av dei andre profetiske draumane i Heimskringla. Til dømes blir Harald Hardrådes nederlag i England i 1066 varsla av fleire uhyggeleg draumar.<sup>76</sup> Ein profetisk draum som ser ut til å vera ein gjengangar i kjeldene er draumen Magnus den gode har om sin far rett før slaget ved Lyngskoghei. Denne forteljinga finst i alle sogene med unntak av Den eldste Noregshistoria (som sluttar med Olav Haraldsson).<sup>77</sup> Men draumane til Ragnhild og Halvdan er ikkje gjengangarar i kjeldene.

---

<sup>76</sup> Snorres Kongesagaer: del 2 s. 206-208

<sup>77</sup> Snorres Kongesagaer: s. 140-142, Ågrip: s. 56-57, Fagerskinna: s. 221 og Historien om de gamle norske kongene: s. 74-75

Korkje i Ågrip, Historien om de gamle norske kongene eller Den eldste Noregs-hisotria er det profetiske draumar som varslar korkje rikssamling eller Olav den Heilages framtidige storleik. I Fagerskinna er det berre Halvdan Svarte som drøymmer, og hans draum handlar ikkje direkte om rikssamling i geografisk forstand, meir om kongeætta, og sjølv om Ragnhilds draum sjølv sagt også handlar om kongeætta, er det geografiske elementet, i tillegg til slektsaspektet, vektlagt i hennes visjon. Hovudskilnadane i dei visuelle bileta presentert av dei to draumane er at Halvdans draum spår skilnadane på dei forskjellige kongane av ætta, mens Ragnhilds draumar viser korleis desse kongane skal strekkje seg ut over heile landet, og dermed skal binde det saman. Ragnhilds draum er eit ledd i myten om skapinga av Norge, medan Halvdans fell saman med forteljinga om Snøfrid til å vere bestanddelar i opphavsmysten til Hårfagreætta.

Framstillingane av Halvdans draum er veldig like i Fagerskinna og Heimskringla, og viser klart at dei i det minste høyrer til same tradisjon, men mest truleg er eksempel på avskrivning, uansett har Snorre på ingen måte dikta den opp sjølv. Denne draumen er viktig i forhold til å spå ætta som skal koma, men ikkje så sentral i Heimskringlas rikssamlingsmyte som Dronning Ragnhilds draum, som jo ikkje er med i Fagerskinna. Draumen til Halvdan er viktig i Heimskringla som heilskap fordi den er med på å binde den fyrste delen av Heimskringla direkte saman med saga Snorre nyttar mest plass og flest ord på, den om Olav den Heilage.<sup>78</sup> Når ein ser på plassen Halvdans draum tek opp i Fagerskinna opp mot kva som i det heile står fortalt om denne kongen, så kjem ein ikkje utanom at dette må for opphavsmannen til dette verket ha vore ei veldig viktig skildring, og eg vil tru av dette er eit eksempel på at det er skilnad mellom kva som Fagerskinnas forfattar syns var vesentleg, opp mot kva Snorre har meint: Ut frå denne draumen er inntrykket at Fagerskinna er oppteke av dei enkelte kongane, mens i Heimskringla er det eit viktig poeng å binde dei saman.

I framstillinga av Halvdans draum viser Snorre seg heilt klart som vidareformidlar av forteljingar knytt til Harald Hårfagre, men denne draumen kan ikkje i like stor grad sjåast som ein sentral del av Heimskringlas rikssamlingsmyte som Ragnhilds. Det er hennes draum som bind sogene om Halvdan Svarte og Harald Hårfagre saman, og som etter mitt syn heilt klart rettferdiggjjer å vurdere dei to under eitt. Jon Gunnar Jørgensen ser heile saga om Halvdan Svartes som ei innleiing til historia om Hårfagreætta og det norske riket for å gje legitimitet til denne

---

<sup>78</sup> Snorres Kongesagaer

kongeætta.<sup>79</sup> Skildringa av draumen til Ragnhild er eit godt argument for å støtte seg til denne tankegangen; dei to sogene er bunde saman av forteljinga, noko som gjer til at Halvdan Svartes soge i mindre grad enn Haralds kan seiast å vere ei frittståande og sjølvstendig forteljing. Men er skildringa av Dronning Ragnhilds draum konstruert av Snorre for å legitimere framstillingane av desse to kongane som ei historie (vel og merke oppdelt i to sagaer)? Ein skulle ikkje tru det ut frå det faktum at også Ågrip, Den eldste Noregs-historia og Fagerskinna alle byrjar med Halvdan Svarte. Ågrip, Fagerkinna og Heimskringla høyrer truleg til den same tradisjonen, og er ulike utformingar av det same konseptet: nemleg ei framstilling av Hårfagre-ætta frå byrjinga av rikssamlinga til slaget på Re, ei framstilling der Harald er grunnleggaren av dynastiet og Halvdan Svarte er med for å legitimere det opphavlege maktgrunnlaget til denne ætta.<sup>80</sup> Ragnhilds draum er såpass sentral i framstillinga at ein godt kan forstå eit ynskje om å skape ei slik forteljing for å vere med på å forme strukturen på eit storverk. Men samtidig nettopp fordi denne skildringa er nytta så aktivt har eg vanskar for å sjå for meg at Snorre, som framheva at han ynskte å framstå som truverdig, sjølv ville fabrikkert ei slik framstilling og tord å nytte den såpass mykje. Ein sogeforfattar skulle freiste å fortelje sanninga, og ei usann forteljing om forfedrane sine, sjølv om den var aldri så heltemodig, var ingen til ære. Noko som kanskje er spesielt påfallande her er at ikkje ein gong nokon av dei yngre kjeldene eg har nytta litt i samband med denne oppgåva, den yngre utgåva av Fagerskinna og Flateyjarbók, har med nokon draum frå dronning Ragnhild i si framstilling av Harald Hårfagre og Halvdan Svarte.<sup>81</sup> Snorre er altså den einaste eg kjenner til som presenterar denne forteljinga, eller noko tilsvarande i samband med Harald.

Det er gode argument både for og mot om Snorre på akkurat dette var vidareformidlar eller aktiv skapar, men etter mitt syn var han også her ein vidareformidlar; me kjenner på langt nær alle hans kjelder, og dei me har er veldig knappe. For mykje av det Snorre skriv samsvarar i så stor grad med Ågrip og Fagerskinna til at ein kan uansett ikkje kan vurdere Snorre som ein sjølvstendig diktar eller skapar av mytehistorie, ut over den funksjonen at ein kvar som vel ut hendingar ein skal skildre i sitt verk dermed har aktivt vore med på å forme den seinare kulturen, og derfor vil måtte kallast ein myteskapar. Historie, både ny og gamal, er kultur, skapar kultur og kulturen formar historia.

---

<sup>79</sup> Jørgensen 2008: s. 5

<sup>80</sup> Jørgensen 2008: s. 5

<sup>81</sup> Flateyjarbók: s. 561-583

## 2.3 Hauglegginga av Halvdan Svarte i Heimskringla:

I Heimskringla høyrer me om korleis maten med eitt forsvann frå bordet i eit julegjestebod

Halvdan var i, at ein ”finn” då vart pint for å fortelje kva som hadde hendt, og at Harald stakk av frå farens vrede saman med denne finnen.<sup>82</sup>

Da de hadde vært der til ut på våren, var det en dag høvdingen sa til Harald: ”Det var svært så faren din tok seg nær av at jeg tok litt mat frå ham her i vinter; men deg skal jeg lønne med et gledelig bodskap. Far din er død, og nå skal du reise hjem, da skal du få hele riket han har hatt, og dessuten skal du vinne hele Norge.”<sup>83</sup>

Ein får verkeleg kjensla av at forholdet mellom far og son ikkje har vore av beste sort ut av denne forteljinga, og den er merkeleg. Men til samanlikning er hauglegginga av Halvdan Svarte noko av det mest spesielle ein kan lese om i heile Heimskringla;

Han hadde vært så årsæl en konge. Folk sørget så over ham, og da det ble kjent at han var død, og at liket var ført til Ringerike og skulle gravlegges der, kom det stormenn fra Romerike og Vestfold og Hedmark, og alle krevde de å få liket med seg og hauglegge det i sitt fylke; alle trodde at de skulle få godt år om de fikk det. De ble forlikt på den måten at de delte liket i fire deler; hodet ble lagt i haug på Stein på Ringerike, og hver av de andre tok sin del med seg hjem og haugla den der, og alle disse haugene heter Halvdanshauger.<sup>84</sup>

I norrøne myter høyrer ein mykje om ein helts spesielle lagnad, og ofte merkelege død. Noko me til dømes har mange eksempel på frå Ynglinge-saga. Og forteljinga om korleis Halvdan Svarte gjekk gjennom isen på Randsfjorden kan på alle måtar reknast som ein merkeleg lagnad. På grunn av avføring frå dyr som hadde varma opp og laga sprekkar i isen, gjekk altså han og hans følgje gjennom isen og han mista livet der saman med ”en mengde mennesker”.<sup>85</sup> Men skildringa av hans gravlegging er truleg det mest spesielle med denne forteljinga. Halvdans død er på ingen måte ærefull, men likevel skal han altså ha fått slike gravferder. Ein får inntrykket av at han kan ha vorte forbanna av samnen som Harald stakk av med, eller noko liknande, for hans død ber alle teikn av lykke som har teke slutt, eller mytisk lagnad som slår til.

## 2.4 Hauglegginga av Halvdan Svarte i dei andre norrøne kjeldene:

I Heimskringla blir Halvdans død fortald slik:

Halvdan Svarte kjørte frå veitsle på Hadeland, og vegen hans falt slik at han kjørte over Randsfjorden; det var om våren; det var varmt av sola og det tinte godt. Og så kjørte de over Røykenvik, der hadde de brukt å vanne buskapen om vinteren, og der det var kommet møkk på isen, hadde det gravd seg hull av solvarmen. Da nå kongen kjørte over der, brast isen under ham, og der druknet konge Halvdan og en mengde mennesker. Da var han førti år gammel.<sup>86</sup>

Til samanlikning er skildringa i Ågrip slik:

---

<sup>82</sup> Snorres Kongesagaer: s. 45-46

<sup>83</sup> Snorres Kongesagaer: s. 46

<sup>84</sup> Snorres Kongesagaer: s. 46-47

<sup>85</sup> Snorres Kongesagaer: s. 46

<sup>86</sup> Snorres kongesagaer: s. 46



Men såleis vart avferda til Halvdan: Han var på veitsle på Hadeland, og då han køyrde frå veitsla i slede, drukna han i Røykenvik i Randsfjorden, ein stad som det var eit hol i isen til å vatne feet i. Sidan vart han ført til Stein på Ringerike og hauglagt der.<sup>87</sup>

Desse skildringane har mykje til felles, og dersom ein ser omfanget til Ågrip mot storleiken til Heimskringla er det utruleg kor mykje som er likt i dei to skildringane. Begge stader er det sagt at han er på veg frå veitsle på Hadeland, begge stader står det at han køyrde over Randsfjorden, begge stader er staden Røykenvik presisert, begge stader er det tale om hol i isen pga vatning av husdyr, og begge stader er Stein på Ringerike den einaste presiserte gravstaden hans. Men nokon firedeling av liket hans, og nokon andre teikn på ei spesiell gravferd finst ikkje i Ågrip.

Son hans, Halvdan med tilnamnet Svarte, fekk rike på Opplandet etter far sin; da han ei natt som han fór heim ifrå eit gjestebod med vogner og mykje hestfolk, køyrde han over isen på eit vatn som heiter Randsfjord, kom han av vanvare ut i ei råke der hjurdingane bruka vatne buskapen sin, og miste livet under isen.<sup>88</sup>

Denne skildringa frå Den eldste Noregs-historia har ikkje fullt like mykje til felles med Heimskringla, som Ågrip, men har mykje av dei same detaljane likevel. Mest til skilnad frå dei andre to er at det ikkje er nemnd nokon hauglegging i denne kjelda, men det er i grunn litt pussig, dersom ein ser på skildringane, at Halvdan Svarte i det heile skulle ha fått noko gravlegging: Han gjekk gjennom utrygg is og drukna i Randsfjorden, som ikkje akkurat er ein hagedam, og likevel skal dei ha fått tak i liket hans og fått frakta det til hauglegging? Det blir fortalt oss i Heimskringla at ei mengde folk drukna der saman med han, og også i dei andre kjeldene får me inntrykket at han på ingen måte var aleine i si ferd over isen. Men likevel skal nokon i dette kaoset, som eg vil tru det må ha vore dersom dette eller noko tilsvarende ha hendt, altså ha fått tak på kongen etter at han hadde mista livet, og drege han til overflata? Ei logisk innvending mot min kritikk på dette området ville vore at ein kunne ha kome over liket hans etter all isen hadde forsvunne om våren, og det kan faktisk ha hendt, men eit langvarig søk etter kongens lik høyrer me ikkje noko om i nokon av kjeldene. I Heimskringla blir det berre sagt at: ”da det ble kjent at han var død, og at liket var ført til Ringerike og skulle gravlegges der, kom det stormenn frå Romerike og Vestfold og Hedemark...”<sup>89</sup> Ei slik skildring gjev ikkje inntrykk av noko tidsspenn mellom dødsbodskapet og likferda. Skildringa av hendinga i Den eldste Noregs-historia verkar i grunn meir truleg, og det verkar meir logisk at det kunne ha hendt slik: Halvdan mista liver under isen, og me høyrer naturleg nok ikkje om noko hauglegging av eit lik som eg vil tru ville gått tapt i Randsfjorden. Dersom nokon skulle ha fiska han opp, burde dei kunne greidd det før han drukna, elles ville vekta av våte vinterklede truleg berre ført han til botn

---

<sup>87</sup> Ågrip: s. 19

<sup>88</sup> Den eldste Norges-historia: s. 33-34

<sup>89</sup> Snorres Kongesagaer: s. 46-47

av fjorden. Men hovudpoenget med forteljninga om hauglegginga til Halvdan Svarte i Heimskringla er å gje ei legitimerande forteljing til sonen Harald ved å nytte parallellen til myten om korleis verda vart skapt, og denne oppgåva skal ta utgangspunkt i kva som står i saga om Halvdan, sjølv om skildringane til tider ikkje alltid står fram som dei mest logiske.

I Fagerskinna ser me dei same fellestrekk mellom skildringane som mellom Heimskringla og Ågrip, og alle punkta eg trekte fram i samband med samanlinga mellom dei to, er også å finne i Fagerskinna si framstilling:

Med Halvdans død gikk det slik til: Han var i gjestebud på Hadeland, men da han for derfra i slede, druknet han i Randsfjorden i Røykenvik, kort frå det sted hvor det var en nautbrønn. Siden ble han ført til Stein på Ringerike og hauglagt der.<sup>90</sup>

Skildringane i dei tre sogene (Heimskringla, Ågrip og Fagerskinna) er for like til at det berre kan vere tilfeldig, og ein ser tydeleg, med tanke på tidsspennet mellom hendinga og nedskrivningstidspunktet, at Snorre, berre ut i frå denne skildringa, heilt klart må ha nytta minst eit av dei to verka som kjelde. Etter all sansynlegheit har han nytta begge, og ganske omfattande også. Forteljninga om Halvdans død er fram til sjølvve hauglegginga såpass lik i alle dei fire kjeldene som fortel den at det ikkje kan vere nokon tvil om at dei enten er skrivi av frå kvarandre, eller har hatt ei felles kjelde me ikkje kjenner til.

Forteljninga om Halvdan Svartes død har ein del fellestrekk med forteljninga om hauglegginga av guden Frøy, som i Snorres verd er vorte til ein gude-konge og opphavet til Ynglingeætta, som Halvdan og Harald skal ha tilhøyrt. Også der blir det fortalt at Frøy vart hauglagt på ein litt spesiell måte slik at ”år og fred” skulle halde seg.<sup>91</sup>

Frøy ble sjuk, og da sotten ble verre, tenkte mennene hans ut et råd, og lot få folk komme og se ham; så bygde de en stor haug med dør og tre glugger i. Og da Frøy var død, bar de ham til haugen så ingen visste det, og sa til svearne at han levde, de gjemte ham der i tre år, og all skatten helte de inn i haugen, gullet i én glugge, sølvet i den andre og i den tredje kopperpengene. Da holdt år og fred seg.<sup>92</sup>

Begge haugleggingane har altså det til felles at dei verkar i høgste grad å vera rituelle. Det mest spesielle med hauglegginga av Halvdan i Heimskringla er sjølv sagt oppdelinga av kroppen hans i fire delar. Det er ei forteljing som har ein så stor likskap med forteljinga av skapinga av verda, og det er ei myte eg tydeleg meiner må ha vore Snorres grunnlag for denne forteljinga. François-Xavier Dillmann meiner at Halvdans ekspansjon framleis var skrøpeleg ved hans død, men ved at høvdingane vart einige om kva dei skulle gjere med hans lik

---

<sup>90</sup> Fagerskinna: s. 15

<sup>91</sup> Snorres Kongesagaer: s. 10

<sup>92</sup> Snorres Kongesagaer: s. 10

konsoliderte dei kongemakta.<sup>93</sup> Han trekk fram også skildringa om oppdelinga av Yme frå Snorre-Edda; og at det skal vere nærliggande å tolke delinga av Halvdans lik ved byrjinga av Noregs grunnlegging som ei slags gjentakning av kosmologien, noko eg er heilt einig i.<sup>94</sup> Yme var urjotnen som var opphavet til både gudane og jotnane i norrøn mytologi. Han vart drepen av Odin og brørne hans, og dei nytta kroppen hans til å skape verda:

Dei tok Yme og flytte han midt ut i Ginnungagap og laga jorda av han – av blodet sjøen og vatna; jorda vart laga av kjøtet, og fjella av beina; urer og steinrøysar gjorde dei av tennene og jekslane og av dei knokane som var sundbrotne.<sup>95</sup>

Og slik held det fram over fleire sider om korleis dei tok ulike delar av kroppen til Yme og skapte dei ulike aspekta ved verda av dei. Det er ingen tvil om at forteljingane har ein del fellestrekk; oppdeling av døde kroppar for å legitimere etterkommarar, og i lys av kor omfattande det var å reise ein stor haug over nokon, er ei førestilling om fire haugar heilt overdådig. Begge skildringane er skrivne av Snorre, og det er godt mogleg at han hadde forteljinga om Yme som inspirasjon då han skulle skildre gravferda til Halvdan Svarte, men reint symbolsk har dei to forteljingane forskjellig tyding; drapet på og oppdelinga av Yme blir framstilt som eit brotsverk i norrøn mytologi, sjølv om resultatet var bra for menneska.<sup>96</sup> Det er derimot ingenting negativt å lese ut av forteljinga om Halvdans gravferd. Yme vart drepen og slakta, dei fleste av hans ætt mista livet, og dei nye herskarane skapte verda av hans lik, men det er ingen som drep og parterar Halvdan ut av uvilje (ut frå forteljinga); det blir fortalt oss at han druknar og blir delt opp tilsynelatande ut frå eit ynskje om gode avlingar. Og sist, men ikkje minst; rikssamlinga, til skilnad frå skaping av verda, skjer ikkje i framstillinga fordi den sentrale aktøren drep opphavsmannen og legg grunnlaget for makta si ut frå denne handlinga. Harald er sonen til Halvdan, og må uansett kjempe for makta, ikkje mot far sin, men mot farens gamle rivalar, og hentar sin legitimitet i frå arven etter faren.

Ei førestilling om fire haugar, det vil seie fire ruvande monument i landskapet, er eit veldig tydeleg teikn på stor makt, og sjølv om eg, ut frå det me veit om kor omfattande reising av ein gravhaug var, tvilar sterkt på at det verkeleg vart reist fire berre for Halvdan Svarte, så er det ei forteljing som må ha gjort inntrykk på folk, og som i aller høgaste grad kunne legitimere makta til sonen og ætta etter han. Ein kongeleg gravhaug var ikkje eit symbol på nederlag, men eit maktsymbol, teikn på tradisjon, tryggleik og vidareføring av livet.<sup>97</sup> Sjølv om

---

<sup>93</sup> Dillmann 2008: s. 83

<sup>94</sup> Dillmann 2008: s. 83

<sup>95</sup> Den Yngre Edda: s. 24-27

<sup>96</sup> Steinsland 2005: s. 113

<sup>97</sup> Steinsland 2000: s. 157

skilnadane er mange kjem ein ikkje bort frå likskapen med forteljinga frå ”Snorre-Edda”, og dette er truleg eit godt eksempel på forteljingsmønster frå norrøn mytologi som skin gjennom i mellomalderens historieskriving.

Fram til sjølv hauglegginga, er skildringane av Halvdans død veldig like i både Ågrip, Fagerskinna og Heimskringla, og dei tre sogene oppgjer at han vart hauglagt på Stein.<sup>98</sup> Den eldste Noregs-historia inneheld også mange av dei same detaljane, men har mindre til felles med Heimskringla enn det Ågrip og Fagerskinna har. Av hovudkjeldene for denne oppgåva er det berre Heimskringla som talar om nokon firedeling, mens tilfelle er eit anna i dei yngre kjeldene: Både den yngre versjonen av Fagerskinna og Flateyjarbók har forteljingar der Halvdans lik blir delt opp i fleire delar og at han får fleire haugar.<sup>99</sup> I den yngre utgåva av Fagerskinna blir innvolane til Halvdan lagt i haug på Tengilstad på Hadeland, kroppen hans på Stein på Ringerike og hovudet hans vart flytt til Skiringssal i Vestfold,<sup>100</sup> mens detaljane i forteljinga frå Flateyjarbók ikkje skil seg ut frå det som Heimskringla seier.

Truleg har forteljinga om denne oppdelinga av Halvdan stor samanheng med funksjonen hans saga har i Heimskringla, nemleg legitimering av makt for sonen Harald. Gravminnet etter ein person hadde stor tyding i samfunnet i vikingtida,<sup>101</sup> gravhaugen var ein kultstad og symboliserte kontinuitet i forhold til makt og prestisje,<sup>102</sup> og i Flateyjarbók kan me lesa at det vart halde blot og ”atrunat” (tru, religion, trolldom) ved haugane til Halvdan før det vart forbode av frendane hans.<sup>103</sup> Plassering av ein gravhaug i landskapet var også viktig i forhold til seinare mytedanningar knytt til haugen, og maktpoliske aspekt kunne derfor utrykkast ved lokaliseringa.<sup>104</sup> Å reise haug over ein herskar eller stormann var ikkje noko som var gjort i ei hand vending, til dømes tok det minst 4-5 månader før Oseberghaugen var ferdigbygd,<sup>105</sup> og det kravde enorme menneskelege ressursar: Ut frå ei vurdering på kor mykje eit gjennomsnittleg dagsverk ville vore er det rekna ut at mellom 450 og 600 menn måtte ha vore direkte engasjert i bygginga av Raknehaugen gjennom ein heil sumar.<sup>106</sup> Denne haugen er Nordens største fortidsminne, heile 95 meter i tverrmål, men også Halvdanshaugen på Stein er svært stor med

---

<sup>98</sup> Snorres Kongesagaer: s. 47, Ågrip: s.19, Fagerskinna: s. 15

<sup>99</sup> Fagerskinna: s. 365-66 og Flateyjarbók: s. 566-567

<sup>100</sup> Fagerskinna: s. 366

<sup>101</sup> Solberg 2003: s. 256

<sup>102</sup> Steinsland 2005: s. 413

<sup>103</sup> Flateyjarbók: s. 567

<sup>104</sup> Gansum 2002. s. 252

<sup>105</sup> Gansum 2002: s. 274

<sup>106</sup> Solberg 2003: s.164-165

sine om lag 50 meter i tverrmål, og det må ha teke lang tid og kravd omfattande ressursar også der.<sup>107</sup> Med andre ord så var haugreising eit enormt prosjekt, og ut frå kva me veit om arbeidsmengda som måtte til for å reise ein gravhaug, så verkar ideen om at Halvdan skulle ha fått fire heilt uverkeleg.

Skildringa i Heimskringla gjev ikkje noko teikn på at Halvdan Svarte var ein far Harald Hårfagre var spesielt knytt til eller som han hadde særleg mykje respekt for. Odin i skapingsmyten i Edda har heller ikkje stor respekt for Yme, som er morfaren hans, og tek livet av han for å skape verda. Ein nyttar ikkje så store ressursar i gravlegginga av nokon som må ha vore gjort med Halvdan utan god grunn. Og eg meiner grunnen enkelt og greitt er at Harald er arvingen, og forteljinga om draumane i saga om Halvdan Svarte viser tydeleg at i alle fall den delen av saga fungerer som legitimering av sonen Haralds makt, og av ætta som skulle kome etter Halvdan og Ragnhild via Harald. Derfor vil eg hevde at også forteljinga om hauglegginga av Halvdan Svarte i like stor grad fungerer som ein mytisk-inspirert forteljing for å legitimere Haralds makt. I motsetnad til Odin er det ikkje Harald sjølv om parterar sitt opphav, men haugane rundt om i landet er monument som fungerer som legitimitet for makta til Halvdans etterkommarar.

Det er umogleg å bevise at sagaforfattarane hadde rett i at det er Halvdan Svarte som ligg i haugen på Stein, for dei skreiv sine verk mange hundre år etter at han levde. Men det er verdt å merke seg at når denne førestillinga blir fortalt om att så nøyaktig i både Ågrip, Fagerskinna og Heimskringla, må det vere teikn på at dette var det ein meinte var sanninga på tida kongesogene vart skrivne. Truleg har Snorre uansett kjent til at haugreising var ein omfattande prosess, og at storhaugane må ha spelt ei viss rolle i folks kollektive minne på hans tid. Det er mange forteljingar i Heimskringla knytt til haugar, til dømes har me Olavs forbod mot ferdsel mellom haugar: ”Disse mine ord skal gå fra mann til mann, jeg gir det råd at aldri mer skal noen av Norges konger gå mellom disse haugene.”<sup>108</sup> Og alle som nokon gong har handtert ein spade veit godt at det skal mykje arbeid og lang tid til før ein får reist nokon betydeleg haug av jord, og med alt dette i mente er det ganske spesielt å då fortelje om ein herskar som skulle ha vore så høgt verdsett at han vart heidra med fire slike enorme monument som dei store gravhaugane var! At korkje Ågrip, Fagerskinna eller den eldste Noregs-historia gjev noko teikn på å dele denne oppfattinga må ein legge merke til. Me såg i kapittel ein at når ein norrøn herskar skulle skildrast av kristne mellomalderhistorikarar nytta dei mytiske mønster, og var mellom anna spesielt

---

<sup>107</sup> Solberg 2003: s. 164-165

<sup>108</sup> Snorres Kongesagaer: s. 331

opptekne av forteljingar knytt til hans død. Slik sett er det ekstra påfallande at ingen av dei andre eldre kjeldene har denne detaljen i forteljinga, fordi den ville falle så godt inn med dei mytiske motiva ein vanlegvis nytta for å forklare hendingar i historieskrivinga på den tida.

Har Snorre personleg dikta opp denne firedelinga av Halvdan Svarte fordi det passa inn i forteljinga hans, eller kan han ha basert seg på ein tradisjon i si samtid som me ikkje kjenner til? Framstillingane av hans død er som nemnt veldig like, og tre av fire kjelder gjort greie for ovanfor oppgjer Stein på Ringerike som staden han vart hauglagt. Så langt er Snorre i tråd med sine forgjengarar og må unekteleg sjåast som del av ein samtidig tradisjon, men er det truleg at det også fanst ein tradisjon på 1200-talet som fortalde at Halvdan Svarte vart delt i fire etter sin død? Sverre Bagge har i si analyse av Heimskringla kome fram til at Snorre generelt nytta kjeldehenvisningar der skildringane verkar utrulege, eller hendingane hadde funne stad langt tilbake i tid.<sup>109</sup> Han oppgjer i likheit med Fagerskinna og Ågrip kvar hovudhaugen skulle ligge, men ikkje nøyaktig kvar dei tre andre haugane vart reiste. Det er påfallande at han ikkje kjem med meir grunngeving til ei såpass utruleg historie, som ikkje er med i dei kjeldene han i stor grad baserar seg på og som me kjenner til. Eg meiner det er to moglege forklaringar på dette dersom ein seier at Snorre i hovudsak nytta henvisningar på denne måten konsekvent gjennom heile verket; den eine er at dette er ei historie som var så kjent i hans samtid at han ikkje trengte nokon referanse for å verke truverdig, den andre er at dette er ein oppdikta detalj han ikkje syntes det var nokon vits å sette unødig mykje fokus på truverdet til. Men forteljinga om oppdelinga av Halvdan Svarte kan godt ha vore ei samtidig forteljing Snorre har likt og syntes passa inn i framstillinga hans.

Ein kan lure på om forteljinga om delinga av Halvdans lik er eit uttrykk på 1200-talet for ei auka interesse for spesielle og spanande haugleggingar? Då skulle jo alle leggast i enkel kristen grav på ein kyrkjegard, eller (viss dei var rike og mektige) under golvet i ei kyrkje. Det kan godt hende at folk på den tida såg noko spennande og mystisk i slike forteljingar, og det er talande at den eldre utgåva av Fagerskinna ikkje har med denne skildringa, mens den yngre har det, og den versjonen skil seg frå Heimskringla si framstilling i fleire detaljer. Forteljinga er også teke opp att i Flateyjarbók, men der ser den ut til å ha vore skrivi av frå Heimskringla.

---

<sup>109</sup> Bagge 1991: s. 30

Harald Hårfagre, som dei flest andre mytiske storleikar, dukkar ikkje opp frå ingenting. Han har ærefulle foreldre, og hans komme er varsla av profetiske draumar som spår hans store gjerningar, og ætta som skal komme etter han. Forteljinga om Halvdans draum finn me att i Fagerskinna, mens forteljinga om Ragnhilds draum ikkje finst i nokon av dei norrøne kjeldene eg kjenner til. Oppdeling av Halvdan sitt lik etter hans død gjer, med parallellen til myta om korleis verda vart skapt, ein indikasjon på kor mektig og nyskapande Harald kom til å bli. Nyskapande ved at han skal ha skapt eit heilt kongerike ut frå det som før hadde vore fleire små maktsenter, og mens Odin og brørne hans skapte verda ut frå den oppdelte kroppen til sin morfar, så ligg maktgrunnlaget til skaparen av Noreg i arva etter ein far som er oppdelt, og har fått fire gravhaugar på forskjellige stader i landet.

## Kapittel 3 – Gyda og Snøfrid

Forteljingar om herskarar og stormenn sitt forhold til kvinner var sentrale for mellomalderhistorikarar då dei skulle skildre dei eldre norske kongane. Historier om gudars forhold til utgardskvinner i den norrøne mytologien er opphavet til herskarslektar, og skal forklare eigenskapane til desse herskarane. Og dette mytiske mønster er teke opp att i historieskrivinga rundt Snorre si tid, noko som skapte kontinuitet mellom den eldre førestillingsverda kring makta og legitimiteten til herskarar, og den nye som kom med kristendommen og rikssamlingskongane. I forteljinga om Harald Hårfagre er det spesielt hans forhold til to forskjellige kvinner som er verdt å legge merke til i denne samanhengen; historia om hans forhold til Gyda, som er forklaringa på rikssamlinga, og historia om Snøfrid, ei spesiell skildring som fungerer som eit ledd i ei opphavsmyte for hårfagreætta. I det førre kapitlet såg eg på forteljingar frå saga om Halvdan Svarte som underbygg makta til sonen Harald. No er steget teke over i saga til Harald, og dei mytiske forteljingane eg har valt ut frå begge desse sogene heng tett saman, fordi dei har alle den funksjonen at dei legitimerar og underbygger Harald Hårfagres gjerningar og hans person. Gyda og Snøfrid er berre to av dei mange kvinnene Harald skal ha vore gift med og/eller fått barn med, og dei mange sønene Harald skal ha fått er sentrale i forteljinga om samlinga av riket hans, fordi han ved å la desse fostre opp rundt i landet hjå slektene til mødrene skal ha skaffa seg støttespelarar rundt om i landet, og fordi ei slik forteljing gjev dei aller fleste delane av landet ein del i rikssamlingsprosessen. Men Gyda og Snøfrid er dei einaste som har fått verkelege forteljingar knytt til seg sjølve, altså ikkje berre fordi dei fødte nokon av Haralds søner, og derfor blir den mytiske inspirasjonen spesielt tydeleg i forteljingane om dei.

I dette kapitlet vil eg fyrst ta for meg Gyda, og så Snøfrid, før eg ynskjer å setje desse skildringane opp mot kvarandre. Utgangspunktet er som vanleg skildringane i Heimskringla, og samanlikninga med dei andre kjeldene tek eg etter kvart som det passar seg.

### 3.1 Gyda

Gyda dukkar opp i forteljinga om Harald berre ei knapp side etter saga hans tek til, og det einaste me får høyre om før forteljinga om ho er menn han måtte stride mot saman med onkelen Guttorm, og slag han skal ha vunne.



Kong Harald sendte sine menn etter ei jente som het Gyda, datter til konge Eirik fra Hordaland, hun var i Valdres hos en mektig bonde til oppfostring. Harald ville ha henne til frille, for hun var vakker, men nokså stor på det. Da sendemennene kom dit hun var, kom de fram med sitt ærend for henne; hun svarte som så at hun ville ikke kaste bort sin møydom på å ta til mann en konge som ikke hadde større rike å styre over enn noen få fylker; ”og jeg synes det er underlig,” sier hun, ”at det ikke fins noen konge som vil vinne hele Norge og bli enekonge over det, slik som kong Gorm i Danmark eller Eirik i Uppsala.” Sendemennene syntes hun svarte fælt overmodig, de spør henne kva hun kunne mene med å svare slik, og sier at Harald er en så mektig konge at han var fullt ut god nok for henne. Men da hun svarte dem på en helt annen måte enn de hadde tenkt, så de ingen utveg denne gang til å få henne med bort, når hun ikke sjøl ville det, og så gjorde de seg ferdige til å reise igjen. Da de skulle dra av sted, ble de fulgt ut. Da talte Gyda med sendemennene, bad dem ta de ord med til Harald at bare på ett vilkår ville hun samtykke i å bli hans kone; hvis han ville gjøre så mye for hennes skyld at han la under seg hele Norge og rådde for det riket like fritt som konge Eirik for Sveavelde eller kong Gorm for Danmark, ”først da”, sa hun, ”mener jeg han med rette kan kalles en folkekonge.”<sup>110</sup>

Slik hånar Gyda mannen som vil ha ho til frille, men vrir elegant tema over til ekteskap ved å fortelje at einaste måten han kan få henne er ved å gifte seg med henne, og for å få til det må han utøve den verkelege stordåden; erobre heile Norge, og bli ein folkekonge. Harald reagerar ifølgje Heimskringla slik:

Da svarte kong Harald at Gyda hadde ikke sagt noe galt eller gjort noe som burde hevnes, han sa hun skulle ha takk for de ord hun sendte, ”hun har mint meg om noe,” sier han, ”som jeg nå synes det er underlig jeg ikke har tenkt på før.” Og så sa han: ”Jeg gjør det løfte, og jeg tar Gud til vitne, han som skapte meg og rår for alt, at aldri skal jeg skjære håret eller kjemme det før jeg har vunnet hele Norge med skatter og skylder og fullt styre, eller også dø.” For disse ordene takket Guttorm hertug ham, og sa det var kongelig verk å holde sitt ord.<sup>111</sup>

Denne forteljninga har fleire svært interessante poeng: fyrst og fremst er det altså Gyda som i følgje Snorre gjev Harald Hårfagre ideen om å samle Norge til eit rike, og ho gjer det ved å håne han. Ho er forklaringa på rikssamlinga, og er grunnen til at Harald skulla ha samla landet under seg. For det andre gjer Harald som følgje av denne hånen eit løfte, som etter kvart skal gje han hans kjente tilnamn, men der han sverjar ved Gud. Ut frå denne skildringa skulle ein altså tru at Snorre meinte Harald Hårfagre var kristen, eller kanskje han har andre motiv med å blande Gud inn i rikssamlingsforteljninga si?

Dersom ein ser på resten av Snorre sine skildringar av Harald Hårfagres liv og gjerningar, er det lite som tydar på ein kristen konge. Riktig nok blir det ikkje skildra nokon direkte aktivitet knytt til utøvinga av ritual eller ritar knytt til heidendommen, men det gjer det heller ikkje i nokon av dei andre kjeldene. Den einaste direkte teiknet i Heimskringla på at Harald skal ha vore heidensk er ei lita nemning frå saga om Håkon den gode,<sup>112</sup> der bøndene i Trøndelag

---

<sup>110</sup> Snorres Kongesagaer: s. 50-51

<sup>111</sup> Snorres Kongesagaer: s. 51

<sup>112</sup> I tillegg sjølv sagt til det at han skal ha vorte lagt i haug etter sin død, men det skal også ha vorte gjort med Håkon Adalsteinsfostre, som alle sogene seier var kristen.

prøvar å presse Håkon til å blote ”til godt år og fred for dem, slik som hans far hadde gjort”.<sup>113</sup> Så i all hovudsak er han i Snorre si framstilling gjort til ein konge som ein ikkje kunne direkte laste for svært mykje i kristen mellomalder, og eg syntes det er veldig talande at Snorre har brakt Gud inn i rikssamlingsmyta knytt til Harald Hårfagre. Eg meiner det er truleg at Snorre har blanda Gud inn i rikssamlingsforteljinga på denne måten for å rette litt himmelsk glans på prosessen det var å samle landet (som neppe kan ha gange føre seg etter strengt tala kristne etiske prinsipp), og gje rikssamlaren ekstra legitimitet. Snorres rikssamlar er som sagt ein person ein ikkje kunne laste for mykje i kristen mellomalder. Han gjev riktig nok ordre om å ta livet av ein av sine eigne søner, men det skal ha vore gjort fordi denne sonen dreiv med trolldom.<sup>114</sup> Ved å blande Gud inn i rikssamlinga slik som han gjer har Snorre antyda av samlinga av Norge til eitt rike var Guds vilje heilt frå byrjinga, og ein blodig maktkamp er vorte til ein kamp for å utføre Guds vilje. I tillegg oppfører Harald seg merknadsverdig kristent i forteljinga om Gyda: ein grov hån mot hans person og ære, som ein skulle tru han ville ha hemna, er vorte til ei from forteljing om tilgiving, der han vender det andre kinnet til og vel å gjere stordådar i staden for å hemne ærekrenkinga. Ved å blande Gud inn i rikssamlingsmyten på denne måten har Snorre innført endå eit legitimerande element for rikssamlinga og hårfagreætta: Det er resultat av ein eid sverja til Gud.

Gyda er ingen gjengangar i kjeldene og det er heller ingen av dei andre hovudkjeldene for denne oppgåva som på nokon måte visar til at samlinga av Norge til eit rike var ei handling som resultat av ein eid til Gud, eller som på noko anna vis talar om guddomleg vilje eller meining i sine skildringar av Haralds rikssamling. Fagerskinna nemner også om eiden der Harald skal ha svore at han ikkje skulle klyppe håret før han hadde kontroll over heile landet,<sup>115</sup> men Gud er ikkje ein faktor i den forteljinga, og det blir rett og slett ikkje fortalt kven han skal ha sverja til. Og ikkje ein gong Theodoricus munk, som moraliserar så godt han kan ved alle moglege høve,<sup>116</sup> har noko rikssamlingsforteljing knytt til Harald der Gud på nokon måte er ein faktor. Av kjeldene tilgjengelege for denne oppgåva er Heimskringla den einaste som blandar Gud inn i rikssamlinga, og det er ei førestilling som gjev forteljinga

---

<sup>113</sup> Snorres Kongesagaer: s. 90

<sup>114</sup> Snorres Kongesagaer: s. 72

<sup>115</sup> Fagerskinna: s. 24

<sup>116</sup> Til dømes denne skildringa i forteljinga om Olav Haraldssons martyrdød: ”Han skulle fortelle folket at Olav var villig til å slutte fred, at kongen hadde glemt all tidligere urett og ville tilgi hver og en det gale han hittil hadde gjort. Han avskydde blodsutgytelse og særlig i en krig mellom landsmenn, men dersom de nå stoppet motstanden etter disse formaningene, ville kongen ikke på noen måte nytte vold. Men de halvville hedningesinnene ga avkall på freden alle som én, og ville i sin fordervelighet heller gå til angrep på Guds helgen enn de ville høre på hans frelsesbringende formaning.” Historien om de gamle norske kongene: s. 68

ekstra tyngde og legitimitet i ein kristen mellomalder. Snorre skil seg heilt klart ut på dette punktet, og eg vil tru at forteljinga om denne eiden, som han kan ha henta frå Fagerskinna eller ei anna tidlegare kjelde me no ikkje kjenner til, er ei forteljing som han har styrka, underbygd, og gjeve meining i kristen mellomalder ved å blande Gud inn i forteljinga. Eg meiner dette er ei førestilling der Snorre har teke utgangspunkt i eit forteljing han har henta får ei annan kjelde, og endra det til å passe sine behov. Men eg meiner det er mest riktig å framleis tale om Snorre som mest vidareformidlar av forteljingane knytt til Harald i motsetnad til diktar, for det meste av forteljinga om denne eiden er henta frå ei anna kjelde, Snorre har berre vidareutvikla den for å gje den ekstra meining og innhald.

Forteljinga kring Gyda finst ikkje i nokon av dei tidlegare kjeldene frå norrøn tid som me kjenner til. Ikkje ein gong Ågrip eller Fagerskinna har nokon som helst hint om ei slik forteljing. Sverre Bagge seier i si bok om Heimskringla at førestillinga om at Harald Hårfagre skulle fått ideen om å samle Norge til eit rike av Gyda ikkje er noko Snorre har funne opp, men ei tradisjonell historie.<sup>117</sup> Men han forklarar ikkje dette i det heile. Inga fotnote eller utdjupande forklaring. Av det eg har sett av kjelder er det vanskeleg å utelukkande støtte opp om hans konklusjon, og eg skulle veldig gjerne visst kvar han har akkurat det frå. Så langt har arbeidet med kjeldene i hovudsak vist meg at Snorre ofte har henta forteljingar og skrivi av lange avsnitt av andre kjelder, og spørsmålet er meir vorte om det er truleg at han nokon stad kan ha dikta opp forteljingar sjølv. Historia rundt Gyda er på mange måtar ein ypparleg kandidat å drøfte det opp mot, sidan denne forteljinga ikkje finst i nokon av dei andre tidlege historieverka eg har å arbeide med, og at eg derfor ikkje har sett noko som kunne støtte opp om Bagge sin konklusjon kring førestillinga om Gyda som bakgrunn for rikssamlinga. Historia om henne har ein sentral funksjon i forteljinga ved at den bind framstillinga til Snorre saman, og gjev ein ekstra grunn til ei stor og viktig hending. Det er påfallande at denne forteljinga ikkje finst i nokon av dei andre kjeldene, som ikkje kan ha sett same behovet for ein forklarande og samanbindande karakter slik som den me finn i Snorre. Men samtidig er det vanskeleg å tru at det ikkje har vore nokon romantiske legender i Snorres samtid som gav ein meir sentimental forklaring på rikssamlinga enn at ”Haralds rikssamling kan være blitt mulig fordi de danske kongedømmet nettopp da stod svakt.”<sup>118</sup>

---

<sup>117</sup> Bagge 1991: s. 87

<sup>118</sup> Krag 2005: s. 116

Teikn på at forteljinga om Gyda kanskje kan vere av nyare dato enn andre skildringar knytt til Harald, kan ein finne ved å sjå på kva som blir fortalt om barna som vart resultatet av dette forholdet. Mange av Haralds koner får barn, som ikkje berre er namngjett i seg sjølv, men som også påverkar framdrifta i historia enten ved at dei som Halvdan Hålegg mistar livet på ein måte som endrar maktforhold, ved at hans død er utgangspunktet for at Harald skal ha lagt under seg Orknøyane, eller Sigurd Rise, som via sonen og sonesonen er opphavet til dei norske kongane frå og med Harald Hardråde. Men av dei fem borna som Snorre seier at Harald skal ha fått med Gyda, er det berre eit som ikkje forsvinn ut av historia nesten rett etter dei er nemnt; dottera Ålov. Og ho skal ha vorte gift med Tore Mørejarl, der ho fekk dottera Bergljot, som vart mor til Håkon jarl. Slik er forteljinga om Gyda med på å binde Hårfagreætta saman med Ladejarlane, men eg meiner at det er å gå litt langt. Dei andre fire barna frå forholdet mellom Harald og Gyda forsvinn mistenkjeleg fort ut av historia, og sjølv om kanskje Ålov skal ha vore dotter av Harald Hårfagre, (i Ågrip høyrer me også om ei Haraldsdotter med namnet Ålov som vart bestemor til Håkon jarl,<sup>119</sup>) så tvilar eg sterkt på at Gyda var mor hennar.

Forteljinga om Gyda er ei romantisk historie utan nokon parallellar i dei eldre kjeldene, men me har ei som liknar ein god del i den yngre versjonen av Fagerskinna: Der får me høyre om Ragna som Harald Hårfagre skal ha møtt som tolvåring, forelskar seg i at han sver at han ikkje vil ha nokon annan til kone, og at han vil legge under seg heile Norge.<sup>120</sup> Denne forteljinga seg ut til å ha kome frå same type førestilling, men den er for ulik forteljinga me har i Heimskringla til å vere ei avskrift av den. Det finst òg andre kjelder som har liknande kvinnehistorier knytt til Harald; i Flateyjarbók er Gyda med, og også i denne forteljinga skal han ikkje kjemme eller klyppe håret sitt før han er einevaldskonge over Norge.<sup>121</sup>

Forteljingane om Gyda i Heimskringla og Ragna i den yngre utgåva av Fagerskinna har ikkje mykje til felles, men er truleg begge uttrykk for ein tradisjon og eit ynskje om ei forklaring på rikssamling. Forteljinga om Gyda er ein viktig del av rikssamlingsmyten knytt til Harald Hårfagre slik den står fram i Heimskringla, og sjølv om det er umogleg å vite om Snorre har dikta opp denne forteljinga sjølv kan me ved å sjå på Flateyjarbók i det minste fastslå at seinare mellomalderhistorikarar hadde tillitt til det Snorre skreiv, og gjentok forteljingane hans.

---

<sup>119</sup> Ågrip: s. 32

<sup>120</sup> Fagurskinna: s. 366-67

<sup>121</sup> Flateyjarbók: s. 569

## 3.2 Snøfrid

I Heimskringlas forteljing om Harald Hårfagres liv og gjerningar er det mange enkeltforteljingar som er veldig fargerike og spennande, men kanskje ingen meir enn forteljinga om hans forhold til samejenta Snøfrid. Derfor vil eg også her sitere heile forteljinga, slik at lesaren kan få nyte den i sin heilskap:

En vinter var kong Harald og tok veitsler på Opplanda, da lot han gjøre gjestebud for seg på Tofte. Julaften kom Svåse på døra mens kongen satt til bords, og sendte bud inn til kongen at han skulle komme ut til ham. Kongen ble sint for denne budsendingen, og samme mann som hadde båret budet inn, bar kongens vrede ut. Men Svåse bad ham likevel å inn en gang til i same ærend, og si han var den finnen som kongen hadde gitt lov til å sette gammen sin på den andre sida av bakken der. Kongen gikk ut, og det ble til at han lofte å bli med finnen hjem; og så gikk han over bakken, enda noen av hans menn rådde til og andre ifra.

Da han kom dit, stod Snøfrid opp, datter til Svåse, den fagreste kvinne en kunne se; hun bød kongen en bolle full av mjød, han tok det alt sammen og handa hennes med, og straks var det som het ild kom i kroppen på ham, og han ville ligge med henne med én gang, samme natta. Men Svåse sa at det skulle det ikke bli noe av med hans gode vilje, uten kongen festet henne og giftet seg med henne på lovlig måte.

Kongen festet Snøfrid og giftet seg med henne, og elsket henne så bort i ørska at han gikk ifra allting, riket og alt han burde se etter der. De fikk fire sønner, den ene var Sigurd Rise, så Halvdan Hålegg, Gudrød Ljome og Ragnvald Rettilbeine. Så døde Snøfrid. Men hun skiftet ikke på noen måte farge, hun var like rød som da hun levde. Kongen satt alltid over henne, og trodde hun skulle komme til å livne opp igjen. Slik gikk det tre år; han sørget over at hun var død, og alle folk i landet sørget over at han var gal.

For å lege denne galskapen kom Torleiv Spake dit som lege, han var så klok at han leget galskapen med å snakke kongen etter munnen først, på denne måten: ”Det er ikke så underlig, konge, at du minnes så vakker ei kvinne og så ættstor som hun var, og holder henne i ære på puter og skarlagen, slik hun bad deg om, men du ærer både henne og deg selv mindre enn det sømmer seg med dette at hun ligger så altfor lenge i de samme klærne, det var mye riktigere at hun ble flyttet, og klærne skiftet under henne.”

Men straks de flyttet henne ut av senga, slo stank og vondlukt og alle slags fæle dunster opp frå kroppen; da fikk de gjort opp bål i en fart, og hun ble brent, men først ble hele kroppen blå, og ormen og øgler, frosker og padder veltet ut av den, alskens ekkelt kryp. Slik sank hun i aske, men kongen steig frå dårskap til vett og forstand, og styrte siden riket og ble sterk som før, hadde glede av sine menn og de av ham og riket av begge.<sup>122</sup>

Forteljinga om Snøfrid er veldig spesiell, men det er kanskje ikkje så underleg at den er med når ein tenkjer på ætta som i følgje Snorre skulle ha vorte etter Snøfrids son Sigurd Rise:

”Sigurd Syr, han var konge på Ringerike. Sigurd var sønn til Halvdan, og han var sønn til Sigurd Rise, sønn til Harald Hårfagre.”<sup>123</sup> Som kjent skal Sigurd Syr ha vore far til Harald Harråde, stefar til Olav den Heilage og ein viktig del av den opphavlege støttegruppa hans. Ifølgje Snorre sin vidare genealogi døyr Olav den Heilages mannlege etterkommarar ut med sonen Magnus, mens det er halvbroren som fører hårfagreætta vidare på den norske trona,

---

<sup>122</sup> Snorres Kongesagaer: s. 64-66

<sup>123</sup> Snorres Kongesagaer: s. 170

sjølv om han er hårfagreætling etter ein annan av Harald Hårfagres søner enn det Olav skulle ha vore.

Snøfrid er ikkje ein gjengangar i kjeldene, noko Fagerskinna, der ho ikkje er nemnt i det heile i forteljinga om Harald Hårfagre, er eit typisk eksempel på. Men dei sønene som Snorre har identifisert som Snøfrid sine, er lista opp som av dei yngste i oppramsinga av sønene til Harald i Fagerskinna: ”den syttende Sigurd Rise, den attende Gudrød Ljome, den nittende Halvdan Hyrbein, som noen kaller Håfot, den tjuende Ragnvald Rykil, som noen kaller Ragnar.”<sup>124</sup> Fagerskinna presiserar ikkje som Heimskringla at Håkon den gode var den yngste av Haralds soner, berre at han hørde til dei yngste. Men elles samsvarar detaljane her; Snøfrid kjem inn i forteljinga om Harald på eit relativt seint tidspunkt; forteljinga er, med unntak av nemninga av Håkons mor, den siste av Haralds kvinnehistorier i Heimskringla, og kjem etter han skal ha fullført rikssamlinga og etter me har høyrte om dei andre konene og borna hans. Så slik sett skal det stemme ganske godt at Snøfrid-sønene var av dei yngste, akkurat som me høyrer i Fagerskinna, skilnaden er at ho ikkje er nemnd der, men det er det heller ingen andre av mødrene til Haralds søner enn mor til Håkon som er.<sup>125</sup>

Ein høyrer riktig nok ikkje noko direkte om Snøfrid i Historien om de gamle norske kongene, Den eldste Noregshistoria eller Fagerskinna, men ståa er ein heilt annan i Ågrip. Ågrip, som nyttar fem knappe sider totalt for å fortelje om Harald Hårfagre og Halvdan Svarte, vier to av desse korte sidene til å fortelje historia om Snøfrid, og denne historia er om lag identisk med framstillinga i Heimskringla.

Julaftan medan Harald sat ved bordet, kom Svåse for døra og sendte bod inn til kongen at han skulle koma ut til honom. Kongen vart harm over denne bodsendinga, og same mannen bar vreiden hans ut som hadde bore bodet inn. Men Svåse bad ikkje dess mindre kongen andre gongen; han gav honom eit bjorskinn attpå, og sa han var den finnen som kongen hadde gjeve lov til å setja gammen sin på hi sida av brekka på Tofte – det var der kongen var då.

Kongen gjekk ut, og vart honom til viljes i at han gjekk over i gammen hans; somme av mennene hans talde honom til dette, men somme rådde ifrå.

Der stod Snøfrid opp, dotter til Svåse, ei naudende ven jente, og skjenkte kongen eit staup fullt med mjød. Han tok alt saman, både staupet og handa. Og med ein gong var det som det hadde kome eldshete i kroppen på honom, han ville ha henne på timen same natta. Men Svåse sa at det skulle ikkje gå føre seg med hans vilje, utan kongen feste henne og fekk henne etter lova. Og kongen feste og fekk henne, og elska henne så bort i ørska at han ikkje brydde seg om riket sitt eller noko av det som høver seg ein konge. Han sat hjå henne nær sagt både natt og dag så lengde levde båe, og i tre år etter ho var død.

Han sørgde over henne for di ho var død, og alt folket i landet over honom for di han var forvilla.

---

<sup>124</sup> Fagerskinna: s. 28

<sup>125</sup> Fagerskinna: s. 13-33

For å få stilt denne ørska kom Torleiv Spake og skulle lækja honom. Han fekk kongen god att av forvillinga med di han vitug gav honom medhald og tala såleis: ”Ikkje er det underleg konge, at du hugsar ei så ven og ættstor kone, og ærar henne på dun og gudvev så som ho bad deg. Men det er til mindre ære for deg enn det sømar seg og for henne òg, at ho ligg så altfor lenge i same kledda. Det er mykje rimelegare at ho vert flytt til ei ny lege.”

Men så snart dei rørte på henne, slo det utev og allslags stygg og roten lukt ut av kroppen. Då skunda dei seg og laga eit bål og fekk brent henne. Men før ho vart brend, blåna heile kroppen, og det valt ut ormar og ødlar og padder og alskens ufysne kryp.

Såleis steig ho i oska, men kongen steig til vit og kom seg av ørska. Sidan styrte han riket sitt, han gleddast av undersåttane sine og undersåttane av honom, men riket av baa.<sup>126</sup>

Eg har tidlegare nemnt at forteljningane kring Halvdan Svartes draum hadde utruleg mykje til felles med kvarandre, men dette er kanskje endå meir tilfellet mellom skildringane i Ågrip og Heimskringla. Skildringa i Heimskringla er på 501 ord, mens den i Ågrip er på 436. Med tanke på den enorme skilnaden på storleiken på desse to verka, tidsavstanden mellom dei (som er langt større enn mellom Heimskringla og Fagerskinna), og at dette er den einaste verkelege forteljinga om Harald Hårfagre i heile Ågrip, så er konklusjonen at denne forteljinga må ha tydd noko spesielt for forfattaren av Ågrip, sidan han var via så stor del av plassen i verket til den, og at Snorre rett og slett har skrivi den av. I Heimskringla fungerer forteljinga om Snøfrid som opphavsmyte for ætta til dei norske kongane som sat med makta i Norge på Snorres tid, og sjølv om Ågrip ikkje direkte trekker lina frå Harald-Snøfrid til Harald Hardråde og hans etterkommarar, så kan ei slik slektsline vere ei god forklaring på kvifor forfattaren av Ågrip også har prioritert å nytte så mykje plass på akkurat denne forteljinga, og kvifor Snorre skreiv den av då han arbeida med Heimskringla.

### 3.3 Kvinnehistoriene i saga om Harald Hårfagre:

I saga om Harald Hårfagre er det ungjenta Gyda som gjer Harald ideen om å gjera seg til einekonge over heile Norge. Med andre ord så er det ei jente det verkar som han ikkje har, eller knapt har møtt som eggjar han til å ta kontroll over heile landet. I norrøn mytologi, og norrøn kultur spelte lagnad ei stor rolle i korleis ein oppfatta verda, og i mytologien var det kvinnelege vesen som styrar lagnaden, nemleg nornene.<sup>127</sup> Snorre presenterar tre norner med namn i boka me kallar Den Yngre Edda; Urd, Verdande og Skuld, men det blir også sagt at; ”det er andre norner òg, som kjem til kvart barn som blir født, og rår for livslaupt deira”.<sup>128</sup>

At nettopp Gyda er tillagt så stor tyding i forteljinga om rikssamlinga verdt å merke seg når ein ser på at ho korkje er i familie med Harald, eller spesielt mektig i utgangspunktet, (han var

---

<sup>126</sup> Ågrip: s. 21-23

<sup>127</sup> Den Yngre Edda: s. 35

<sup>128</sup> Den Yngre Edda: s. 35

ute etter å få ho til frille, ikkje ute etter å gifte seg med ho). Gyda varslar at rikssamlinga skal koma, ho gjer han ideen fordi ho hånar han og hans makt. Det er mangfaldige eksempel på kvinner i norrøn litteratur som eggjar heltane til handling, til dømes Gunnhild som eggjar son sin, Harald Gråfell, til å drepa Sigurd jarl: ”Din farfar Harald, som du er oppkalt etter, ville ikke synes det var noen sak å la en jarl miste liv og rike, han som vant hele Norge under seg og rådde for det til han ble en gammel mann.”<sup>129</sup> Men Gyda er likevel annleis ved at heile handlinga i saga endrar seg ved hennes ord, og at ho i utgangspunktet ikkje var i eit nært forhold til Harald, slik som dei som eggjar i Heimskringla vanlegvis skal ha vore.<sup>130</sup> Ho er faktisk den einaste kvinna i Heimskringla som eggjar utan å vere i ein nær relasjon til den ho talar til. Gyda står fram som ein slags lagnadsfigur som går langt ut over ”vanleg” egging. Det er heilt tydeleg at ho kjenner seg krenka, og me har ingen moglegheit til å vurdere om ho hadde rett til å kjenne seg håna, og om ho i dei heile er ein historisk person. I Snorre er det i alle høve hennes ord som er nytta som ei forklaring på, og utløysande årsak til rikssamlinga. I denne episoden står ikkje Harald fram som ein helt i ei eksemplarisk forteljing ut frå typiske norrøne mønster, kanskje med unntak av at han gjer ord fulle av hån om til dåd og storverk. Men den sentrale plassen denne forteljinga innehar gjer at tydinga blir stor, og ho som grunngeving av samlinga av Norge til eit rike gjer at Gyda har ei utruleg viktig rolle i forteljinga om Norges fødsel. Samanlikna med Gyda er Snøfrid sjølv ein mykje meir passiv figur, og det er ikkje hennes direkte handlingar som påverkar framdrifta i forteljinga.

Harald og hans mange kvinner er eit unikt fenomen i Heimskringla. Dersom ein ser på dei kongane som er nærast Harald i tid; Halvdan Svarte, Eirik Blodøks og Håkon den gode, så er det ingen av desse kongane som har det same forholdet til kvinner som Harald skal ha hatt. Halvdan giftar seg, blir enkemann og giftar seg på nytt, Eirik er gift med Gunnhild og også Håkon er gift. Alt går veldig fint og pynteleg for seg, mens Harald har kvinner over heile landet og meir enn tjue born. Grunnen til den store skilnaden er at Harald, i motsetnad til dei kongane som er nærast seg, og alle andre kongar og herskarar i Heimskringla, er rikssamlaren, og mykje av hans legitimitet som dette kjem av hans relasjon med dei forskjellige delane av Norge, dvs at han hadde fått barn med kvinner frå heile landet. Ser ein til dømes på ein annan herskar som var kjent for sine mange kvinnehistorier, Håkon jarl, så er hans forhold til kvinner presentert som eit misbruk, og ein av grunnane til at han vart styrta. Olav Tryggvason kan, som følgje av Håkons gjerningar, lett ta over makta i Norge.

---

<sup>129</sup> Snorres Kongesagaer: s. 108

<sup>130</sup> Snorres Kongesagaer: s. 77, 108, 191, 194, 228, 305-06 og 335



Forteljinga om Snøfrid er av forskarar vorte analysert i eit rikssamlingsperspektiv ved at Harald med sine ekteskapsalliansar skulle knytte til seg stamme for stamme av det norske folket, til og med samane.<sup>131</sup> Men Snøfrid kjem ikkje ut av denne forteljinga med eit positivt ettermæle, og det er ikkje lurt å legge for mykje vekt på denne forteljinga utan å vite ein del meir om haldningar til samar i norrøn tid. Truleg er ikkje denne forteljinga noko meir uttrykk for den geografiske rikssamlinga enn alle dei andre kvinnehistoriene til Harald, men poenget med forteljinga om Snøfrid er heller slektsaspektet, og den mytiske parallellen til Skirnesmål.

Ein kan sjå det som litt merkeleg at denne forteljinga er med i saga om Harald Hårfagre om ein ikkje kjenner til forteljingar frå det norrøne førestillingsuniverset, men i eit langtidsperspektiv er det uansett ikkje så rart: I følgje Heimskringla var stefaren til Olav den Heilage, og faren til Harald Hardråde ein hårfagreætling som stamma frå akkurat Snøfrid. Og i følgje Snorre sin kronologi er det borna til Snøfrid, med Harald Hardråde og hans etterkommarar, som sit på den norske trona, og stammora til desse kongane burde ein ha med ei framstilling om dei tidlege norske kongane.

Ser ein på førebilete i mytiske forteljingar er det ei historie som har ein del fellestrekk med både historia om Gyda og om Snøfrid; eddadiktet Skirnesmål. Dette er historia om korleis det gjekk til at guden Frøy gifta seg med jotunkvinna Gjerd. Steinsland er veldig oppteke av denne forteljinga og har analysert den inngåande. Ho meiner bryllaupsmyten er nært knytt til herskarmakt fordi avkommet etter giftemålet blir ein herskar som skulle vere spesielt utrusta til å styre i og med at han hadde opphav både i gudeverda og jotunheimen (Ynglingeætta skulle som kjent vera etterkommarane etter Frøy og Gjerd).<sup>132</sup> Forteljingane om både Gyda og Snøfrid har mykje til felles med Skirnesmål, men kanskje mest historia om Snøfrid. Etter kvart som bryllaupsmyten gjekk frå mytologiske kjelder til historieverk, endra spenninga seg frå ein mellom gudeætt og jotunætt, til spenning mellom fyrstens ætt og brudas, anten sosialt eller geografisk.<sup>133</sup> Snøfrid er både av ein annan sosial ætt og ein framand ved sin samiske avstamming, og sjølv om forteljinga om Gyda ikkje har fullt like mykje til felles med Skirnesmålmyten, så kan også den forteljinga vera inspirert av den norrøne myten:

Elleve eple,  
inkje eg tek

---

<sup>131</sup> Steinsland 2005: s. 408

<sup>132</sup> Steinsland 2000 og Steinsland 2005

<sup>133</sup> Steinsland 2000: s. 132

så ein mann fagnad skal få.  
Aldri i livet  
eg uner med Frøy  
til saman å byggje og bu.<sup>134</sup>

Det er eit viktig fellespunkt at både i Skirnesmål og forteljinga om Gyda takkar damene fyrst ”nei”, og ikkje på ein veldig høfleg måte, men dei gjev etter til slutt, og då skjer det, eller har det skjedd store ting (rikssamling og byrjinga til ei kongeslekt). Skirnesmål er ei opphavsmyte til ynglingeætta, som Harald skal ha vore ein del av, og det er derfor påfallande, men samtidig logisk, at dei same mytiske mønster er nytta i opphavsmysten om ætta som tek utgangspunkt i han. Gjerd er i Skirnesmål svært bestemt, men må til slutt gje etter. I forteljinga om Gyda derimot er det Gyda som set premissane, men også ho gjev etter på den måten at ho til slutt giftar seg med Harald. Snøfrid på den andre sida er ein veldig passiv figur, men det er ho som blir opphavet til kongsslekta. Skirnesmål er både ei fargerik forteljing i seg sjølv, og ei opphavsmyte om ei slekt. Slik sett synes eg det kan sjå ut som, dersom ein tek utgangspunkt i mytiske parallellar, at både Gyda og Snøfrid er uttrykk for Skirnesmålmyten, men at den er delt mellom dei: Gydas del er den intrigefulle forteljinga, mens Snøfrid er den mytiske framande som er med på å skape herskarslekta. Slik utfyller forteljingane om Snøfrid og Gyda kvarandre, og sjeldan er dei mytiske parallellane like lette å sjå som i dette tilfellet.

Forteljinga om Gyda har ingen parallellar i dei eldre kjeldene, mens me finn den att i Flateyjarbók og ei liknande forteljing i den yngre versjonen av Fagerskinna. Forteljinga om Snøfrid på den andre sida er skriven om lag rett av frå Ågrip, med svært få endringar. Eg trur ikkje at forteljinga om Gyda er dikta opp av Snorre, men sidan me ikkje kjenner til alle hans kjelder, så er det umogleg å veta sikkert. I dei fleste tilfelle visar han seg mest som ein vidareformidlar av forteljingar frå andre kjelder, altså ein redaktør, men ein som kanskje endrar litt på detaljane i forteljingane for å underbygge tydinga eller legge vekt på kva han meinte var viktig, slik som me kan sjå med at han blandar Gud inn i rikssamlinga. Det å blande Gud inn i handlingar utført av Harald Hårfagre må nok kallast å ta seg litt kunstnariske fridommar, men det er ikkje på langt nær nok til å kalle Snorre for ein diktar.

For mellomalderhistorikarar var historier knytt til herskarar sine forhold til kvinner ofte sentrale når ein skulle fortelje om ein tidleg konge/helt/stormann, og dermed overføre norrøne mytiske mønster mellom anna knytt til lagnad. Desse to forteljingane som dette kapittelet tek for seg er i alle høgaste grad forteljingar som har ein mytisk funksjon. Problemet er at me

---

<sup>134</sup> Skirnesmål strofe 20

ikkje kan veta nøyaktig kva for rolle dei skal ha spelt, om dei har nokon som helst historisk basis, og i Gydas tilfelle; om Snorre har dikta denne forteljinga opp for å få ei romantisk forklaring på rikssamlinga. Forteljinga har ein slags parallell frå den yngre utgåva av Fagerskinna, der det også er ei jente som driv Harald til stordåd, men ho har eit anna namn, og forteljingane liknar ikkje mykje på kvarandre. Likevel meiner eg at dette er ei historie som i varierende formar truleg har vore fortalt i Snorres samtid, og som han ikkje har dikta fullstendig opp sjølv. Men det er godt mogleg at forteljinga er tilpassa og endra i stor grad for å passe inn i hans framstilling, det har eg ingen føresetnad for å vite. Det som er påfallande med forteljingane om Gyda og Snøfrid er måten Snorre har blanda Gud inn i rikssamlinga i samband med forteljinga om Gyda, og korleis dei to historiene fungerer som opphavs- og skapingsmyter for kongeriket Norge og Hårfagreætta. Forteljinga om Gyda fell saman med skildringane av dronning Ragnhilds draum og Halvdan Svartes hauglegging i forhold til å vere element i ei skapingsmyte av eit norsk kongerike der Hårfagreætta skulle ha makta. Og forteljinga om Snøfrid er saman med Halvdan Svartes draum sentrale element i ei opphavsmyte for denne kongsslekta. Så mange mytiske element i samband med forteljinga om rikssamlinga er det berre Snorre som har.

## Kapittel 4 - Hårmotivet knytt til Harald Hårfagre

Det verkar spesielt at hår skal ha ein stor posisjon i ei forteljing som tydelegvis er vorte til for å varsle koma til ei slekt som skal bli sentral i styringa av eit land. Logisk sett er hår noko ein ikkje kan styre; det er ikkje kraft i ein hårlokk til å dikte eit kvad eller svinge eit sverd. Hår er i realiteten daut. Det kan for mange vere eit positivt trekk ved ein persons utsjånad, men i hovudsak er det mykje bry. Noko alle som har prøvd å vere aktive med langt hår veit veldig godt. Likevel skal Siv hår i skaldediktinga ha vore ein av dei mange kjenningane for gull,<sup>135</sup> og det er fleire forteljingar i Heimskringla om korleis hår er nytta som symbol på makt, prestisje og illustrasjon på legitimitet. Til dømes kan ein sjå på forteljinga om forsøket på avrettinga av jomsvikingen Sigurd Buesson frå saga om Olav Tryggvasson:

Så satt det en mann som var vakker og hadde stort hår; han sveipte håret fram over hodet, rakte fram halsen og sa: ”Ikke søl blod i håret.” En mann tok håret i handa og holdt det fast. Torkjell løftet øksa og hogg; vikingen nappet til seg hodet så hardt at den som holdt håret gav etter, og øksa falt ned på begge hendene hans og tok dem av, øksa gikk rett ned i bakken. Da kom Eirik jarl til og spurte: ”Hvem er denne vakre mannen?” ”De kaller meg Sigurd,” sa han, ”og jeg går for å være sønn til Bue. Ennå er ikke alle jomsvikingar døde.” Eirik sa: ”Du må sannelig være en sann sønn til Bue. Vil du ha grid?” spør jarlen.<sup>136</sup>

I denne forteljinga er håret til vikingen eit positivt trekk ved hans utsjånad som han ved mot og list greier å nytte til å redde sitt eige liv. Forteljingane om hår knytt til Harald Hårfagre er sjølvsagt av ein litt annan karakter og med ein annan funksjon; dei er med på å underbygge hans posisjon som rikssamlar og legitimiteten til hans etterkommarar. Men innanfor begge rammene er hår noko som kan nyttast legitimerande, og ingen hadde vel klaga over å ha hatt store mengder av Sivs hår.

Me har tidlegare sett på skildringane av draumen til Halvdan Svarte og vore så vidt innom forteljinga om korleis Harald Hårfagre skal ha fått tilnamnet sitt. Dette er viktige element i ei analyse av hårmotivet knytt til Harald Hårfagre, og det kan nok hende at nokon av dei same observasjonane blir teke litt opp att. Men det er nødvendig for å gje eit komplett bilete av denne førestillinga. I dei førre kapitela har eg tala om dei mytiske skildringane frå Halvdan Svarte og kvinnene i Harald Hårfagres liv, og her vil skal eg tale om dei mytiske hårschildringane frå saga om Harald. I dette kapittelet vil eg fyrst gå inn på dei konkrete skildringar rundt hår knytt til Harald Hårfagre, og også sjå litt på den generelle bruken av symbolske motiv knytt til hår. Og så, som vanleg, sjå på kva dei andre kjeldene kan fortelje oss innanfor dette feltet.

---

<sup>135</sup> Den Yngre Edda: s. 110-111

<sup>136</sup> Snorres Kongesagaer: s. 154-155

## 4.1 Forteljingar der hår har stor tyding i saga om Halvdan Svarte, Harald Hårfagre og elles i Heimskringla:

Den fyrste forteljinga der hår har ein spesiell funksjon er sjølv sagt den profetiske draumen til Halvdan Svarte i saga hans, som me såg på i kapittel to. Her er håret hans, som i denne draumen var full av lokkar av forskjellige lengder og forskjellige farger, ein illustrasjon på kongane som skal kome av ætta hans, og at dei sjølv sagt skulle bli menn med forskjellig livslengde, mot og med ulike ettermæle. Hådraumen blir i tolkinga knytt opp mot Olav den Heilages kome, og hans lokk skulle ha vore meir lysande og meir fager enn nokon annan. Denne draumen er i samanheng med draumen til Ragnhild, og begge er rett i forkant av Haralds fødsel, det vil seie at dei heilt tydeleg må vere knytt til han. Harald er den som skal mogleggjere dei storslegne elementa i draumane til foreldra sine, og gjere dei stordådane som draumane varslar. Draumane spår rikssamlaren som skal koma, og er med på å varsle denne utruleg hendinga.

I saga om Harald finn me også ei forteljing om hår, og sentralt i Snorres framstilling av Harald Hårfagres rikssamling står forteljinga om Gydas eggjing.<sup>137</sup> ”Hun har mint meg om noe”, sier han (Harald), ”som jeg nå synes det er underlig jeg ikke har tenkt på før.” Og så: ”Jeg gjør det løfte, og jeg tar Gud til vitne, han som skapte meg og rår for alt, at aldri skal jeg skjære håret eller kjemme det før jeg har vunnet hele Norge med skatter og skylder og fullt styre, eller også dø.”<sup>138</sup> Det store (kanskje litt lurvete) håret han fekk på grunn av løftet sitt om å ikkje klyppe det gav han tilnamnet Luva, som vart til Hårfagre då dåden var fullført og landet etter sigande skulle vere under hans kontroll. Klyppinga av håret skjer i all offentlegheit i eit gjestebod, og namngjevinga har alle teikn av ein seremoni eller livsrite av noko slag: det skjer i påsyn av mange som kan fortelja det vidare, han som klypper håret er ein viktig stormann, Harald får eit nytt namn, ein ny tittel og det tidlegare tilnamnet hans går over i noko ærverdig og som er verdt å akte og respektere. Håret som veks er ein illustrasjon på hans aukande makt, men det veksande håret er tydelegvis uryddig, det er ikkje vakkert, men kanskje ein nødvendighet? Når dåden er fullført må dette vitnast i ein offentleg seremoni, og den uryddige erobraren skal no ha vorte til ein ryddig herskar, som blir sett som førebilete for seinare kongar, som også får sin legitimitet som etterkommarar etter ham. Håret er illustrasjonen og symbolet på hans makt, og markerar hans overgang som herskar frå ein type maktperson; småkongen som har lukkast med

---

<sup>137</sup> Snorres Kongesagaer: s. 50-51 og 61

<sup>138</sup> Snorres Kongesagaer: s. 51

erobringane sine, til ein annan; ein konge som riktig nok har vunne seg heile landet med makt, men som no skal styre det som ein legitim herskarskikkelse.

Den mest kjente forteljinga i Heimskringla der hår spelar ei viktig rolle er ikkje knytt til Harald, men er historia om korleis Olav den Heilages hår og neglar skulle ha vokse så mykje mens han låg død i eit kiste i eit år, som det ville ha vokse på han i levande live.

Folk som hadde sett kong Olav da han falt, kunne tydelig se at hår og negler hadde vokst nesten så mye som om han hadde vært levende her i verden hele tida siden han falt. (...) Da lot biskopen ha ild i et fyrfat og velsignet den og la røkelse på den. Så la han kong Olavs hår på ilden, og da all røkelsen hadde brent opp, tok biskopen håret opp fra ilden, og da var det ikke svidd. (..) Så ble det avgjort etter biskopens utsagn og med kongens samtykke og hele folkets dom at kong Olav var virkelig hellig.<sup>139</sup>

I sogene om son til Olav og halvbror hans, som var dei neste norske kongane på trona, er det inkludert forteljingar om korleis det var dei personleg som stelte liket av Olav, det vil seie at dei klypte hår og neglar på han, og at ingen etter dei fekk tilgang på skrinet hans fordi det vart låst for godt. Helgenkongens hår var med å gjera han til helgen. Denne historia har viktige parallellar til forteljinga knytt til Harald Hårfagres hår, og eg meiner dei to historiene har same underliggande mønster, og kan ha opphavleg ha henta sin inspirasjon frå same kjelde, eller den eine historia kunne ha lånt og henta frå den andre. I begge forteljingane blir til dømes det oppretta ein ny status for personen på grunn av ei offentleg hending der håret er avgjerande for endringa. I Harald sitt tilfelle går han frå å vera erobraren til å bli herskaren, og Olav går over til å bli ein helgen.

Hårforteljingane i Heimskringla er ikkje veldig mange, og dei som er knytt til Harald er viktige element i rikssamlingsmyten. Håret i draumen til Halvdan er symbol på alle kongane som skal koma av ætta til Harald, og hans eige veksande hår er symbol på rikssamlingsprosessen. I Heimskringla er det også ein sterk relasjon mellom Harald og Olav den heilage, og hårmotivet som er felles for dei, er også med på å binde Heimskringla saman.

## 4.2 Bruk av hårmotivet i dei norrøne kjeldene:

Ågrip, slik den har overlevd gjennom hundreåra, byrjar slik:

... Deretter var han teken til einekonge. Han kallast Harald Luva då, for han var ikkje hårfager på den tid. Sidan var namnet hans brigda og han vart kalla Harald Hårfagre, av di han var ovende fager av utsjånad og hadde særleg vent hår.<sup>140</sup>

---

<sup>139</sup> Snorres Kongesagaer: s. 117

<sup>140</sup> Ågrip: s. 19

Også her er namnet Hårfagre viktig, og overgangen frå hans tidlegare tilnamn, Luva er framheva. Luva er den omsette forma for "lúfa" som er eit tilnamn som tyder tjukt og tett hår.<sup>141</sup> Sjølv om det ikkje er noko spesielt negativt med eit slikt tilnamn, så er Hårfagre eit namn som ikkje berre beskriv, men også prisar personen meir tydeleg. At ein person har tjukt og tett hår er som regel ikkje noko å skjemst over, men det har meir forma av eit tilnamn ein gjev til ein likemann, ikkje til ein stor og ærverdig herskar. Det er det eg meiner tilnamneskriftet i kjeldene skal symbolisere; Haralds overgang frå ein småkonge som andre stormenn kunne vere på likelinje med, til ein herskar. Med unntak av bruken av tilnamna Luva og Hårfagre på Harald så er det ingen skildringar i Ågrip i det heile som vektlegg hår, eller der hår har nokon spesiell tyding for skildringa av ein person.

Det finst ikkje nokon forteljing i Den eldste Noregs-historia som forklaring på Haralds tilnamn "Hårfagre", men alle stader Harald er nemnt så blir tilnamnet nytta. Heller ikkje er tilnamnet Luva nemnt noko her. Og det er tydeleg at for forfattaren av Den eldste Noregs-historia, så var kong Harald, den fyrste kongen og rikssamlaren, kjent og merknadsverdig med tilnamnet Hårfagre.

På same måte som i Den eldste Noregs-historia er det i Historien om de gamle norske kongene inga forteljing om korleis Harald kan ha fått sitt tilnamn, men også her er han stadig nemnt med det tilnamnet. Det skal også nemnast at denne kjelda ikkje har nokon eigentlege forteljingar knytt til Harald Hårfagre, berre at han var den fyrste kongen forfattaren kjente til og at han skulle ha hatt einemakta i riket i 70 år før han døydde.<sup>142</sup>

Som me har sett tidlegare i oppgåva finn me i Fagerskinna ei skildring av draumen til Halvdan Svarte som er om lag identisk med forteljinga i Heimskringla. Og Fagerskinna er også elles oppteke av skildringar knytt til hår rundt kong Harald. Harald blir presentert som ein mann med "stort hår med en underlig farge. Det tyktes mest lik fager silke."<sup>143</sup> Men viktigast av alt har Fagerskinna same førestelling om at Harald ikkje ville klyppe håret sitt før han hadde "skatt av hver oppdal og hvert utnes, så vidt som Norge er øst til skogene og nord til havet".<sup>144</sup> Fagerskinnas forfattar nemnar ikkje Gyda eller nokon annan direkte grunn til at

---

<sup>141</sup> Norrøn ordbok: s. 277

<sup>142</sup> Historien om de gamle norske kongene: s. 49

<sup>143</sup> Fagerskinna: s. 16

<sup>144</sup> Fagerskinna: s. 24

han skulle kome med eit slikt løfte. Harald lukkast med sine ambisjonar, og går gjennom den same offentlege seremonien som i Heimskringla:

Etter dette skapte han fred i landet, og tok skatter både langs kysten og inne i landet. Nå var Harald blitt fullvoksen i styrke, vekst og råd. Hans hår var langt og floket, derfor ble han kalt Luva. Da skar Ragnvald Mørjarl hans hår og gav ham namn og kalte ham Harald den Hårfagre.<sup>145</sup>

I forhold til Olav er det ikkje noko forteljing knytt til hår i Fagerskinna, og med unntak av skildringane knytt til Harald Hårfagre, er hår element i forteljinga to stader: Forteljinga om jomsvikingen som nytta håret sitt for å skaffe seg fridom,<sup>146</sup> sjølv om han i Fagerskinna blir kalla Harald Buesson, ikkje Sigurd. Og i skildringa av Håkon jarl (den unge): ”hans hår var stort og fagert som silke”.<sup>147</sup> Fagerskinna har same forteljing som Heimskringla i samband med Haralds hår, og ein ser altså her i alle fall ei kjelde som Snorre kan ha henta denne førestillinga frå. Så nok ein gong er det tydeleg at ei viktig forteljing for å understreke Harald Hårfagres makt og Hårfagreættas legitimitet ikkje er funne opp av Snorre for å passe inn i forteljinga hans. På same måten som med draumen til Halvdan Svarte har Snorre take denne skildringa frå i alle fall ein av sine forgjengarar, eller så var dette ei forteljing og ei førestilling som var veldig godt kjent i Snorres samtid.

Ser ein desse fem kjeldene saman så går det nesten ikkje ann å unngå å sjå fellestrekk mellom Heimskringla-Fagerskinna-Ågrip. Den eldste Noregs-historia seier lite om Harald Hårfagre akkurat som Historien om de gamle norske kongene, så difor er det vanskelegare å sjå fellestrekk mellom dei kjeldene på akkurat det området. Men det er verdt å merke seg at alle stader er kjeldene heilt tydelege på at kong Harald, den fyrste konge i landet og son av Halvdan Svarte,<sup>148</sup> var kjent med tilnamnet Hårfagre. Også i saga om Egil Skallagrim finn me same førestillinga om tilnamnet, og at:

Harald, son til Halvdan Svarte, hadde teki arv etter far sin aust i Vika. Han hadde gjort den lovnaden å ikkje skjera eller kjemma håret sitt før han vart einevaldskonge over Noreg. Han var kalla Harald Luva.<sup>149</sup>

Denne saga er også truleg eldre enn Heimskringla, og enkelte forskarar har argumentert for at Snorre også har skrivi denne. Det er det derimot lite belegg for, sidan forklaringane om samanfallande skildringar tyder lite når ein ser på korleis Snorre henta skildringar frå andre verk, sjå til dømes på skildringane av forteljinga knytt til Harald og Snøfrid i Heimskringla og Ågrip, og skildringane knytt til Halvdan Svartes draum i Snorres verk samanlikna med Fagerskinna.

---

<sup>145</sup> Fagerskinna: s. 27-28

<sup>146</sup> Fagerskinna: s. 118

<sup>147</sup> Fagerskinna: s. 161

<sup>148</sup> Halvdan Svarte er ikkje nemnt i Historien om de gamle norske kongene.

<sup>149</sup> Egilssoga: s. 13



Hårmotivet knytt til Harald Hårfagre i Heimskringla symboliserar både hans eige makt, og ætta etter ham. Alle dei viktigaste kjeldene for denne oppgåva identifiserar den fyrste norske kongen som kong Harald, alle gjev han tilnamnet Hårfagre, og mange samsvarar også på Luva som det opphavlege tilnamnet. Observasjonane på desse skildringane gjer det umogleg å konkludere med at denne førestillinga og desse historiene er noko Snorre skulle ha dikta opp sjølv. Her er det heilt klinkande klart at hårforteljingane knytt til Harald Hårfagre ikkje er veldig mykje anna enn ein del av førestillingane som var kjent i Snorres samtid, og at han har skrivi av tidlegare kjelder. Og eg vil framheve at det er ingen tvil om at dette ikkje er førestillingar som kan ha kome direkte frå Snorres eigen fantasi, eller at han her dikta opp desse forteljingane for å skulle legitimere Hårfagreætta. Ser ein på kjeldene i det heile er ein konklusjon av Snorre som diktar på dette området fullstendig umogleg. Skildringane i dei forskjellige kjeldene har alt for mykje til felles med kvarandre. Det einaste punktet han skil seg ut på er at han har, ikkje berre ei forklaring på tilnamnet, men også ei forklaring på løftet han skulle ha kome med om å ikkje skjera håret sitt før han hadde vunne seg heile Norge. Men som me såg i det førre kapitelet, så er det ei yngre kjelde som talar om Gyda, Flateyjarbók, noko som tydar på at det vart sett lit til Snorres forteljing av seinare mellomalderhistorikarar.

## Kapittel 5 – Odel

Dei førre kapitla har teke utgangspunkt i skildringar med klar mytisk tyding, og legitimerande funksjon. Forteljinga om korleis Harald Hårfagre skal ha teke all odelen i Norge som sin private eigedom har ikkje ein utprega mytisk karakter, men har ei direkte tyding som er så viktig for rikssamlingsmyten knytt til Harald, at førestillinga på ingen måte kan utelatast frå ei analyse av denne. Samtidig vil me i seinare kapittel sjå at denne eigedomsretten til Norge er veldig viktig i dei seinare referansane til Harald Hårfagre.

Dette kapittelet vil fyrst sjå på og analysere førestillinga om korleis Harald Hårfagre tok odelen, så sjå på forteljinga om korleis odelen vart gjeve tilbake til folket av Håkon Adalsteinsfostre, før eg vil sjå på legitimitetsaspektet. Sjølv sagt vil eg også i dette kapittelet samanlikne med dei andre hovudkjeldene for å ikkje berre analysere Snorres bruk av omgrepet, men også om hans nyttegjering er typisk. Mykje av kapittelet vil gå inn på skildringar som kjem etter saga om Harald i Heimskringla. Eg meiner den totale bruken av odelsomgrepet i Heimskringla i stor grad heng saman med førestillinga om Harald Hårfagre som den som tok odelen, og difor er alle aspekt ved dette omgrepet teke med i dette kapittelet. Samanlikningane vil her skje etter greiegjeringane og analysane av den forskjellige bruken av omgrepet i Heimskringla.

### 5.1 Nyting av odelsomgrepet i Heimskringla:

Odel er eit fenomen som har vore og er svært viktig for enormt mange i Norge. I dag tyder odelsrett at den næraste arvingen til ein gard har rett til å overta eigedomsretten til den garden, dersom den har vore i familiens eige i meir enn tjue år. I tillegg til at odel tyder ein slags ekstra eigerett – som i omgrepet til odel og eige. Odel heng vanlegvis saman med eigedom, spesielt dyrka mark. I Heimskringla er omgrepet odel nytta ein del i heile verket, og me finn det nytta i atten situasjonar.<sup>150</sup> Enkelte av nemningane er relativt nøytrale, og ser ut berre til å tyde eigedom, samtidig som at fyrste gong omgrepet er brukt, er det i samband med Harald Hårfagre, og Olav den heilage nyttar stadig omgrepet for å legitimere si makt i Norge. Odelsomgrepet blir ikkje nytta i samband med nokon av kongane mellom Håkon den gode og Olav, og etter saga til Olav blir odel berre nytta nøytralt ein gong, dei tre andre er i

---

<sup>150</sup> Snorres Kongesagaer: s. 51, 79, 86, 89, 216, 226, 229, 240, 244, 246, 252, 300, 304, 321, (del to): 129, 162, 220 og 301

lovprisande skaldekvad som til dømes frå saga om Harald Hardråde: ”Din odel var deg eslet med rette.”<sup>151</sup> Bruken av odelsomgrepet i Heimskringla ser ut til å vere eit eksempel på ei skildring som fungerte som legitimitet for kongane av Hårfagreætta, særleg i saga om Olav den heilage, og nok eit omgrep som Snorre nyttar for å binde saman forteljingane om Harald og Olav. Utanom dei relativt nøytrale nemningane, som berre tyder eigedom, er odelsomgrepet nytta i tre samanhengar i Heimskringla: Harald Hårfagre som legg under seg odelen, Håkon den gode som gjev odelen tilbake til folket og odel som legitimitet fyrst og fremst for Olav den heilage.

## 5.2 Harald Hårfagre og odelen – takinga av odelen:

Det er talande at Snorre seier i saga om Harald Hårfagre at : ”Kong Harald innførte den rett overalt hvor han vant rike under seg, at han tok all odel under seg som sin eiendom og lot alle bønder både store og små betale landskyld.”<sup>152</sup> Dette er fyrste setninga i saga om Harald i Heimskringla som fortel noko som helst om han som organiserar, og fyrste gongen omgrepet odel blir nytta i heile verket. Snorre vektlegg denne førestillinga i svært liten grad etter denne formuleringa. Det at Harald skulle ha teke odelen som sin eigedom er berre nemnt i den forma sitert ovanfor. Sjølv om dette tydelegvis har ei svært viktig symboltyding berre utifrå denne nemninga, så er det også meir i Heimskringla rundt forteljinga som viser kor viktig denne førestillinga må ha vore for Snorre: Harald hadde hatt all odel i Norge, hans etterfølgjarar fekk landet i arv etter han, slik han ifølgje Snorre si framstilling hadde hatt det. Dette er ei forteljing som har enormt potensiale i forhold til underbygging av legitimiteten til seinare kongar. Å vera etterkommar og etterfølgjar av ein konge som til sigande har hatt all jord i heile landet under sin personlege kontroll, er ei førestilling som ikkje berre på eit abstrakt plan er sentral i å grunnje makt. I all historie er område som ”me har eigd” ei kime til strid for folkegrupper og nasjonar over heile verda, og nesten gjennom alle verdas tider. Me har i moderne historie sett at slike krav har ein legitimitet for folk sjølv om kanskje også fleire hundreår har gått sidan nasjonen dei er ein del av faktisk hadde kontroll over områda det er tale om. Frå norsk kultur er det framleis mange som fleipar om at me snart må ta tilbake Jemtland og Härjedalen, og folk frå dei områda som utmerkar seg internasjonalt har norsk presse enkelte gonger omtala som ”eigntlege nordmenn”. For kongane i Norge på 1000-1100-talet og utover, og for andre som ætta frå Harald, må ei slik forteljing og ei slik førestilling ha utøvd ein slik tyding ein nesten ikkje kan, og kanskje heller ikkje treng, utdjupe

---

<sup>151</sup> Snorres Kongesagaerr: del to s. 162

<sup>152</sup> Snorres Kongesagaer: s. 51

med ord. Harald hadde hatt all odel i Norge, hans etterføljarar fekk landet i arv etter han, slik han ifølgje Snorre si framstilling hadde hatt det. Dette er ikkje ei forteljing som har veldig tydeleg mytepreg i seg sjølv, men som har eit enormt potensiale i forhold til underbygging av legitimitet for seinare kongar.

I nært samband med forteljinga om korleis Harald la under seg odelen er også forteljinga om kva han gjorde då sonene hans byrja å bli vaksne:

Kong Harald lyste da til stort ting øst i landet og stevnte opplendingene dit. Da gav han sønnene sine kongsnavn og gjorde det til lov at hans ættmenn skulle få kongedømmet hver etter sin far, og jarledømme skulle den ha som var kommet av hans ætt på morssida.<sup>153</sup>

Desse skildringane er ei sterk legitimering av Hårfagresættas makt i det som seinare vart kongeriket Norge. Harald hadde fyrst lagt under seg heile landet og all eigedom i det, og så gjort det til lov at kongesøner av hans ætt skulle ha kongedømmet etter sin far. Dette gav legitimitet ikkje berre til hans eige søner, men òg alle deira mannlege etterkommarar i direkte line. Slik har han i følgje saga lagt både ideologisk, lovmessig og reint praktisk grunnlag for dei seinare makthavarane av hans ætt.

I Ågrip blir det ikkje sagt noko om odel i samband med skildringa av Haralds maktekspansjon, men derimot kan ein lese der at han ”eigna til seg Noreg som einevaldsherre fyrst av alle kongar.”<sup>154</sup> Det finst ikkje noko spor av ei førestilling om Norges odel knytt til Harald Hårfagre i Fagerskinna. I staden har me også der ei svært talande skildring om hans maktekspansjon: ”Det var hans mål å bli herre over Norges rike, og av hans ætt er landet hevet til ære like til våre dager, og slik vil det alltid være.”<sup>155</sup> Samanlikna med hovudkjeldene for denne oppgåva er altså Snorres vektlegging av odelsomgrepet i samband med rikssamlingsmyta noko nytt som ingen av dei fire andre kjeldene har noko direkte spor av. Men sjølv om denne forteljinga ikkje finst i dei andre kongesogene, har me eksempel på ei kjelde som inneheld nøyaktig den same førestillinga som Heimskringla; saga om Egil Skallagrimsson:

I kvart eit fylke eigna Harald til seg all odel og alt land, bygd og ubygd, og jamvel sjøen og vatna, og alle bønder skulle vera hans leiglendingar. Også dei som arbeida i skogen, saltbrennarar og veidemenn, både på sjø og land, dei skulle alle lyda han.<sup>156</sup>

---

<sup>153</sup> Snorres Kongesagaer: s. 70-71

<sup>154</sup> Ågrip: s. 20

<sup>155</sup> Fagerskinna: s. 16

<sup>156</sup> Egilssoga: s. 16

Her har me altså eit anna eksempel på forteljing om Haralds herredømme over Norge, og det påfallande her er jo sjølvstekt at denne saga ikkje er skapt for å skape legitimitet for kongane av Hårfagreætta, for her er Harald og hans søner skuld i mykje av ulukkene til hovudpersonane. I denne saga er ikkje Haralds tilegning av alt landet i Norge ei legitimerande faktor, men heller ein faktisk grunn til at så mange skulle ha gjort valet å flykte for han og hans styre.

### 5.3 Håkon Adalsteinsfostre og odelen – tilbakegjeving av odelen

Etter Harald Hårfagre tok fyrst sonen Eirik over makta i Norge, før yngste sonen, Håkon, kom tilbake frå England og tok trona frå broren. I følgje Snorre så var noko av det fyrste Håkon den gode gjorde var å gje odelen tilbake til folket;

Håkon åpnet talen sin med å be bøndene gi ham kongsnamn, og bad dem også om å følge ham og gi ham makt til å holde kongedømmet; han bød dem til gjengjeld å gjøre alle bønder til odelsbårne og gi odal til dem som bygslet. Etter denne talen ble det slikt bifall at hele bondemugen ropte og skreik at de ville ta ham til konge, og så ble gjort.<sup>157</sup>

Dette er ei handling som understrekar og minnar om at Harald skulle ha hatt herredømmet over heile Norge, noko som gjer det mogleg for Håkon å gje den tilbake, og derfor er dette ei handling han kan gjere som følgje av hans arv frå Harald. I forteljinga om takinga av odelen, og den vidare lovfestinga av kongsrett til Haralds mannlege etterkommarar finn me omgrepsapparatet som legitimerar denne arven frå Harald som Håkon her nyttar.

Det er verdt å merke seg at overlating av odelen tilbake til bøndene var ei gåve: I vikingtida var ”gåva aksens samfunns politikken dreidde seg om”.<sup>158</sup> Det vil seie at høvdingar og stormenn nytta gåver for å knytte band med bønder, mellom kvarandre, og til menneske mektigare enn dei sjølve. Dette var fordi ein ikkje kunne avslå ei gåve utan å fornærme givaren, ei gåve måtte gjengjelde i minst like stor grad, og dei som ikkje kunne kome med ei god nok motgåve, måtte gjengjelde med politisk støtte eller teneste.<sup>159</sup> Ei gåve beståande av landområde kunne for det meste og for dei fleste ikkje gjengjeldast, og teneste var den mest vanlege gjengåva på tildeling av eigedom eller eigedomsrett. Og på den måten er ikkje førestillinga knytt til Harald Hårfagre og takinga av odelen det minste svekka av det Håkon skulle ha gjort, den er derimot vidareført og styrka ved at forteljing om konkret eigedom er gjort om til ei førestilling om ei gåve folket ikkje kunne gjengjelde på nokon annan måte enn å ta Håkon til konge og vere hans lojale undersåttar. Forteljingane knytt til odal om Harald og

<sup>157</sup> Snorres Kongesagaer: s. 79

<sup>158</sup> Jon Viðar Sigurðsson 1999: s. 28

<sup>159</sup> Jon Viðar Sigurðsson 1999: s. 28

Håkon er nært samanbundne; det Håkon gjer er å fullføre Haralds handlingar for ettertida ved å setja alle gardeigarar i Norge i evig takksamsgjeld til Harald og Håkon sine etterfølgjarar.

Me har ei episode frå Egilssoga som indikerar at ei jordgåve også kunne trekkast tilbake, sjølv om det hadde gått veldig lang tid sidan den vart given. Der blir ein som sonen til Egil har vore i konflikt med fråteke sin eigedom fordi han ikkje overhelt markgrensene mellom sin gard og Borg, sjølv om hans mark var gjeve til hans bestefar av Skallagrim.<sup>160</sup> Det vil seie at når barnebarnet til den som opphavleg mottok eigdommen i denne forteljinga ikkje førte seg åt slik han skulle mot barnebarnet av givaren, så blir det brukt som grunn til å ta frå han denne marka. Dersom dette ikkje er eit heilt unikt tilfelle, men ein indikasjon på at jordgåver i visse tilfelle kunne trekkast tilbake, så er gåva frå Håkon ikkje berre ei stadfesting av hans arverett til herredømmet over odelsjorda i Norge, men også eit teikn på at dette var ei gåve som kunne trekkast tilbake av dei med arverett frå Harald. Det må gje kongane av Hårfagreætta i alle høve ei svært sterk ideologisk makt.

I Håkons tilfelle er ikkje gjevinga av odelen ei direkte grunngeving av maktutøving utanom det at han fekk makta i landet. For når han prøver å kristne folket får han motbør, og sjølv om dei trudde at då ”vi hadde tatt deg til konge og fått odelen vår av deg, at vi hadde grepet himmelen med hendene”, så vil dei ikkje at han skal få ”trelbinde oss om igjen på denne underlige måten”.<sup>161</sup> Tydelegvis kunne ein ikkje berre ut frå arverett og eigedsrett til odelen kome med krav til folket av alle slag, og han blir her minna på at han har fått støtte på grunn av denne gåva, men at han kanskje tydelegvis ikkje burde misbruke denne støtta.

I Ågrip var det ikkje noko nemning av odel i samband med Harald Hårfagres maktekspanasjon, og då er det heller ikkje overraskande at omgrepet heller ikkje er nytta i samband med Håkon den gode. Striden hans med trøndarane om kristendommen er nemnd, men ein har ikkje noko ny dramatisk tale om himmel og trelbinding i den. Og det same er tilfelle i Den eldste Noregs-historia, Historien om de gamle norske kongene og Fagerskinna – heller ikkje der er det noko forteljing om odel knytt til korkje Harald Hårfagre eller Håkon den gode.

---

<sup>160</sup> Egilssoga: s. 202-203

<sup>161</sup> Snorres Kongesagaer: s. 89-90

## 5.4 Legitimitet som følge av odal – Hårfagreideologi?:

Harald Hårfagres tileigning av odalen og Håkon gode som gjev den tilbake til folket er verkeleg viktige forteljingar for å underbygge makta og legitimiteten til kongane av Hårfagreætta. Men ikkje før ein kjem til Olav den heilage blir verkeleg bruksområdet nytta i legitimerande samanheng. Faktisk er det ingen nemningar av omgrepet odal mellom Håkon og Olav. Det er ei tydeleg førestilling i Heimskringla om at dei som gjorde krav på kongsmakta i Norge hadde grunnlag for å gjere det fordi dei stamma frå Harald Hårfagre, dermed hadde odal til kongedømmet. Olav den heilage, som seier han er odelsbåren til ”kongedømmet etter de lovene Harald Hårfagre satte”<sup>162</sup>, fekk i ein draum beskjeden om å ”dra tilbake til odalen din, for du skal bli konge over Norge til evige tider.”<sup>163</sup> I den delen av saga til Olav som handlar om hans rett til den norske trona, og korleis han skal ha gått fram for å vinne den, er odal eit omgrep som blir nytta veldig mykje. Ikkje alltid for å underbygge Olavs legitimitet, men for det meste er det nettopp denne funksjonen nytting av omgrepet har. Og det er i samband med forteljinga om Olavs maktekspansjon at omgrepet er nytta mest: Totalt er odelsomgrepet nytta i atten forskjellige situasjonar i Heimskringla, og ti av desse er frå saga om Olav den heilage. Til dømes blir dette sagt i hans strid med Erling Skjalgsson: ”Men veitslene vil jeg dele ut som jeg sjøl synes, og ikke late som lendemenn skulle være odelsbårne til ættearven min.”<sup>164</sup> Og den samanhengen der odal er mest vektlagt i heile Heimskringla er forteljingar om Olav og andre frå Hårfagreætta som skulle vere odelsbårne til arven etter Harald Hårfagre og kongane etter han.<sup>165</sup>

Gunnhild Røthe har nytta omgrepet ”hårfagreideologi” i ein artikkel om Olav den Heilage, og forklart det som førestillinga om at Norges odal var i hendene på Hårfagreætta, og at Olav skal ha vidareført denne arven.<sup>166</sup> Sjølv om hennes fokus ser ut til å vere å skulle tolke begge dei profetiske draumane i saga om Halvdan Svarte til å eigentleg handle om Olav, og ikkje ser ut til å sjå på Harald Hårfagre som noko særleg anna enn ei god legitimerande forteljing for helgenkongen, er det ingen tvil om at omgrepet hårfagreideologi har noko i seg. Snorres skildringar indikerar eit svært sterkt band frå Harald til Olav, og Olavs rett til kongedømmet frå dette bandet tilbake til Harald blir understreka. Men Røthe seier om dronning Ragnhilds draum i artikkelen at ”Snorre synes å være innforstått med at de hvite greinene symbolisere

---

<sup>162</sup> Snorres Kongesagaer: s. 226

<sup>163</sup> Snorres Kongesagaer: s. 216

<sup>164</sup> Snorres Kongesagaer: s. 246

<sup>165</sup> Snorres Kongesagaer: s. 226, 229, 244 og 246

<sup>166</sup> Røthe 2008: s. 127

Olavs martyrhellighet, man han overfører denne symbolikken frå treet i Ragnhilds drøm til håret i Halvdan Svartes drøm.”<sup>167</sup> For meg blir ein slik overføring grunnleggande feil av to grunner; nummer ein er at i staden for å tolke Snorres framstilling slik den er skrivi, så tolkar ho den slik ho vil den skal ha vore skrivi for å understreke hennar tolking av Snorres som hagiograf i forhold til Olav den heilage, og nummer to: eg meiner det på ingen måte er sikkert at forteljingane om Harald berre skal tolkast som ein forløpar og legitimitet for Olav. Men heller at forteljingane om Harald Hårfagre blir styrka og forlenga ved sambandet til Olav den heilage, og at Olav dermed har noko å hente sterk ideologisk legitimitet frå.

Hårfagreideologi er etter mi oppfatning eit nyttig omgrep dersom ein ser på rikssamlingsmyten knytt til Harald som ei myte i den forstand at den er ei eksemplarisk forteljing for å understreke makta til enkeltpersonar frå ei slekt, og at ein kan sjå inspirasjon og mytiske mønster i mange av skildringane. Å ta forteljingane til Snorre og gje dei ein annan fasit enn sjølve tolkingane i Heimskringla, og gjere denne fasiten til einaste rette, slik som Røhte gjer, er å grovt undervurdere Snorre som forteljar. Alle forfattarar veit at symbolikk dei nyttar kan tolkast på fleire forskjellige måtar, og i mange tilfelle er dei ute etter ein tvitydigskap, men å seie at den tolkinga som er presentert i ei kjelde er ”feil”, er å gjere ei grunnleggande tabbe som historikar; ein skal ikkje presse kjeldene til å passe sin eigen teori, men skal utforme sin teori etter kjeldene. Det kan hende at Snorre har meint at dei kvite greiene på treet Ragnhild drøymmer om også skal ha vore ei referanse fram til Olav den heilage. Men det kjem me aldri til å kunne vite sikkert. Og det er mangfaldige eksempel på at skildringar i Snorre si framstilling har svært mykje til felles med mytiske forteljingar og mønster. Det me derimot kan vite sikkert er Snorres eigen tolking av draumen, som fastsett utan tvil at dette handlar om Harald Hårfagre. I saga om Halvdan Svarte kjem draumen til Halvdan rett etter draumen til Ragnhild, og der er referansen utan tvil i stor grad framover mot Olav, men dronning Ragnhilds draum handlar om Harald, og odelen som han skulle ha lagt under seg er med på å gjere han til den store rikssamlaren som ”bredde seg ut over heile landet og enda lenger.”<sup>168</sup> Derfor syntes eg omgrepet hårfagreideologi er eit godt eit, men i den historisk-politiske forma, altså med direkte referanse til den faktiske forteljinga knytt til tilegninga av odel, ikkje med hovudvekt på Olav den heilage. Han er berre ein av fleire kongar som hentar sin legitimitet frå Harald i Heimskringla, sjølv om han er den der det er mest framheva, og den der odelslegitimitet er mest tydeleg.

---

<sup>167</sup> Røthe 2008: s. 129

<sup>168</sup> Frå Dronning Ragnhilds draum i Snorres Kongesagaer: s. 44



Me har også eksempel i Heimskringla på korleis Olav den heilage aktivt skal ha nytta førestillingar om arv og odel etter Harald Hårfagre som eit middel for å auke si eiga makt:

Kongen svarte. Han tok først til å tale om hvordan Harald Hårfagre hadde tatt all odelen på Orknøyene, og jarlene hadde alltid siden hatt øyene i len og aldri til eiendom. ”Det kan vi se av det,” sa han,” at da Eirik Blodøks og sønnene hans var på Orknøyene, så stod jarlene under dem, og da min frende Olav Tryggvason kom dit, ble Sigurd jarl, far din, hans mann. Nå har jeg tatt hele arven etter kong Olav. Jeg stiller deg det vilkår at du skal bli min mann, og så skal jeg gi deg øyene i len. Om jeg så gir deg min støtte, så får vi se hva som hjelper mest, det eller den hjelpen Torfinn bror din kan få av skottekongen. Men går du ikke med på det vilkåret, så vil jeg gjøre krav på den odel og eiendom som våre frender og forfedre har hatt der vest.”<sup>169</sup>

Odel er her altså presentert som eit ganske effektivt verkemiddel for å fremme sine eigne politiske interesser, og som viktig historisk legitimitet. Olav nyttar i denne skildringa omgrepet svært aktivt for å hevde og styrke sin eigen makt over Orknøyane, ikkje berre som ein takk for hjelpa, men som eit krav uavhengig av om Bruse ville ha støtte på desse villkåra eller ikkje. Tidleg i saga om Olav er det lagt svært stort fokus på hans odelsrett som følgje av hans fødsel: at han var ættebåren til kongedømmet i Norge, og her får omgrepet ein anna og litt meir aktuell bruk: for argumentasjon for utviding av makt. Førestillinga om eit samband mellom makttakinga på Orknøyane og Harald Hårfagre finn me for så vidt også eit eksempel på i Den eldste Noregs-historia: Men der blir det berre sagt at vikingar av ætta til Rangvald den sterke drog over havet og la desse øyene under seg ”i dagane til Harald Hårfagre, Noregs-kongen.”<sup>170</sup> I og med at verket er svært knapt er det verdt å merke seg at han er nemnt med namn, men samtidig kan ikkje bruken at namnet hans seiast å vere stort meir enn utelukkande kronologisk i denne samanhengen. Olav den heilages bruk av odelsrett til Orknøyene ved sin avstamming frå Harald Hårfagre er noko som berre Heimskringla inneheld av dei fem hovudkjeldene for denne oppgåva. Det er heller ikkje spor av noko førestilling om særleg samband mellom Harald og Orknøyane i noko av dei andre hovudkjeldene for denne oppgåva med unntak av Den eldste Noregs- Historia. Fagerskinna seier rett ut at ”kong Olav var den første av Norges konger som la under seg og tok skatt av Orknøyene og Hjalmland og Færøyene.”<sup>171</sup> Men i Historien om de gamle norske kongene seier Theodoricus i forteljinga om Olav Tryggvason at ”Orknøyene lå under kongen av Norge,”<sup>172</sup> men det seiast ikkje nok om når Orknøyane skal ha vore lagt under Norge, eller kven som skulle ha gjort det.

I Ågrip blir omgrepet odel berre nytta berre ein gong, og då i eit skaldekvad om Olav Kyrre:

---

<sup>169</sup> Snorres Kongesagaer: s. 304

<sup>170</sup> Den eldste Noregs- historia: s. 22-23

<sup>171</sup> Fagerskinna: s.172

<sup>172</sup> Historien om de gamle norske kongene: s. 55

Odelen varde med skremsle  
Olav, og freds tale.  
Ingen konge torde  
krav gjera på riket.<sup>173</sup>

Denne nemninga er alt for lite til eit kan få noko inntrykk av forfattaren av Ågrip sitt syn på omgrepet, men samtidig visar det heilt tydeleg at noko førestilling om odelsrett knytt til Hårfagreætta ikkje på nokon måte er del av framstillinga i Ågrip. I Fagerskinna er tendensen den same som Ågrip; ikkje noko bruk av odelsomgrepet for å knytte det opp mot arven etter Harald Hårfagre. Til dømes er draumen Olav den heilage skulle hatt før han kom til Norge også nemnt i Fagerskinna, men der er ordlyden slik:

Der fikk han den åpenbaring at Gud ville han ikkje skulle dra lenger mot sør, men heller fare nord til Norge, sitt ættland, og der skulle han være konge til evig tid.<sup>174</sup> I Heimskringla derimot er som kjent beskjedent at han skulle reise tilbake til ”odelen din, for du skal bli konge over Norge til evige tider.”<sup>175</sup> I Fagerskinna under eit er omgrepet odel nytta seks gonger.<sup>176</sup> Tydinga til omgrepet her synes å utelukkande vere nøytral og tyde eigeidom, og bruken er mest i den seinare delen av verket. Det er ingen stad noko talar om nokon rett som følgje av odel eller det å vore odelsbåren til kongedømmet slik som Snorre talar om, men sjølv om også dei er relativt nøytrale har Fagerskinna eit par eksempel på bruken av odel som kan ha legitimerande tyding: Ei forteljing knytt til Olav Tryggvason, og ei knytt til Harald Hardråde:

Kong Olav var også vanskelig stedd; hans far var blitt tatt av dager og alt hans rike hærtatt, og han hadde vært utlåg frå sine frender og sin odel helt fra barndommen.<sup>177</sup>

Då han kom i Viken gjekk han av skipa sin og for til Opplanda til odelen sin, der som far hans hadde hatt rike, og bad om at bøndene skulle gje han kongsnamn etter det som han hadde arvtil.<sup>178</sup> (Mi omsetting)

Ut frå desse skildringane kan ein tru at odel også generelt hadde ein viss symboltyding i ein kunne nytte til legitimitet i samband med familieeigeidom i Fagerskinna, men ikkje i forhold til kongemakt. Snorres bruk av odelsomgrepet har ingen parallell i dei eldre kjeldene, og det er ingen av dei andre kjeldene som har det nære sambandet til Harald Hårfagre og legitimitet frå han ved å aktivt nytte odelsomgrepet. Det kan hende at Snorres bruk av omgrepet er tilfeldig, men på grunn av vektlegginga av det der det blir nemnt, og tydinga for framstillinga, meiner eg dette må ha vore eit høgst bevisst val i arbeidet med å skrive Heimskringla. Dette er

---

<sup>173</sup> Ågrip: s. 65

<sup>174</sup> Fagerskinna: s. 159

<sup>175</sup> Snorres Kongesagaer: s. 216

<sup>176</sup> Fagerskinna: s. 126 og Fagurskinna: s. 220, 239, 242, 250 og 297

<sup>177</sup> Fagerskinna: s. 126

<sup>178</sup> Fagurskinna: s. 242: þá er hann kom í Víkina, gekk hann af skipum sínum ok fór á Upplönd til óðala sinna, sem faðir hans hafði ríki haft, ok beddisk, at bæendr skuldu gefa hönnum konungs nafn eptir því sem han var borinn til.

eit eksempel som skil seg frå skildringane i resten av oppgåva ved at legitimiteten både er teke frå forteljingane om Harald og Håkons forhold til den norske odelen, og fordi skildringane i seg sjølv både svært sterkt understrekar retten Haralds etterkommarar skulle ha hatt over Norge, og blir av Snorre nytta veldig aktivt i samband med å legitimere Olav den heilages krav om verdsleg makt. Snorres bruk av odelsomgrepet gjer i seg sjølv ikkje Snorre til ein diktar; alle som skriv må (inntil ein viss grad) få velje sjølv kva for omgrep dei har lyst til nytte i si framstilling, og på det punktet skal ikkje Snorre skiljast ut frå alle andre, sjølv om den aktive bruken av omgrepet ikkje har nokon parallell i dei andre hovudkjeldene. Men i forhold til mi tese om Snorre som hovudsakleg redaktør i sitt arbeide så er det talande at forteljingane om korleis Harald tok odelen, og korleis Håkon gav den tilbake til folket, ikkje finst i dei andre kjeldene. Og sjølv om dette godt kan ha med vektlegging av førestillinga knytt til omgrepet i seg sjølv, og kva dei andre sogeforfattarane har meint var relevant, så er symboltydinga ut frå ei slik førestilling for sterk til at ein her kan utelukke at Snorre kan ha dikta opp desse historiene for å legitimere dei norske konganes rett over landet. Men det i seg sjølv tilseier som sagt ikkje at han arbeida med som ein diktar i forhold til rikssamlingsmyten knytt til Harald Hårfagre, for her er det tale om ordval, ikkje hele forteljingar dikta opp personleg av Snorre for å legitimere Hårfagreætta. Så langt meiner eg ein ut frå skildringane kan sjå tydeleg at Snorre i aller høgaste grad arbeida mest som ein redaktør i sitt arbeide med rikssamlingsmyten, og det som eventuelt verkeleg kan tale i mot dette er om han har dikta opp forteljingane om dronning Ragnhilds draum, Halvdan Svartes firedeling ved hans hauglegging og forteljinga om Gyda. I dei andre episodane eg har teke for meg er det heilt klart at Snorre har henta forteljingane frå andre og eldre kjelder, og sidan me ikkje kjenner til heile hans kjeldematerialet kan me heller ikkje vite sikkert når det gjeld dei historiene eg no har nemnt. Med unntak av dronning Ragnhilds draum så finn me att alle forteljingane nemnt ovanfor i yngre kjelder enn Heimskringla, og det kan tyde at Snorre og dei tekstane som fortel om til dømes oppdelinga av Halvdan Svarte har hatt ei felles kjelde som no er gått tapt, eller at dei seinare kjeldene har skrivi av Snorre sitt verk. Og dersom dei har skrivi av han, så tyder det i alle fall at dei sette lit til sanningsinnhaldet i Heimskringla. Mens odelsomgrepet fell litt utanfor desse andre eksempela, for sjølv om bruken av dette omgrepet er ein viktig del av Snorre si rikssamlingsmyte, og denne forteljinga er sentral i praktisk legitimering av Hårfagreætta si makt, så blir ikkje Snorre ein diktar ut frå denne samanhengen berre fordi han har vald å legge ekstra vekt på odelsomgrepet. Fagerskinna og Ågrip seier også at Harald la

under seg heile landet, at han var den fyrste einevaldsherren,<sup>179</sup> og einevaldskongen i Norge.<sup>180</sup> Det vil seie at førestillinga om Harald som den fyrste verkelege kongen i Norge er ikkje noko som berre Snorre har med, men som han har vald å formulere på ein litt annan måte, og i noko meir symbolsk ladde termar enn sine kjelder.

Det blir fortald i Harald Hårfagres saga at Harald tok all odel i landet som sin eigedom, og innførte same lov alle stader han la under sitt herredømme. Ein ser tydeleg berre på formuleringa at dette er ei viktig førestilling, og mange referansar til Harald etter saga hans i Heimskringla tek opp odelsretten til dei som er etterkommarane til Harald, og hans organisering som førebilete og legitimasjon for seinare kongars handlingar. Hans herredømmet over heile Norge, og hans og familien hans sin rett til dette kongedømme er ei førestilling som gjev Hårfagreætta enorm legitimitet. Snorre skil seg ut frå dei andre kjeldene med å ha med denne førestillinga, men det tyder ikkje nødvendigvis at sambandet mellom odelen og Hårfagreætta er noko Snorre har dikta opp sjølv, og sjølv om han ikkje har henta førestillinga knytt til odel frå andre kjelder, så er også fleire av dei andre kjeldene relativt klare på at det var han som la under seg Norge, slik som til dømes i Fagerskinna: ”Det var hans mål å bli herre over Norges rike, og av hans ætt er landet hevet til ære like til våre dagar, og slik vil det alltid være.”<sup>181</sup> Så sjølv om Fagerskinna ikkje nemnar omgrepet odel, er det ganske så tydeleg kva som er meint her, og Snorres forteljing er strengt tala ein variant av den same førestilling som Fagerskinna har, sjølv om den er meir understreka og nytta til å trekke liner gjennom Heimskringla.

---

<sup>179</sup> Ågrip: s. 20

<sup>180</sup> Fagerskinna: s. 28

<sup>181</sup> Fagerskinna: s. 16

## Kapittel 6 - Hauglegginga av Harald Hårfagre:

Ein gravhaug var i den norrøne kulturen eit symbol på makt, og haugane kunne også nyttast til kultisk aktivitet i forhold til utøving av den norrøne religionen og forfedrekult. Far til Harald Hårfagre, Halvdan Svarte skal i følgje framstillinga i Heimskringla ha fått fire haugar, og skal ha vorte delt opp for godt år og fred, noko som indikerar sambandet mellom det norrøne kultiske i denne samanhengen, sidan guden Frøy i Heimskringla får ein spesiell hauglegging for at ”da holdt år og fred seg.”<sup>182</sup> Så langt har me altså sett nøye på eit eksempel av ei hauglegging som gjev legitimitet for Harald, men det er også noko spesielt med Haralds eigen hauglegging. Nokon av dei mest sentrale norrøne forteljingsmønstra som lyser gjennom i historieskrivinga i Norden i mellomalderen er forteljingar knytt til ein helt sin lagnad, død og gravlegging, og i tilfellet med Harald Hårfagre har me forteljinga om ei spesiell gravlegging som er vinkla mot å skape varig legitimitet for Hårfagreætta. Fyrst vil dette kapitelet sjå på skildringa av hauglegginga i Heimskringla, før eg vil ta føre meg dei andre kjeldene

### 6.1 Skildringa i Heimskringla:

I følgje Snorre var Harald om lag 83 år gamal då han døydde (han var 80 år då han gav over riket til Eirik, og levde tre år til).<sup>183</sup> Snorre gjev så ingen detaljar når det gjeld hauglegginga hans, slik som med Halvdan, men derimot detaljert informasjon angåande sjølve haugen:

Kong Harald døde sottedød i Rogaland, han er hauglagt på Haug ved Karmsund. I Haugesund står en kirke, og like ved kirkegården i nordvest er kong Harald Hårfagres haug; vest for kirken ligger gravsteinen til kong Harald, den som lå over grava inne i haugen, og steinen er tretten og en halv fot lang og nesten to alen brei. Midt i haugen var kong Haralds grav, der stod det en stein ved hodet og en ved føttene og hella var lagt oppå dem, og så var det bygd en mur av stein på begge sider under. De steinene som var i haugen den gang, og som vi talte om her, de står nå på kirkegården der.<sup>184</sup>

Med andre ord så fortel Snorre oss her at Harald Hårfagres grav er opna. Og her i teksten står det at midt i haugen var kong Haralds grav (”Í miðjum hauginum var leg Haralds konungs”).<sup>185</sup> Steinane, som i følgje Snorre kom frå haugen, er tydelegvis vorte tillagde ein del tyding, sidan Snorre gjer så nøyaktige skildringar av dei, og kvar dei skulle ha vore på hans tid. Haugbrot, i likskap med haugreising, kravde store ressursar, og kunne ikkje utførast av nokre tjuvar i ly av natta. Eit haugbrot er på ingen måte synonymt med gravrøveri og kan symbolsk tyde mange forskjellige ting. Det at Snorre vissnok skulle ha visst ikkje berre kvar steinane var, men også

---

<sup>182</sup> Snorres Kongesagaer: s. 10

<sup>183</sup> Snorres Kongesagaer: s. 77

<sup>184</sup> Snorres Kongesagaer: s. 77

<sup>185</sup> Heimskringla I: s. 147

storleiken på dei, tydar på at dette var i alle høgaste grad omtala gjenstandar, og neppe resultatet av eit brotsverk. Relasjonen til dei norrøne mytane er langt mindre tydeleg enn det me såg i til dømes hauglegginga av Halvdan. Då Snorre skulle skildre lagnaden til rikssamlingskongen må han ha hatt eit mindre fritt spelerom: Det må ha vore viktig at forteljinga trekte liner bakover, samtidig som forteljinga gav legitimitet for dei seinare kongane, og at det ikkje var nokon element i denne forteljinga som ville tale mot Hårfagreætta i kristen mellomalder. Dette greier han ved å legge fokuset, ikkje på haugen eller haugbrotet, men på skildringa av området rundt og ved å gå rett over til tolkinga av dronning Ragnhilds draum. Opninga av ein haug kan vere eit brotsverk av politiske fiendar eller skattejegerar, men meir truleg er det ei kultisk hending utført av nokon med tilgang til haugen i samband med forfedrekult, eller til dømes uthenting av den dodes eigelutar som skulle fått ekstra kraft gjennom sin ferd inn i dødsriket. Som nemnt høyrer me ut kultisk aktivitet knytt til haugane til Halvdan Svarte i Flateyjarbók.<sup>186</sup>

Det som kanskje likevel er det mest merknadsverdige med denne forteljinga er at Snorre vektlegg så lite sjølv haugen, hauglegginga, eller gravopninga, og at det meste av skildringa hans går på å framheve sambandet med kyrkja som skal ligge ved haugen til Harald. Me ha sett korleis Snorre har tidlegare blanda Gud inn i eiden Harald skulle av sverja om å legge under seg heile landet, og når han no har døydd så er steinar frå hans opna haug vorte monument på ein kyrkjegard i Haugesund. Slik har Snorre fullført biletet av ein rikssamlar som både gjennom sitt liv i Heimskringla, og sin død, er knytt opp til den kristne guden som var den einaste aksepterte og tillate i Norge og på Island på Snorres tid. Harald Hårfagre levde på ei tid i Norge som gjer det veldig lite truleg at han sjølv kan ha vore kristen, men likevel er denne førestillinga svært sterk i Heimskringla, og som me tidlegare har sett så har ingen av dei andre hovudkjeldene for denne oppgåva eit samband mellom guddomleg legitimitet og rikssamlinga. Det verkar nesten som Snorre med vilje er ute etter å gje lesarane av hans verk ei så mystisk forteljing som mogleg. Harald blir i Heimskringla født etter storslegne mytiske draumar som varslar hans gjerningar og ætta som skal koma etter han, og hans gravlegging er mystisk og tvitydig: heidensk, men med tydeleg relasjon til det kristne.

---

<sup>186</sup> Flateyjarbók: s: 567

## 6.2 Skildringane knytt til Haralds død i dei andre sogene:

Det er ikkje noko skikkeleg forteljing knytt til Haralds død i Ågrip, berre ein knapp setning:

”Deretter andast han i Rogaland og vart hauglagt på Haugen opp frå Hasseløysund.”<sup>187</sup> Her er det verkeleg lite å trekke til felles med forteljinga i Heimskringla, som ikkje berre seier korleis han døydde og kvar han vart hauglagt, men også gjev oss mange detaljar knytt til staden haugen hans har vore og storleik og form på steinar som er teke ute av grava hans. Men samtidig kan ein lese ei interessant skildring i Ågrip i forhold til forteljinga om haugen til Harald Hårfagre: I Heimskringla er tydelegvis Harald hauglagt i ei steinkiste, og også Ågrip har ei forteljing om ein konges lagnad der både kyrkje og steinkiste er ein del av forteljinga, Håkon den gode:

Venene hans baud honom at dei skulle føra liket hans vest til England og jorda det ved ei kyrkje. ”Eg er ikkje verd det,” svara han. ”Som heidne menn levde eg i mangt, difor skal de og jorda meg som heidne menn. Sidan vonar eg meg meir miskunn av Gud sjølv enn eg er verd.” Så andast han på Håkonshella, men han vart hauglagt på Sæheim i Nordhordland. Både vener og uvener sørjde over honom. Det vart ikkje bore meir fe i haugen med honom enn sverdet hans, Kvernbit, og så hærbusnaden hans. Han vart lagt i haugen i ei steinkiste.<sup>188</sup>

Håkon blir altså i Ågrip lagt i ei enkel steinkiste i ein gravhaug fordi han eigentleg var kristen, og derfor skulle få ei enkel gravferd, men at han likevel skulle gravleggast i noko som likna på dei norrøne tradisjonane. Det er godt mogleg at Snorre har overført dette til forteljinga om Harald Hårfagre for å gjere den meir akseptabel, og det er ingen andre forteljingar utover Haralds søge i Heimskringla som talar om, eller visar til, at nokon skal ha vorte lagt i haug i ei steinkiste. Håkon skal i Heimskringla ha vore lagt i haug utan noko anna gods enn sine beste klede og sin hærbusnad, men utan nokon nemning av ei steinkiste, og at ”de talte over grava hans slik som hedninger bruker, og viste ham til Valhall.”<sup>189</sup> Det vil seie at det Snorre har gjort i forhold til Ågrip er å ta ein konge, Håkon, som heilt sikkert var kristen, men som på grunn av at han meinte han ikkje hadde teidd seg bra nok åt til å bli hauglagt ved ei kyrkje i Ågrip får ein heidensk grav. Og så har Snorre gjort om denne forteljinga om Håkon for å legge meir vekt på det heidenske, mens han i Haralds tilfelle har framheva veldig sterkt kristne trekk som truleg aldri har vore der.

I Historien om de gamle norske kongene er det ikkje noko forteljing kring Haralds død, hauglegging eller kring hans minne. Bere at han ”hadde deretter enemakten i riket i 70 år inntil han døde.”<sup>190</sup> I denne teksten er det ikkje via stor plass til noko direkte skildring av Harald Hårfagres liv og virke i det heile, og han blir nemnt ein del i innleiinga, men då for å framheve at han på ingen måte eigentleg har vore den fyrste i Norge som var mektig i krig eller hadde kongemakt,

---

<sup>187</sup> Ågrip: s. 23

<sup>188</sup> Ågrip: s. 29

<sup>189</sup> Snorres Kongesagaer. s. 101

<sup>190</sup> Historien om de gamle norske kongene: s. 49

berre den fyrste han veit om.<sup>191</sup> Theodoricus kan ikkje seiast å vere særleg oppteken av noko rikssamlingsforteljing i det heile. Og i Den eldste Noregs-historia finn me ingen direkte skildring av Haralds død, men det blir sagt at: ”Om han minnest folk mange og underlige ting som det no er for langt å fortelja i det einskilde. Han styrde i 73 år og avla 26 søner.”<sup>192</sup>

Fagerskinna er som regel meir innhaldsrik enn dei tre veldig korte kjeldene eg har vore inne på ovanfor, og der er skildringa av Harald Hårfagres død slik:

Eirik Blodøks var den av Haralds sønner som kongen elsket mest; og fordi kong Harald var tungfør av elde, hedret han Eirik ved det at han ledet ham i sitt høysete og satt ham til høvding innen hirden og lot ham hete konge. Han gav ham å styre sin hird og makt ti å skifte kongssaker og dømme landslov. På denne vis stod riket i tre vintre før kong Harald døde. Han fikk sottedød i Rogaland og er hauglagt ved Haugesund. Da hadde han vært konge i 73 vintre.<sup>193</sup>

Harald blir ved innleiinga til forteljinga om han i Fagerskinna skildra som ein sterk mann ”og så høy som en kan se på hans bautastein som står ved Haugesund”.<sup>194</sup> Det einaste felles med Heimskringla er at Fagerskinna for så vidt også talar om steinar, men nemner det ikkje i samband med å fortelje om kongens død, berre i presentasjonen hans. Uansett så ser det ut til at steinar i samband med Harald ikkje er noko nytt med Heimskringla, og denne bautasteinen ved Haugesund kan godt vere ein av dei same steinane Snorre talar om i forteljinga om kong Haralds død. Fagerskinna har også oppgjeve Haugesund som staden for haugen til Harald, men meir får me ikkje ut av denne kjelda direkte samanlikna med Heimskringla. Fagerskinna ser generelt ut til å ikkje vere særleg oppteken av dødsmonument: Både Halvdan og Haralds haugleggingar er nemnt i knappe ordlag, om Håkon den gode blir det berre sagt at hans menn flytta hans lik til Seim og gjorde haug over han,<sup>195</sup> og ikkje ein gong i samband med Olav den heilage kan me merke nokon spesiell interesse: ”Etter kong Olavs fall ble hans lik ført ut til Kaupangen og jordet der.”<sup>196</sup>

Harald Hårfagres død verkar ikkje som noko viktig hending i Historien om de gamle norske kongene og Den eldste Noregs-historia, og blir heller ikkje lagt spesielt mykje vekt på i Ågrip og Fagerskinna. No må det nok ein gong understrekast at detaljane i desse kjeldene er langt færre enn i Heimskringla, men ein skulle tru at ein rikssamlar fortentar litt meir merksemd enn det han får i kjeldene Heimskringla skal samanliknast med. Hauglegginga av Harald Hårfagre er i likskap med faren si hauglegging ganske så spesiell, men det blir gjort merknadsverdig

---

<sup>191</sup> Theodoricus munk si fortale til Historien om de gamle norske kongene: s. 45

<sup>192</sup> Den eldste Noregs-historia: s. 34

<sup>193</sup> Fagerskinna: s. 33

<sup>194</sup> Fagerskinna: s. 16

<sup>195</sup> Fagerskinna: s. 67

<sup>196</sup> Fagerskinna: s. 192



lite ut av dette i saga hans. Det blir oss indirekte fortalt at haugen til Harald har vorte opna, at grava hans var der inne, og at steinar som låg inne i grava, no finst på kyrkjegarden rett ved staden haugen hans hadde vorte reist.<sup>197</sup> Med andre ord er det gjennomført eit haugbrot i haugen til Harald Hårfagre. Men det som er mest verdt å legge merkje til i samband med den skildringa, er at Snorre berre refererar kjapt til den, men gjer ikkje noko meir ut av det. Dette kan sjølvstundast skuldast Snorres manglande kjennskap til fenomenet haugbrot, eller at han ikkje syntes det var interessant. Men dette er ei skildring det kunne ha vore gjort veldig mykje ut av i legitimering av Hårfagreætta. Hauglegging av ein herskar i den førkristne kulturen var ikkje berre ei enkelt gravlegging, men lange tidsrom med mykje arbeid og mange ritual i samband med haugen som måtte gjennomførast. På Oseberghaugen, som truleg er den norske gravhaugen det er forska mest på, gjekk det minst eit halvt år frå ein byrja arbeidet med å reise haugen til den endeleg vart lukka, og der er det gjennomført eit haugbrot ein gong i ettertid. Eit haugbrot var ingen lett aksjon som kunne gjennomførast av eit par tjuvar med kvar sin spade i løpet av eit par timar i nattens mulm og mørke. Det kravde også ressursar og tid for å gjennomføre eit haugbrot. Denne opninga av Haralds haug som Snorre antyder har truleg vore ei hending som gav legitimitet i den førkristne kulturen, men som Snorre i kristen tid ikkje via mykje merksemd, berre nemner nesten som i ein bisetning, og ikkje tek pause i framstillinga for å forklare eller utdjupe. I staden vektlegg han detaljane kring ein kyrkjegard som ligg ved staden Harald skal ha vorte hauglagt.

At ei forteljing om haugbrot kunne legitimere makt eller framheve bandet til fortida ser me i Tåtten om Olav Geirstadalv i Flateyjarbók, der Olav den Heilage blir født trygt pga eit belte henta ut frå haugen til sin forfar Olav, og at han også fekk sverdet sitt derifrå.<sup>198</sup> Eit sverd henta frå dødsriket skal ha hatt stor makt i seg sjølv, og ei av mirakelforteljingane om Olav i Heimskringla handlar faktisk om sverdet hans.<sup>199</sup> Slik kan me, ved å sette forskjellige forteljingar saman, sjå at det var mogleg i den norrøne historieskrivinga å binde saman direkte heidenske element med kristne. Slik sett kan det vera at det er det Snorre har gjort med forteljinga kring Harald Hårfagre sin gravhaug: steinane derifrå har kome frå det heidenske dødsriket, men står no på vigsla mark ved Guds hus på jord, ei kyrkje. Slike forteljingar kan ha oppstått for å skape kontinuitet gjennom religionsskiftet, og føre gjenstandar ladde med tradisjonell historisk og heidensk tyding over i den kristne kulturen. Kyrkja i forteljinga gjer

---

<sup>197</sup> Snorres Kongesagaer: s. 77

<sup>198</sup> Flateyjarbók annet bind: s. 7-9

<sup>199</sup> Snorres Kongesagaer: del 2 s. 325-26

historia akseptabel i kristen mellomalder, akkurat som Gud i rikssamlingseiden, men kan også sjåast på som ei kontinuitetsforteljing.

Det kan godt hende at haugen til Harald hadde vore gjenstand for haugbrot og kultisk aktivitet slik som Oseberghaugen, og slik som me indirekte kan høyre om i eddadiktet ”Det andre kvedet om Helge Hundingsbane”,<sup>200</sup> men som Snorre truleg ikkje utdjuar noko fordi det ikkje nødvendigvis ville samsvare med kva som ville vera til fordel for Hårfagreætta. På den andre sida kan det sjølvstundt også hende at haugbrotet Snorre refererar så knapt til ikkje skulle vera ei handling til fordel for etterkommarane til Harald, men eit brotsverk utført av hans politiske fiendar. Og då meiner eg det er merkeleg at Snorre nemner det i det heile. Det kan sjølvstundt vere at Snorre faktisk ikkje hadde meir informasjon om akkurat denne forteljinga, og at han berre skreiv det han visste. Men eg meiner det er mest truleg at han skriv forteljinga på denne måten for å framheve det kristne aspektet han har fletta inn i rikssamlingsforteljinga si, og nedtone det heidenske så godt han kan.

Ein kan ikkje hevde at Snorre relativt sett har gjort mykje ut av rikssamlarens død. Men i likskap med forteljinga om Halvdan Svartes haugleggingar så skildrar han nokre konkrete monument som folk må ha kunne sett: i alle høve ein stor gravhaug plassert på garden Stein, og steinar frå Haralds grav på ein kyrkjegard i Haugesund. Det er også påfallande at både rikssamlaren og hans far har fått høgst merknadsverdige haugleggingar. Om det var ei auka interesse for spesielle haugleggingar og forteljingar knytt til gravhaugar i Snorres samtid er umogleg å vite, men forteljingane frå Heimskringla, den yngre utgåva av Fagerskinna og Flateyjarbók kan tyde på det.

Snorres skildring av Harald Hårfagres hauglegging er nok ein gong ei forteljing som ikkje har nokon parallell i dei eldre kjeldene me kjenner til, og som også går bort frå det typisk mytiske ved slike forteljingar. Historier kring døden og gravferda til heltar er eit av dei motiva der dei norrøne forteljingsmønster ofte skin klarast gjennom i historieforteljingane i norrøn, kristen mellomalder, mens forteljinga Snorre gjengjev her er ikkje skrivi for å gjenta dei eldre mytiske mønster, men for å vende fokuset over på den nye trua, ved fokuseringa på kyrkja og Gud som Harald sver ved når han lovar å legge under seg Norge. Forteljinga om haugbrotet knytt til Harald og steinane som er flytta frå haugen til ein kyrkjegard er også med i Flateyjarbók.<sup>201</sup> Der den er såpass lik Snorre si forteljing er den truleg skrivi av Heimskringla. Dersom me ser for oss at Snorre kan ha dikta opp

---

<sup>200</sup> Edda-kvede: s. 122-124

<sup>201</sup> Flateyjarbók: s. 582

forteljinga kring Haralds haug sjølv, så må me spørje oss kva for motiv han skulle ha hatt for å fortelje den slik. Historia om gravlegginga til Harald Hårfagre legg veldig fokus på kyrkja som skulle ligge ved staden der Harald hadde haugen sin, og slik har Snorre fått vinkla forteljinga inn til å bli akseptabel for eit kristent publikum. Men samtidig har allereie Snorre sagt rett ut at Harald har gjort eit løfte om å bli overkonge i Norge der han tok ”Gud til vitne, han som skapte meg og rår for alt,”<sup>202</sup> slik at viss Snorre hadde hatt lyst til å legge meir vekt på den kristne guden i samband med rikssamlingsforteljinga, så har han allereie gjort ein del i den retninga. I staden gjev han hint om eit haugbrot, utan å fortelje nokon detaljer om det, noko som gjev lesaren ei gåte, og som dersom historia er oppdikta av Snorre, neppe ville ha vore med dersom målet hans var å framstille Harald Hårfagre som kristen, og han stod heilt fritt til å gjere det. I alle høve har han måtte teke omsyn til at Ågrip og Fagerskinna begge nemner Haralds haug, slik at Snorre uansett ikkje heilt kunne gå bort frå førestillinga om ein gravhaug knytt til Harald Hårfagre. Men eit haugbrot var truleg i dei fleste tilfella ei hending med stor symbolsk tyding innanfor den norrøne kulten, og sidan norrøn religion er noko me veit heilt sikkert at Snorre hadde stor interesse av, og stor kjennskap til, meiner eg det er lite truleg at han i det heile ville antyde eit haugbrot dersom han hadde dikta opp denne forteljinga, i og med at han tidlegare har vist at han er oppteke av å trekke Gud inn i rikssamlingsforteljinga.

Eg meiner det er for mange element i denne forteljinga som motseier kvarandre, og som går bort frå det Snorre tidlegare i saga har vist oss at han er ute etter, til at dette skal vere ei historie som det skal vere truleg at Snorre ha dikta opp. Eg meiner at han ganske sikkert har teke ei fortelling om eit haugbrot knytt til Harald Hårfagre, og så kanskje endra fokuset i forteljinga for å gje eit mest mogleg riktig bilete av hendingane kring Harald (ut frå dei kjeldene han hadde tilgang til) og samtidig presentere ei rikssamling og ein rikssamlar ingen kunne ha noko å bebreide for i norrøn, kristen mellomalder.

---

<sup>202</sup> Snorres Kongesagaer: s. 51

## Kapittel 7 – Bruk av Harald Hårfagres namn etter hans soge.

De har tatt under seg eiendommene til alle oss frender som rekner ætta si fra kong Harald Hårfagre; noen deler de litt med, men andre får slett ikke noe. Nå skal dere få vite hva jeg alt lenge har gått og tenkt på. Jeg vil ta farsarven min, og jeg vil ikke reise, verken til danekongen eller sveakongen og be dem om den eller om bare aldri så liten del av den, enda de nå en stund har reknet det som sin eiendom det som er arven etter Harald Hårfagre. Tvert imot tenker jeg, for å si som sant er, å hente arven etter frendene mine med odd og egg, og jeg vil søke støtte hos alle mine frender og venner og alle de som vil gå sammen med meg i denne saken. Dette kravet vil jeg reise slik at det får gå som det vil, enten skal jeg ta under mitt styre hele det riket som de tok fra Olav Tryggvason, min frende, da de felte ham, eller også skal jeg falle her på arven etter frendene mine. Nå, Sigurd måg, skulle jeg tro om deg og de andre mennene her i landet som er odelsbårne til kongedømmet etter de lovene Harald Hårfagre satte, at det ikke er så langt fra at dere sjøl reiser dere og kaster av dere denne frendeskammen, og at dere vel ville hjelpe til alle sammen for å styrke den mann som vil være fører her og reise opp igjen ætta vår.<sup>203</sup>

I følgje Snorre er dette tala Olav den heilage held til sin stefar, Sigurd Syr, for å vinne hans støtte til å ta over kongedømmet i Norge. Ordvalet til ein forfattar og hendingane ein vel å fortelje om frå livsløpet til ein person kan ofte seie mykje om kva syn forfattaren (eller historikaren) hadde på personen han/ho omtala. Men referansar til ein person i skildringar som handlar om tida etter hans død fortel kanskje endå meir om tydinga ein historisk person blir tillagt i ettertid, og det er sjølv sagt etter si levetid Harald Hårfagre har fått og får framleis stor tyding som rikssamlar, vikingtidskonge og stamfar for den eldre norske kongeslekta. Slik kan forteljingane om Haralds liv kallast mytar, og Snorres referansar til han og hans gjerningar i seinare soger blir då vidareføring og aktiv bruk av desse mytane. I ei analyse av Snorres framstilling er det då minst like interessant å sjå på den seinare bruken av Haralds namn som skildringar frå hans liv fordi den seinare bruken av hans namn og referansane til han understrekar tydinga til forteljingane frå saga om Harald.

Som nemnd i kapittel ein er det mange referansar til Harald Hårfagre i Heimskringla etter saga hans er over. Til saman er han nemnt treogførti gonger med namn frå og med Håkon den godes saga, til og med Magnus den godes saga, der han blir nemnt direkte for siste gongen.<sup>204</sup> I Ågrip blir Harald referert til seks gonger etter forteljinga om hans liv er omme,<sup>205</sup> i Den eldste Noregs-historia er han nemnt fire gonger etter forteljinga om hans liv, og to gonger før.<sup>206</sup>

<sup>203</sup> Snorres Kongesagaer: s. 226

<sup>204</sup> Snorres Kongesagaer: s. 79, 80, 83, 86, 94, 98, 106, 108, 130, 158-59, 164, 169-71, 224, 226-29, 259, 297, 298, 304, 309, 20 (del to), 86, 100 og 124

<sup>205</sup> Ågrip: s.24, 32, 37, 45, 59 og 63

<sup>206</sup> Den eldste Norges-historia: s. 22, 26 og 39-41

Theodoricus nyttar Haralds namn totalt sju gonger utover forteljninga om hans liv,<sup>207</sup> og Fagerskinna har fjorten tilsvarande referansar til Harald, sjølv om saga ikkje alltid nemner hans namn.<sup>208</sup> Ein del av nemningane er naturlege både i Heimskringla og i dei andre kjeldene; til dømes når Snorre talar om Håkon den gode blir far hans nemnd ein del, noko som også er tilfelle i inntrykket frå Fagerskinna, og ei av nemningane frå Ågrip går ganske enkelt ut på kronologi. Men når ein har kome lenger ut i kongerekka blir det stadig meir merknadsverdig at Harald Hårfagre i Heimskringla framleis ofte blir nemnd i samband med nye herskarar, og som referanse til fortida. Skildringa av Haralds gjerningar og person er opphavet til ei rikssamlingsmyte knytt til han, men Snorres referansar til han når han talar om tida og hendingar lenge etter hans død visar korleis Snorre sjølv nytta og vidareførte mytane kring Harald og gjorde endå meir for å utvikle tydinga hans for norsk historie. I tillegg til at han ved å nytte Harald får ein tråd han kan trekke gjennom Heimskringla.

Dei førre kapitela har gått ut på analyser og samanlikningar av mytiske skildringar som skal ha vore frå Haralds liv, men dette kapitlet vil altså sjå på bruken av hans namn i frå soger om seinare kongar. Dette for å gje eit mest mogleg komplett bilete av Snorres rikssamlar, og om dette biletet samsvarar med kva me finn i dei andre hovudkjeldene. Ut frå dei treogferti nemningane av Haralds namn i Heimskringla er dette kapitlet delt opp i følgjande underkapittel: Harald Hårfagres rike som synonym med Norge, Harald Hårfagre som førebilete, Harald Hårfagre som grunnleggar og organiserar og Harald Hårfagre som ættefar. Denne oppdelinga er for å kunne gje ei oversiktleg og best mogleg analyse av den seinare bruken av Haralds namn i Heimskringla, og totalt er det berre ein av referansane til Harald som ikkje kan falle inn under ein eller fleire av desse kategoriane: ”Håkon Adalsteinsfostre var i England da han fikk høre at hans far, kong Harald, var død.”<sup>209</sup> Ei nemning som med andre ord i aller høgaste grad vil falle inn under det som eg kallar naturleg bruk av hans namn, og dei toogferti andre fell inn under kategoriane for underkapitla.

Innanfor kvart underkapittel vil eg også trekke inn dei andre kjeldene for å sjå om inntrykket frå Snorres arbeide samsvarar med det me har frå hans moglege kjelder. Nok ein gong må det understrekast at Heimskringla er ei mykje meir omfattande kjelde enn dei andre hovudkjeldene for denne oppgåva, noko som sjølvstøtt påverkar omfanget av bruken av Haralds namn, og som

---

<sup>207</sup> Historien om de gamle norske kongene: s. 45, 50, 51, 59 og 81

<sup>208</sup> Fagerskinna: s. 36, 42, 46, 47, 50, 53, 67, 76, 124, 157, 172 og Fagurskinna: s. 226, 246 og 291

<sup>209</sup> Snorres Kongesagaer: s. 79

ein må hugse på i analysen. I dette kapitlet kan ein ikkje kan basere seg på samanlikningar av direkte skildringar, men må sjå på generelle inntrykk. Likevel er dette eit godt utgangspunkt for å teste tesen, nettopp fordi Snorre stod friare i valet av skildringar sidan han på dette området ikkje berre skulle fortelje om att episodar frå andre kjelder.

## 7.1 Harald Hårfagres rike som synonym med Norge:

I innleiinga til dette kapitlet har me eit sitat frå saga om Olav den heilage der Olav, i følge Snorre, talar om menn (dei av Harald Hårfagres ætt) ”som er odelsbårne til kongedømmet etter de lovene Harald Hårfagre satte”.<sup>210</sup> Denne nære samanbindinga mellom Hårfagreætta og kongeriket Norge er på ingen måte eineståande i Heimskringla, noko ein tydeleg kan sjå frå saga om Harald, og frå seinare referansar til han. Olav Tryggvason vart etter saga teke til konge på eit folketing i Trondheimen og ”skulle ha landet slik som Harald Hårfagre hadde hatt det”,<sup>211</sup> i tillegg til ei seinare omtale av han (Olav T.); ”Da fór allmuen ivrig opp over hele landet og ville ha ham til konge over seg og gjenreise det riket som Harald Hårfagre hadde hatt”.<sup>212</sup> Dette er også særleg sterkt vektlagt i saga om Olav den heilage, der me mellom anna får høyre at: ”Det er sant nok at det er gått svært nedover med kong Harald Hårfagres rike, siden ingen av hans ætt er overkonge i Norge lenger”,<sup>213</sup> og at Olav då han hadde greidd å ta over makta i Norge var ”enevoldskonge over hele det riket som Harald Hårfagre hadde hatt”.<sup>214</sup> Særleg er det i denne samanhengen talande at Olav Tryggvason skal ”gjenreise” det riket som Harald hadde hatt.

I saga om Magnus den gode i Heimskringla får me den aller siste nemninga av Harald Hårfagres namn i eit skaldekvad som Snorre seier at Sigvat skald kvad om Astrid, enka etter Olav den heilage, og denne nemninga er truleg den viktigaste for å kunne definere Harald Hårfagres rike som synonymt med Norge:

Hun tinget slik med svear  
at større framgang ikke  
hun ville hatt for Magnus,  
om mor til ham hun sjøl var.  
Nest mektige Kristus  
mest til det hun virket  
at Magnus Haralds ættland

---

<sup>210</sup> Snorres Kongesagaer: s. 226

<sup>211</sup> Snorres Kongesagaer: s. 164

<sup>212</sup> Snorres Kongesagaer: s. 228-29

<sup>213</sup> Snorres Kongesagaer: s. 228

<sup>214</sup> Snorres Kongesagaer: s. 297

vant helt og fullt tilbake.<sup>215</sup>

Det var altså Haralds ætteland som Magnus vann ved hjelp av stemor si, og det er ingen annan Harald det ville ha vore logisk å nytte i denne samanhengen enn Harald Hårfagre. Både fordi det ikkje hadde vore nokon annan konge med namnet Harald i tidsrommet mellom Harald Hårfagre og Magnus den gode som skulle ha hatt kontroll over heile området Snorre tillegg Harald Hårfagre (Harald Gråfell hadde ikkje så store område som Snorre meiner bestefaren til Gråfell hadde). Og det er ikkje nokon andre med det namnet i Heimskringla det ville vore logisk at Magnus skulla ha teke land etter. Når Snorre då talar om at han vann Harald ætteland ”helt og fullt tilbake”, må det referere til maktområdet Snorre meinte Harald Hårfagre hadde tilegna seg, og at ”Haralds ætteland” i denne samanhengen er nytta som eit synonym til det Snorre oppfattar som Norge. Dette er truleg ei referanse til førestillinga om at all odel i Norge opphavleg tilhørde Hårfagreætta. Harald la som kjent all odelen i Norge under seg, mens Håkon den gode gav den tilbake til folket. Det er tydeleg ut frå Snorre at det som seinare vart Norge etter hans syn var dei områda som Harald Hårfagre skulle ha lagt under sin kontroll. Og ordbruken i seg sjølv er ekstremt talande. Det er mange omgrep ein kunne nytta i kvadet for å tyde Norge, men valet har falle på ”Haralds ættland”, og grunnen kan ikkje vere nokon annan enn ei førestilling om Norge som resultatet av Harald Hårfagres rikssamling.

Etter den siste nemninga av Harald i saga om Magnus den gode, er det eit tilfelle i saga om Harald Hådråde at me får ei referanse til fortida, om korleis landegrensene hadde vore; ”og det kom da til forlik mellom kongene på denne måten at Harald (Hådråde) skulle ha Norge og Svein Danmark til den landegrensa som fra gammel tid hadde vært mellom Norge og Danmark”.<sup>216</sup> Samanlikna med skildringar tidlegare i Heimskringla og spesielt med skildringar i saga om Olav den Heilage, så er det påfallande her at Harald Hårfagre ikkje er referert til. Men det meiner eg er fordi det ikkje lenger var nødvendig å referere til han kvar gong ein skulle tale om det Snorre reknar for Norge frå gamal tid: det verkar ikkje som om Harald Hådråde skulle ha fått mindre av Norge enn det Olav og Magnus etter sigande skulle ha hatt. Det er framstilt slik at Harald Hårfagre skulle ha hatt kontroll over heile det ”moderne Norge”<sup>217</sup>, så ved å tale om landegrensene frå gamal tid, er det nok ei referanse til områda Harald i følgje Snorre hadde kontroll over. Men han treng ikkje lenger nemnast med namn fordi legitimeringa frå Harald Hårfagre er så gjort så grundig i saga om Olav den heilage, at det no må vera underforstått. Eg meiner Snorre til dels delar opp verket sitt mellom to store

<sup>215</sup> Snorres Kongesagaer: Del 2, s. 124

<sup>216</sup> Snorres Kongesagaer: del 2, s. 198-199

<sup>217</sup> med det meiner eg områda som låg under norsk herredøme på Snorre si tid.

skikkelsar; Harald Hårfagre og Olav den Heilage, og før saga om han er det svært lite om Olav, og etter hans soge er det svært lite om Harald. Men i dei andre kjeldene er det ingen seinare referansar til Harald Hårfagre som tydar på at kongeriket Norge der var synonymt med dei områda han la under seg. Og Den eldste Noregs-historia si tvert i mot at Harald Hårfagre vart: ”den fyrste kongen over heile sjølandet; austlandet var det framleis småkongar som sat over.”<sup>218</sup>

## 7.2 Harald Hårfagre som førebilete:

På fleire punkt kan inndelingane i dette kapitlet overlappa kvarandre, og dette er kanskje mest framtrudande når eg skal sjå på Harald Hårfagre som førebilete: Kongeriket Norge er i Heimskringla dei områda Harald la under seg og lovfesta at hans ætt skulle ha retten til. Difor kan dei som hevdar sin rett som følgje av avstamming frå han trekke fram hans gjerningar og eigenskapar som førebilete for seg sjølv og som legitimitet for si makt, i tillegg til at hans gjerningar ser ut til å ha vore, på fleire område, idealet for seinare kongar og kongsemne. Harald Hårfagres posisjon som rikssamlar gjer han og hans gjerningar til eit enormt førebilete for alle kongar som skulle streve etter kongsmakt, og det finst fleire eksempel på at seinare kongar blir halde opp mot han: Særleg Håkon den gode blir samanlikna med faren; ”Da talte folk seg i mellom, og den ene sa til den andre at det måtte være Harald Hårfagre som var kommet og var blitt ung igjen for annen gang.”<sup>219</sup> Og før eit slag mot Eirikssønene får Håkon dette rådet av Haralds gamle merkesmann, Egil Ullserk:

”Jeg var med i mang en strid hos kong Harald, Deres far, han kjempet snart med større hær og snart med mindre, han vant alltid seier. Aldri hørte jeg han søkte råd hos venner for at de skulle lære ham å flykte. Vi vil heller ikke lære deg det rådet, konge, for vi mener vi har en djerv høvding; De skal også få et trofast følge i oss.”<sup>220</sup>

Håkon hentar naturleg all sin legitimitet frå si avstamming, men ser også ut til å ha hatt eit svært sterkt førebilete i Haralds gjerningar.

Minnet om Harald blir også nytta til egging, både av Gunnhild (kona til Eirik Blodøks) og Åsta (mor til Olav den heilage). Gunnhild nyttar minnet om Harald for å få sønene sine til å gjere som ho vil og ta livet av Sigurd Ladejarl: ”Din farfar, Harald, som du er oppkalt etter, ville ikke synes det var noen sak å la en jarl miste liv og rike, han som vant hele Norge under seg og

---

<sup>218</sup> Den eldste Noregs-historia: s. 34

<sup>219</sup> Snorres Kongesagaer: s. 79

<sup>220</sup> Snorres Kongesagaer: s. 94



rådde for det til han ble en gammel mann.<sup>221</sup> Og Åsta for å få mannen sin til å oppføre seg slik som ho ynskjer han skal:

Så sa sendemennene: ”Åsta bad oss si deg dette, at nå syntes hun det var svært mye om å gjøre at du viste deg som en stormann; hun ber om at du skal prøve å likne meir på ætta til Harald Hårfagre i sinnelag enn på Rane Mjonev eller på Nereid Jarl den gamle, enda de var svært kloke folk.”<sup>222</sup>

Det å vera etterkommar etter Harald Hårfagre var altså noko ærefullt, som ein måtte streve etter å leva opp til. Gunnhild nyttar heile rekka når ho skal overbevise sønene sine; namnet, slektskapen, gjerningane og motet. Og det må tydelegvis ha vore eit effektivt pressmiddel, for både ho og Åsta fekk det som dei ville. Sigurd Syr svarar på denne måten: ”bare hun nå får leidd sønnen sin ut av garden like stormannslig som hun nå leier ham inn”,<sup>223</sup> og ein anar aldri så lite spott i desse orda. Det må ha vore ein stor fornærming kona hans kom med då ho sendte fleire folk etter han og gav han ein slik beskjed framfor alle dei han hadde til å arbeide for seg ute på åkeren.

Det er lite seinare referansar til Harald Hårfagre som går direkte på han som førebilete for dei seinare kongane, men det finst nokre. Ei av dei totalt seks nemningane av Haralds namn i Ågrip er for å samanlikne Olav Kyrres styre med Haralds: ”Olav rådde sidan åleine for Noreg i tjuefire år, og ikkje under nokon konge etter Harald Hårfagre hadde Noreg stått i slik blome som i hans dagar.”<sup>224</sup> Og samanlikning mellom Olav Kyrre og Harald Hårfagre er noko me faktisk også finn i Historien om de gamle norske kongene: ”Det er ikke lett å finne noen norsk konge som har nytt en lykkeligere tid som hersker frå Harald Hårfagres tid helt til våre dager.”<sup>225</sup> Egil, den gamle merkesmannen til Harald, er også med i forteljinga om Håkon den gode i Fagerskinna, men der er Egils eigne gjerningar som er framheva, og det er ingen annan referanse til Harald anna enn at Egil hadde tent han i sin ungdom.<sup>226</sup>

### 7.3 Harald Hårfagre som grunnleggjar og organiserar:

I all hovudsak har denne oppgåve nesten utelukkande vore oppteke av skildringar som liknar på mytar, eller har tydelege underliggande mytiske mønster. Forteljingar om korleis Harald organiserte riket han skal ha lagt under seg, og korleis han var opphavet til busettingar osv, fell ikkje tydeleg under kategorien mytiske forteljingar. Men fordi Snorre nyttar desse forteljingane

---

<sup>221</sup> Snorres Kongesagaer: s. 108

<sup>222</sup> Snorres Kongesagaer: s. 224

<sup>223</sup> Snorres Kongesagaer: s. 224-225

<sup>224</sup> Ågrip: s. 63

<sup>225</sup> Historien om de gamle norske kongene.

<sup>226</sup> Fagerskinna: s. 50

som legitimitet og refererer til dei seinare ut i Heimskringla, så er det verdt å ta opp også desse førestillingane i ei analyse av Snorres rikssamlingsmyte. Frå saga til Harald høyrer me om korleis han tok odelen i Norge som sin eigedom,<sup>227</sup> korleis menneske som flykta frå hans styre grunnla store busettingar i Jemtland, Helsingland, på Færøyene, Island og jarleriket ”Normandi”,<sup>228</sup> og korleis Harald lovfesta kongdømmet Norge som retten til hans ætt.<sup>229</sup> Dette er ikkje dei forteljingane og nemningane som er mest vektlagt i saga om Harald, men dei legg grunnlaget for det Snorre gjer i si omtale av Harald seinare i Heimskringla, nemleg å trekke fram Haralds organiseringar og erobringar som stadig førebilete på dei politiske handlingane til andre store aktørar, og som forklaring og legitimitet for politiske handlingar (som til dømes på Orknøyane).

”Da Harald Hårfagre var konge i Norge, ble Island bygd”,<sup>230</sup> seier Snorre i si fortale, og det blir lagt stor vekt på Harald si rolle som grunnleggjar: ”Etter at Harald Hårfagre hadde ordnet det slikt at det skulle være én jarl i hvert fylke, holdt det seg lenge siden.”<sup>231</sup> Island skal har vorte busett under og pga Harald, og i saga til Håkon den gode står det at då Harald rydda riket for seg var det mange som rømde landet, og slik vart det nye bygder aust i Jemtland.<sup>232</sup> Orknøyane er eit område som Harald i Heimskringla får æra for å ha ”bygd”, og førestillinga om at Harald skal ha fått odelen også på Orknøyane blir nytta for alt det er verdt av Olav den heilage då han vart blanda inn i maktkampen mellom sønene til jarlen der.<sup>233</sup> Bakgrunnen for innblandinga på Orknøyane skal ha vore at ein av Haralds søner, Halvdan Hålegg, vart drepen der, og difor skal Harald ha lagt også desse områda under seg og under Norges rike. Når då Olav nyttar maktkampane på Orknøyane som middel for å legge dei under Norge, er argumentasjonen slik: ”Kongen (...) tok først til å tale om hvordan Harald Hårfagre hadde tatt all odelen på Orknøyane, og jarlene hadde alltid siden hatt øyene i len og aldri til eiendom.”<sup>234</sup> Med slik argumentasjon, og på denne måten er han som komen til Olav for å få hjelp naudt til å velje mellom å vedkjenne det gamle kravet og bli Olavs mann, eller at Olav skulle ”gjøre krav på den odel og eiendom som våre frender og forfedre har hatt der vest.”<sup>235</sup> Det er jo klart at det

---

<sup>227</sup> Snorres Kongesagaer: s. 51

<sup>228</sup> Snorres Kongesaaer: s. 61 og 64

<sup>229</sup> Snorres Kongesagaer: s. 71

<sup>230</sup> Snorres Kongesagaer: s. 3

<sup>231</sup> Snorres Kongesagaer: s. 158

<sup>232</sup> Snorres Kongesagaer: s. 86 og dette blir også nemnd omtrent ordrett att i Soga om Olav den heilage; Del 2 s. 20

<sup>233</sup> Snorres Kongesagaer: s. 297-304

<sup>234</sup> Snorres Kongesagaer: s. 304

<sup>235</sup> Snorres Kognesagaer: s. 304

kunne ingen som hadde som ambisjon å hevde sin makt på Orknøyane gå med på, så Bruse har i realiteten ikkje noko anna val enn å legge seg under Olav og bli hans mann.

Harald er som nemnt eit stort førebilete for seinare kongar, herskarar og stormenn i Heimskringla, og slik han skal gjort ting blir stadig sett opp mot og nytta som førebilete for seinare handlingar. Til dømes blir omtale av jordskifte i fleire tilfelle halde opp mot korleis Harald gav land til sønene sine;

Disse sju fylkene gav kong Harald (danekonge) til Håkon jarl, slik at han skulle rå for dem på de samme vilkår som Harald Hårfagre hadde gitt sønnene sine; det var bare det som skilte at Håkon jarl skulle få alle kongsgårdene og all lanskylden både der og i Trondheimen, han skulle også ha så mye han trengte av kongens andre inntekter, om det var hær i landet. Kong Harald gav Harald Grenske Vingulmark, Vestfold, Agder til Lindesnes og dertil kongsnavn; han lot ham i ett og alt ha samme rike der som frendene hans hadde hatt frå gammelt, og som Harald Hårfagre hadde gitt sønnene sine.<sup>236</sup>

Det går tydeleg fram av det Snorre skriv at dei vilkåra som Harald skal ha nytta, var dei rette, og skulle kunne gje varig legitimitet for overføring av landområde, og denne argumentasjonen er nytta fleire gonger: ”Og da de skiltes gav kong Olav (Tryggvason) land til Erling, mågen sin, nord frå Sognefjorden og øst til Lindesnes, på samme vilkår som Harald Hårfagre hadde gitt sønnene sine, og som før er skrevet.”<sup>237</sup>

I Heimskringla er Haralds organiseringar nytta som legitimitet og viktig førebilete, men inntrykket er ikkje heilt det same i dei andre hovudkjeldene for denne oppgåva. I Den eldste Noregs-historia er oppdaginga av Island, Orknøyane, Færøyane og grunnlegginga av Normandie lagt til Harald Hårfagres dagar, men utan at han er tillagt nokon aktiv rolle korkje som utøvar eller bakgrunn for nokon av desse gjerningane.<sup>238</sup> Også Theodoricus nyttar Haralds namn i samband med oppdaginga av Island utelukkande for å etablere kronologien, ikkje for å grunnje busettinga i relasjon til Harald.<sup>239</sup> I Ågrip er det ingen av nemningane av Haralds namn utover forteljinga om han som i det heile går på organisering, og i forteljinga om hans liv blir det berre sagt at ”han eigna til seg Noreg som einevaldsherre fyrst av alle kongar, tjue år gamal,” og ”han seda og freda landet sitt vel”.<sup>240</sup> Så ingen av dei eldste kjeldene har denne førestillinga om Harald som den store organiseraren, ved at dei ikkje nemnar han. Fagerskinna, som er nærare Heimskringla i tid, er ikkje nærare Heimskringla i innhald på dette punktet. I staden for å halde fram Harald som ein stor organiserar og grunnleggar, blir den einaste

---

<sup>236</sup> Snorres Kongesagaer: s. 130

<sup>237</sup> Snorres Kongesagaer: s. 169

<sup>238</sup> Den eldste Noregs-historia: s. 21-26

<sup>239</sup> Historien om de gamle norske kongene: s. 50

<sup>240</sup> Ågrip: s. 20

forteljinga om Haralds organisering utover hans soge, nytta, ikkje for å halde opp det han hadde gjort som noko stort, men for å legge grunnlaget for Håkon den godes handling:

Etter dette tok Håkon det råd at han lot den nevgilde-skatt som Harald, hans far, hadde lagt på hele landet, gå til utredning av skip langs kysten og i Trøndelag. Han gjorde også utbud i hvert av disse fylker av menn og våpen og utrustning for utenlandsk hær, og gav forskrift om hvor mange skip hvert fylke skulle stille, og hvor store de skulle være i romtall.<sup>241</sup>

I Heimskringla hadde truleg fokuset vore på Haralds skatt separat, og som ei stor og nyskapande hending, og så på Håkons organisering av leidangen som ei stor og nyskapande hending. Skilnaden er at Fagerskinna ikkje i det heile ser ut til å prøve å framheve Harald Hårfagre i like stor grad som Heimskringla.

I Heimskringla er dei norske konganes rett til Orknøyane grunna med at Harald skal ha lagt øyane under seg, og teke all odelen også der. Dette er nytta som den reelle legitimiteten til at Olav kunne hevde herredømme over øyane. Men i dei andre kjeldene finn me ikkje noko spor av ein slik argumentasjon i forteljing om Olavs hevdning av retten over Orknøyane, og Fagerskinna seier rett ut: ”Kong Olav var den første av Norges konger som la under seg og tok skatt av Orknøyene og Hjaltland og Færøyene.”<sup>242</sup> I Historien om de gamle norske kongene blir det på den andre sida sagt at Orknøyane låg under kongen av Noreg på Olav Tryggvassons tid,<sup>243</sup> men noko samband mellom Harald Hårfagre og øyene har me ikkje. Den eldste Noregs-historia fortel om korleis busettinga på Orknøyane skjedde i Haralds tid utan noko tale om at dei norske kongane skulle ha rett til øyane. Samtidig fortel denne kjelda også at Harald var ”den fyrste kongen over heile sjølandet; austlandet var det framleis småkongar som sat over, likevel i synom under hans herrevelde.”<sup>244</sup> Harald er ikkje så framheva som rikssamlar i dei andre kjeldene som i Heimskringla.

#### 7.4 Harald Hårfagre som ættefar:

Med dette underkapitlet om Harald som ættefar er det meint nemningar av Haralds namn i samband med nokon av hans etterkommarar der avstamminga frå Harald er nytta for å styrke eller forklare den personens makt/ tyding. Den fyrste det blir lagt stor vekt på at er stamma frå Harald Hårfagre, er naturleg nok sonen hans Håkon den gode. I følgje Snorre var ikkje Håkon sonen som Harald sette mest pris på, det er Eirik som vart leidd til styringa av faren, og Harald risikerar til og med livet til Håkon for å hevde seg i forhold til den engelske kongen. Men

---

<sup>241</sup> Fagerskinna: s. 53

<sup>242</sup> Fagerskinna: s. 172

<sup>243</sup> Historien om de gamle norske kongene: s. 55

<sup>244</sup> Den eldste Norges-historia: s. 34

Håkon veks fredeleg opp ved hoffet til den engelske kong Adalstein, og han er der då nyheita om hans fars død når han. Han legg då ut til Norge, og på eit stort ting i Trondheimen får han umiddelbart stor tilslutning, og;

Nå spurdes dette på Opplanda, at trønderne hadde tatt seg en konge som var aldeles slik som Harald Hårfagre, det var bare ett som skilte, det at Harald hadde trellbundet og kuet alle folk i landet, men denne Håkon ville hver mann vel, og bød seg til å gi bøndene odelen tilbake, den som kong Harald hadde tatt fra dem.<sup>245</sup>

Av Eirik og Håkon er det definitivt Håkon som i ettertid er rekna som den store kongen av dei, sjølv om Håkon aldri fekk nokon av sine etterkommar på den norske trona. Direkte samanlikna med Harald blir faktisk Håkon framstilt som ein endå betre landsstyrar, og mens Harald berre er nemnd ein gong etter saga om Olav den Heilage, er Håkon nemnd tre gonger; to gonger som lovsettar og ein gong som kongen jemtane skulle ha gjeve seg under.<sup>246</sup> Men det ville vore rart om Harald Hårfagre var den einaste tidlege norske kongen Snorre kunne referere til, sjølv om han tydelegvis vart rekna som den fyrste, og som den klare rikssamlaren.

Eirik Blodøks er i framstillinga ein upopulær konge som må rømme Norge med familien sin rett etter at Håkon kom til landet, og i hans strid med Håkon verkar han som ein litt stusseleg politisk aktør, som ikkje greier å skaffe seg støtte. Men samtidig så har også han i Snorres framstilling tilsynelatande veldig stor fordel av å vera sonen til Harald Hårfagre. Den same Adalstein som skal ha utrusta Håkon til hans ferd til Norge, seiast det at også strekte seg ganske så langt for å hjelpe Eirik: ”Den engelske konge Adalstein sendte bud og bød Eirik å få et rike av ham i England; han sa at kong Harald, far hans, hadde vært en god venn av kong Adalstein, så nå ville han lønne sønnen for det.”<sup>247</sup> Snorre seier at han skal ha fått riket Nordimbraland i len av kongen, og ”Nordimbraland blir reknet som en femtedel av England.”<sup>248</sup> Litt pussig å gje bort ein femtedel av riket ditt til fienden til din fosterson, sjølv om du var på godfot med far deira. Men det som er poenget her at det er Eiriks slektskap til Harald Hårfagre som skal ha sikra han desse landområda, ikkje hans eigen fortjeneste, sjølv om eg trur det er meir truleg at Eirik heller erobra område i England dersom han hadde noko makt der, enn at han vart gjeven dei av ein av farens kameratar. I Snorres univers er det tydeleg at når Eirik ei lita periode lukkast i England, så skuldast det Haralds forhold til den engelske kongen.

---

<sup>245</sup> Snorres Kongesagaer: s. 79

<sup>246</sup> Snorres Kongesagaer: del 2 s. 134, 135 og 249

<sup>247</sup> Snorres Kongesagaer: s. 80

<sup>248</sup> Snorres Kongesagaer: s. 81

I saga om Olav Tryggvason blir Olav beden om å koma tilbake til Norge fordi sinnelaget hjå mange stormenn og hjå mange av folket var slik at: ”det er ikke noe de heller vil og ønsker enn at det skal komme en konge til riket av kong Harald Hårfagres ætt”.<sup>249</sup> Og i saga om Olav den heilage blir det lagt veldig stor vekt på banda tilbake til Harald: hans namn blir nemnd heile einogtjue gonger berre i løpet av denne eine saga, og når ein tenkjer på at han totalt er nemnd treogførti gonger frå og med saga om Håkon og den gode, og ut Heimskringla, så seier talet mykje. Det er klart at det er mykje meir plass i saga om Olav Haraldsson til detaljar, men i hovudsak er det eit viktig poeng i å nemne Haralds namn der det blir gjort. Sjå til dømes sitatet eg nyttar som innleiing til dette kapittelet: der er det Olav si avstamming frå Harald Hårfagre som er hans legitimitet til kongsmakta, han talar mykje som uretten som er gjort mot alle dei som reknar ætta si frå Harald, og han visar til at ifølgje lova Harald skal ha sett, så må ein stamme frå han for å vera ”odelbåren til kongedømmet”.<sup>250</sup> Og når Olav har lukkast med ambisjonane sine blir dette sagt om han: ”Nå var Olav enevoldskonge over hele det riket som Harald Hårfagre hadde hatt, og det så mye mer som han var den eneste kongen i landet.”<sup>251</sup>

Før slaget på Stiklestad har motstandarane til Olav den heilage ein diskusjon om kven som skal leie bondehæren i slaget, og då er avstamming frå Harald nok ein gong eit argument:

Da sa Kalv Arnesson at Hårek fra Tjøtta var den som var nærmest til å bli høvding for denne hæren, ”for han er av Harald Hårfagres ætt.”<sup>252</sup>

Det blir riktig nok ikkje Hårek som leiar hæren, men det er talande at det tydelegvis for Snorre skulle ha vore eit godt og gyldig argument i ein situasjon der leiarskapet var diskutert. Me høyrer altså stadig om personar i Heimskringla som blir presentert som etterkommarar etter Harald Hårfagre, ikkje berre seinare kongar. Snorre nyttar aldri omgrepet ”Hårfagreætt” i Heimskringla, men nyttar omgrep som ”ættland”<sup>253</sup> og ”ættearv”<sup>254</sup>, og legg stadig vekt på omgrep som ætt og arv i prat om avstamming frå Harald Hårfagre, så det er ingen tvil om at det er noko som har vore svært viktig i forhold til vinklinga av Heimskringla.

Skildringar om Harald må ha vore viktige på Snorres tid fordi den regjerande kongen skal ha kome frå den slektslina, men som me har sett, så er ikkje berre slektslina frå Harald rekna opp i Heimskringla, men også hans gjerningar for å skulle vera eit godt førebilete. Slektsliner var

---

<sup>249</sup> Snorres kongesagaer: s. 159

<sup>250</sup> Snorres Kongesagaer: s. 226

<sup>251</sup> Snorres Kongesagaer: s. 297

<sup>252</sup> Snorres Kongesagaer: del 2, s. 100

<sup>253</sup> Snorres Kongesagaer: s. 222

<sup>254</sup> Snorres Kongesagaer: s. 260

veldig viktige for folk i vikingtid og mellomalder, og til dømes saga om kong Sverre startar med å liste opp hans ætt tilbake til Harald Hårfagre.<sup>255</sup> Det er klart at for Sverre må det ha vore viktig å binde seg sjølv til dei norske kongane som legitimitet, men dette blir også gjort i stor grad i kongesogene, særleg når det er tale om dei kongane som ikkje tok riket direkte etter sin eigen far. I Historien om de gamle norske kongene ser me denne tendensen tydeleg; her er ikkje Harald omtala eller fortalt om i særleg stor grad, men slektskapen tilbake til han er likevel nemnt både for Olav Tryggvasson og Olav den heilage.<sup>256</sup>

I fire og totalt seks nemningar av Harald Hårfagres namn i Ågrip er han nemnt som ættefar: tre forskjellige kongar og Håkon jarl. Det klare fokuset i Ågrip samanlikna med Heimskringla er tydeleg lagt på hans rolle som stamfaren som seinare herskarar henta sin legitimitet frå. Men det blir også fortalt at Håkon jarl ”ættast frå håløygene og frå møringane, og det var jarleætt i baa greiner, difor ville han ikkje pryda seg med kongsnamn”<sup>257</sup> Dette er fordi han skal etter sigande ha vore barnebarnet til Haralds dotter, ikkje ein av hans mange søner, og difor hadde han stor ære i si avstamming frå Harald, men ikkje noko legitimitet i høve til ei kongetrone. Det går heilt tydeleg fram av ordlyden i Ågrip at arv og avstamming frå Harald Hårfagre og hans søner er nødvendig for å legitimere krav om kongsmakt:

Etter Håkon jarl steig Olav Tryggvason til riket. Han prydde seg med kongsnamn i Noreg, så som han hadde rett til frå Harald Hårfagre; for son til Harald heitte Olav, og han var far til Tryggve, som i Gunnhildssønene sine dagar tok kongsnamn og kongsvelde på Romerike”.<sup>258</sup>

Men så mykje folk kan få vita ætturen hans til riket, skal dei no her få høyra. Harald, far til Olav den heilage, var son til Gudrød, og Gudrød son til Bjørn, og Bjørn son til Harald Hårfagre, som var fyrste einevaldskongen i Noreg.<sup>259</sup>

Og Harald (Hardråde) tok imot halve Noreg og tok ved styret over det, såleis som han hadde rett til – likeså vel etter ætta si som etter så god gåve frå den gode kongen. For Harald var son til Sigurd Syr, og Sigurd son til Halvdan, som somme kalla Heikelnev og somme Kvitbein, og Halvdan son til Sigurd Rise, som var son til Harald Hårfagre.<sup>260</sup>

Det er i desse sitata mange interessante formuleringar: kongsnamnet hadde Olav Tryggvason rett til frå Harald Hårfagre, Olav den heilage er etterkommar etter Harald Hårfagre, den fyrste einevaldskongen i Noreg, og Harald Hardråde hadde rett til å få dele kongeriket med nevøen sin Magnus den gode, ikkje berre på grunn av det direkte slektskapen mellom dei, (Harald skal som kjent ha vore halvbroren til Olav den heilage,) men endå meir i og med at også han var

---

<sup>255</sup> Sverresoga: s. 10

<sup>256</sup> Historien om de gamle norske kongene: s. 51 og 58-59

<sup>257</sup> Ågrip: s. 32

<sup>258</sup> Ågrip: s. 37

<sup>259</sup> Ågrip: s. 44-45

<sup>260</sup> Ågrip: s. 59

hårfagreætling. Ågrip seier tydeleg at avstamming frå Harald Hårfagre var det einaste som gjorde at ein hadde rett til å ta kongsnamn i Norge.

I Ågrip er Harald ikkje nemnt på langt nær like mange gonger som i Heimskringla, og spekeret er også eit litt anna. I denne vesle kjelda er Harald nemnt seks gonger etter forteljinga om hans gravlegging.<sup>261</sup> Det vil seie at eksempla er så få samanlikna med Heimskringla at han i utgangspunktet ikkje kan ha vorte nytta av forfattaren av Ågrip i like variert og omfattande grad som av Snorre. Men i forhold til den totale lengda på Ågrip er likevel seks referansar til Harald mykje, og tydar på at han må ha hatt ein spesiell posisjon, også for den no ukjende forfattaren av denne saga. I forhold til omfanget på Ågrip er det etter mi meining likevel forholdsvis mange nemningar av Haralds namn, og det er heilt tydeleg at arva etter han er utruleg viktig i også denne vesle boka. Men her er fokuset mest lagt på å vera av ætta hans, men det seier seg sjølv at det ville ikkje vere sentralt og avgjerande å stamme frå han om ikkje handlingane hans må ha vore storstilte, sjølv om det ikkje er nokon direkte referansar til dei utanom samanlikninga med Olav Kyrres styre.

Den eldste Noregshistoria nemner berre Harald i ein samanheng etter forteljinga om hans liv, men der han blir nemnt er ei ganske omfattande oppramsing av ætta etter ham:

Men av den store mengda med søner til Harald Hårfagre er det sagt at dei to; Eirik og Håkon, styrde etter faren over sjølandet, dei andre rådde på Opplandet. Men sume av dei mista livet før dei vart kongar. For Halvdan Håføtt vart drepen av orkøyingane, og Ragnvald Rettilbein er det fortalt vart kasta utfor eit skip på Hadeland etter påbod frå faren for di han hadde skjemt seg ut med det uordet som fylgjer med stygge kunster. Men Bjørn og Olav, brørne deira, let etter seg eit ovleg nytteleg avkjøme for dei seinare ættene: for av deira rot rann opp dei lukkegevande namnane, dei to Olavane, som opplyste fedrelandet sitt liksom klare himmelsljøs med strålane av den heilage trua. Bjørn, son til Harald Hårfagre, oppfødd i Grenland der han óg blir sagt ha vori konge, avla Gudrød, og Gudrød avla Harald Grenske, som vart oppfostra i Grenland og rådde der. Han gifte seg med ei fager kone som heitte Åsta, dotter til Gudbrand Kula, og ho fødde honom Olav, æveleg konge over Noreg; etter mannen var død vart denne Åsta gift med opplandskongen Sigurd Su. Sigurd Rise, son til Harald Hårfagre, avla Halvdan, far til denne Sigurd, og han avla med den same Åsta Harald, ein framifrå gløgg og krigsrøynd kar; i frå denne tråden – om ein så må seie – kjem med ære det vevstykket av ættetavla til Noregskongane som til no er spent ut.<sup>262</sup>

Her kan ein tydeleg sjå at også denne mellomalderhistorikaren har vore oppteken av korleis dei norske kongane hadde stamma frå Harald Hårfagre, og Harald er tråden i det stadig spinnande vevarbeidet som dei norske kongane utgjer. Ein veldig flott illustrasjon på kongemakt, sidan ei forteljing eller ein dåd gjerne vart hylla gjennom avbilding på ein vev. Harald i er denne saga også nemnt før saga hans tek til, men då berre for å tale om kronologi i samband med store

<sup>261</sup> Ågrip: s.24, 32, 37, 45, 59, 63

<sup>262</sup> Den eldste Norges-historia: s. 39-41



hendingar, ikkje for å fortelje om nokon av Haralds gjerningar. Slik at også i Den eldste Noregs-historia kan me sjå at fokuset i stor grad er lagt på ætteaspektet i forhold til Harald. Sitatet over seier det klart og tydeleg.

I Fagerskinna, slik som i Ågrip, blir ætta tilbake til Harald Hårfagre nemnt kvar gong det blir presentert ein ny herskar som ikkje har teke over trona direkte etter sin eigen far. Men til skilnad frå Ågrip er ordlyden i Fagerskinna etter forteljinga om hans liv langt meir nøytral:

Olav Digerbein, sønn av Harald Hårfagre, var far til kong Trygve, som var gift med Astrid, dotter av Eirik Bodaskalle sør frå Oprestad. Deres son var Olav, som i barnealderen for med sin mor til ukjente land.<sup>263</sup>

Den tilsvarande skildringa i Ågrip som presenterar Olav Tryggvason listar opp ætta hans til Harald Hårfagre, og presiserar at Olavs rett til kongenamnet kom nettopp av denne slektskapen. Me ser nøyaktig den same tendensen når Olav den heilage blir presentert:

En sønn av Harald Hårfagre var Bjørn, far av Gudrød, far av Harald Grenske, som var gift med Åsta, datter av Gudbrand Kula. Deres sønn var Olav Digre, som for frå landet i sin ungdom.<sup>264</sup>

Deretter blir alle kampane/ stridane hans lista opp. Ordlyden me finn i desse to sitata frå Fagerskinna er langt frå inntrykket ein får av formuleringane i Ågrip og milevis frå Snorres vektlegging av tydinga av arv frå Harald, spesielt i samband med Olav den heilage. Olav blir kalla Haralds ætling i eit av kvada om han i Fagerskinna, men det er truleg ikkje ei referanse til Harald Hårfagre sidan Olav som kjent var son av ein annan Harald, og han blir også omtala som "Haralds djerve sønn".<sup>265</sup> Det gjer det lite truleg at det var Harald Hårfagre som var meint når Olav blir omtala som Haralds ætling. Men sjølv om inntrykket frå Fagerskinna etter forteljinga om Haralds liv er meir nøytralt enn språkbruken i Ågrip, har med også denne skildringa frå forteljinga om han: "Han hadde mange barn, og av hans ætt er alle Norges konger kommet."<sup>266</sup> Det viser at førestillinga om Harald som ættefaren for Norges kongar også er svært sterkt i Fagerskinna.

I Heimskringla blir ikkje slektskapen til Harald Hårfagre nemnt spesielt i presentasjon av Harald Hardråde, men det er truleg fordi hans far er tydeleg identifisert som hårfagreætling og difor er det ikkje naudsynt. I både Ågrip og Fagerskinna er denne avstamminga understreka, men nok ein gong er ordlyden i Fagerskinna langt meir nøytral enn den me finn i Ågrip (sjå ovanfor):

---

<sup>263</sup> Fagerskinna: s. 124

<sup>264</sup> Fagerskinna: s. 157

<sup>265</sup> Fagerskinna: s. 187

<sup>266</sup> Fagerskinna: s. 28

Då kom Harald til han, son av Sigurd Syr og Ásta Gudbrandsdotter, bror av kong Olav den heilage. Far til Sigurd Syr var Halvdan, son av Sigurd Rise som var son av Harald Hårfagre. Disse tre forfedrane hadde vore heradskongar på Opplandene. (mi omsetting)<sup>267</sup>

I Ågrip er Haralds rett til trona pga hans slekt understreka, det er ikkje like tydeleg i Fagerskinna. Det er talande at Fagerskinna listar opp dei nye kongsemnas forhold til Harald Hårfagre, men formuleringane er mykje meir nøytrale: det er i det heile ingen direkte forteljing i den kjelda som seier at hårfagreætlingar skulle ha rett til trona etter og på grunn av Harald eller lovene han i følgje Snorre skulle ha sett. Slik skil Fagerskinna seg ut frå Heimskringla og Ågrip; i begge kjeldene er det understreka at det nettopp er arva frå Harald Hårfagre som kan legitimere eit krav om den norske trona. Men sjølv om forfattaren av Fagerskinna ikkje talar direkte om legitimitet og rett, så blir ætta alltid likevel ført tilbake til nettopp Harald Hårfagre i dei tilfella der kongsemnet ikkje har teke kongedømmet direkte frå sin eigen far, så konklusjonen kan ikkje bli at Fagerskinnas forfattar var ueinig i at slektskap til Harald var viktig og sentralt, det blir berre ikkje sagt rett ut og understreka slik som i Heimskringla og Ågrip.

I Fagerskinna finn ein fleire referansar til Harald Hårfagre samanlikna med dei kortare norrøne kjeldene, men mange av desse er ganske tilfeldige, og det er framleis eit stykkje att til talet som Heimskringla har. Med tilfeldig meiner eg omtalar i forhold til kronologi, tale om menneske som har hatt ein viss posisjon under Harald osv, kort sagt; nemningar av Haralds namn der det at han er omtala ikkje legg noko spesielt vekt på hans rolle i forhold til samanhengen han er nemnt i.

I Fagerskinna er Harald Hårfagre lite referert til etter forfattaren av saga er ferdig med å fortelje om hans liv, og nemningane er ikkje vektlagt i favør av Harald slik som i Heimskringla. Fagerskinna nyttar ikkje hans namn i nærleiken av like aktivt, og omtalane av han etter forteljinga om hans liv er ikkje vektlagt på same måten som Snorre gjer i sine omtaler av rikssamlaren. Det er slektskap til Harald som det er mest lagt vekt på i Fagerskinna som i Ågrip. Harald sine handlingar og organiseringsemnar blir ikkje halde opp i seg sjølv, eller samanlikna noko særleg med seinare kongar. I staden ser me til dømes korleis Håkon den gode tek ein skatt som Harald har pålagt landet, og nyttar den til å organisere leidangen.<sup>268</sup> Det

---

<sup>267</sup> Fagerskinna: s. 226: ”þá kom til hans Haraldr, sonr Sigurðar sýrar ok Ástu, dóttur Gúðbrands, bróðir ens helga Óláfs konungs. Faðir Sigurðar sýrar var Hálfðan, sonr Sigurðar hrísa; hann var sonr Haralds ens hárfagra. Þessir langfeðr þrír váru heraðskonungar á Upplöndum.”

<sup>268</sup> Fagerskinna: s. 53

Harald har gjort er med andre ord ikkje eit førebilete i seg sjølv, men noko som gjer det mogleg for Håkon å få gjennomført sine planer.

I all hovudsak kan ein ikkje seie at Snorres nyttiggjering av Harald Hårfagres namn er typisk for norrøne mellomalderhistorikarar dersom ein samanliknar Heimskringla med dei andre kjeldene. Snorre vektlegg Harald i stor grad også utover forteljinga om hans liv, og nyttar han som raud tråd gjennom heile verket sitt. I dei andre kjeldene er inntrykket at mykje er meir tilfeldig, og det einaste som ser ut til å vera bevisst for alle kjeldene er Haralds rolle som ættefar for dei seinare kongane. Snorre skil seg derfor frå dei andre kjeldene i den seinare omtala av Harald Hårfagre, men som med odelsomgrepet gjer ikkje det at han har teke nye grep på dette området han til ein diktar. Alle historikarar må få lov til å utbrodere sine forteljingar og legge vekt på andre aspekt enn dei som tidlegare har fortalt om dei same hendingane, og no skal dei jo gjera det, men det avgjerande for tesen er om Snorre har dikta opp mytiske forteljingar, og det verkar det ikkje som han har ut frå det me har sett på i dette kapitlet.

Rikssamlingsmyten i Heimskringla består ikkje berre av dei direkte skildringane av Harald i saga om han, men også dei seinare referansane til den fyrste einevaldskongen. Harald Hårfagre blir nemnt med namn heile treogforti gonger frå og med Håkon den godes saga og ut Heimskringla, og einogtjue av dei så seint som i saga om Olav den heilage. Det er naturleg at ein refererar til Harald når det er tale om sønene hans, men Olav skal ha vore hans tippoldebarn og ingen annan stad er det lagt så mykje vekt på arven etter Harald som i saga om Olav. Harald er organisatoren som seinare handlingar blir helde opp imot, hans rike blir nytta som synonym til kongeriket Norge, han er ættefaren og han er generelt grunnleggaren og eit enormt førebilete. I forteljinga om Olav den heilage er det tydelegvis enormt viktig å understreke legitimiteten hans ved å referere til slektskapen med Harald Hårfagre, og me har også eksempel på at minnet om han var grunnlag for egging av slektningar (Gunnhild og Åsta). Rikssamlaren Snorre presenterar er altså ein stor mytisk personlegheit som er med på å binde verket hans saman, og som har ei mengde mytiske forteljingar knytt til seg. I dei andre kjeldene får me høyre at Harald var den fyrste einevaldskongen/einevaldsherren i Norge, men han er ikkje vektlagt i så stor grad som rikssamlar i dei andre sogene, og i alle fall ikkje i seinare referansar til han. Bortsett frå Ågrip er han heller ikkje spesielt framheva som ættefar.

## Kapittel 8 – Forholdet mellom Harald og Olav i Heimskringla

Ingen som har lest Heimskringla kan unngå å leggje merke til at Snorre Sturlason har via desidert mest plass til Olav Haraldsson, den heilage, i forhold til talet på sider. Soga om han opptek ca ein tredel av verket, og det er også hevda at denne soga er basert på ei separat Olavssoge som Snorre skreiv før han gjekk laus på arbeidet med dei andre kongane.<sup>269</sup> Olav den heilage er kristningskongen, helgenkongen, og Noregs evige konge, rex perpetuus Norvegiae,<sup>270</sup> som seinare mellomalderkongar i Norge måtte ta landet i len frå.<sup>271</sup> Soga om han er utan tvil den mest innhaldsrike i Heimskringla, og denne vektlegginga i Snorre si framstilling er logisk med tanke på tydinga Olav fekk i norsk historie og på norsk mellomalderkultur. Olav var ein enormt populær helgen blant vanlege menneske, og gjennom heile mellomalderen valfarta folk, også frå andre land, til Nidaros for å besøke grava hans.<sup>272</sup> Men samtidig er det lagt merknadsverdig lite fokus på han hjå Snorre før soga hans tek til, og eg meiner ein kanskje må tale om to store skikkelsar i oppbygginga av Heimskringla i staden for berre ein? Olav er utan tvil den største i forhold til talet på sider som blir nytta til å fortelje om hans liv, men Harald blir nytta som raud tråd gjennom fyrste delen av Heimskringla, og som legitimitet for Olavs verdslege makt. Talet på nemningar av Harald Hårfagre etter soga hans, og forteljingar om korleis Olav var spesielt oppteke av å ta opp att arven etter Harald, er viktige samanbindande element i Heimskringla. I ei analyse av Snorre som myteskapar og i ei analyse av rikssamlingsmyten knytt til Harald er det også svært gunstig å samanlikne ein stor mytisk person med ein annan, særleg dersom begge er skildra av same forfattar.

Dette kapittelet vil freiste å sjå på skildringar av helgenkongen Olav den heilage, opp mot rikssamlaren Harald Hårfagre, og sjå korleis Snorre behandlar dei to i forhold til kvarandre, og kanskje i forhold til kva ein skulle forvente: Med tanke på Olav den heilages posisjon i kristen mellomalder, og generelt i Norge i alle fall fram til reformasjonen, skulle ein tru at skildringa av han burde hatt minst like mykje mytisk preg som forteljinga om Harald og rikssamlinga. Olav er hovudaktøren i dei mange helgenforteljingane i Heimskringla, der han er ein mytisk karakter i ein svært direkte forstand. Men korleis Snorre skildrar den verdslege

---

<sup>269</sup> Schreiner i innleiinga i Fagerskinna: s. 8

<sup>270</sup> Jón Viðar Sigurðsson 1999: s. 95-96

<sup>271</sup> Steinsland 2005: s. 450

<sup>272</sup> Jón Viðar Sigurðsson 1999: s. 104

kongen Olav er interessant å sjå på, også skulle ein tru at han er omtala mykje meir enn Harald Hårfagre etter si soge, og i meir tydingsfulle ordlag. Men om det same er tilfelle i dei andre kjeldene står att å sjå. Fyrst vil eg sjå på dei direkte skildringane av Olav og Harald i Heimskringla, så sjå på korleis Olav blir skildra etter sogane si samanlikna med korleis Harald var omtala etter si soge. Eit svært viktig element i dei mytiske skildringane knytt til Harald Hårfagre er dei profetiske draumane frå sogane til Halvdan Svarte, og det neste eg vil sjå på er korleis profetiske draumar knytt til Olav artar seg. Så vil eg sjå på hår- og dødsskildringane i forhold til begge kongane, før eg til slutt vil sjå på korleis Olav og Harald er skildra i forhold til kvarandre i dei andre kjeldene. Fyrste delen av kapitelet vil dreie seg om Heimskringla, men den andre kjem til å også ta med dei andre hovudkjeldene for denne oppgåva.

## 8.1 Skildringar av personane:

Harald Hårfagre er ikkje direkte skildra mykje i Heimskringla, med unntak av forteljinga kring håret hans, men me høyrer om at han kunne bli ”vill og vred”<sup>273</sup> i strid, og i minneorda om han står det at han: ”har vært en uvanlig vakker mann å se til, sterk og stor og gavmild på gull som få, vennesæl og godt likt av sine menn. Han var en stor stridsmann den første del av sitt liv, ” men ”han skulle bli gammel og hvithåret”.<sup>274</sup> Olav er også framstilt som ein stor krigar og ”en dugelig kar, han var vakker å se til, middels høy av vekst; han viste også tidlig god forstand og talte godt for seg.”<sup>275</sup> Begge to skulle altså ha vore ypparlege høvdingemne, og begge byrjar med kallenamn som ikkje var spesielt høgverdige, Luva og Digre, men endar opp som Hårfagre og den heilage. Ellers er det også mange andre fellestrekk mellom dei.

Haralds fødsel kjem i Heimskringla etter storstilte varsel og i dei mest ærefulle omstende, men når det gjeld Olav blir me i staden servert den relativt pinlege historia om korleis faren til Olav, Harald Grenske, mistar livet på ein friarferd han gav seg ut på mens Olavs mor, Åsta, skal ha vore gravid med den framtidige helgenkongen.<sup>276</sup> Men samtidig kan neppe omstenda rundt ulykka som tok livet av Halvdan Svarte kallast ærefulle; gå gjennom isen i eit råk laga av husdyr. Både Harald og Olav har altså hatt fedrar som har mista livet på pussige måtar. I følgje Gro Steinsland er det vanleg at heltar som er etterkommarar etter eit ekteskap mellom ein gud og ein jotun får spesielle lagnader, og døyr ofte på spesielle måtar.<sup>277</sup> Til dømes døyr

---

<sup>273</sup> Snorres Kongesagaer: s. 55

<sup>274</sup> Snorres Kongesagaer: s. 77-78

<sup>275</sup> Snorres Kongesagaer: s. 207

<sup>276</sup> Snorres Kongesagaer: 156-157

<sup>277</sup> Steinsland 2005: s 405-406

sonen til Gjerd og Frøy, Fjolne, ved å drukne i eit mjødkar; ”Fjolnes tragiske død er nok heller et eksempel på den dramatiske skjebnen som følger den slekten som nedstammer frå bryllupet mellom guden og jotunkvinnen.<sup>278</sup> Lagnadane til både Halvdan Svarte og Harald Grenske kan kanskje forklarast ut frå dette mytiske mønsteret, og Ynglinge-saga er stapp full av merkelege og merknadsverdige dødsfall. Men Halvdans død blir gjort om til noko ærefullt med dei mange haugleggingane hans.

Ein kan ikkje under nokon omstende kalle Olavs familiebakgrunn ærefull eller passende for ein framtidig helgenkonge, og forteljingar om faren hans er ikkje med på å bygge opp om forteljinga om han, korkje hjå Snorre eller andre som gjengjev forteljinga om friarferda til Olavs far. Harald Grenske skal heller ikkje ha vore korkje ein spesielt mektig konge, eller ein som blir omtala spesielt rosande nokon stad i Heimskringla. Fordi Harald mista livet voks Olav i staden opp hjå stefaren Sigurd Syr, som også var hårfagreætling, og der han i likskap med Harald Hårfagre ikkje ser ut til å ha hatt særleg respekt for farskikkelsen i sitt liv:

Det var en gang Sigurd Syr ville ut og ri, og så var det ingen hjemme på garden; da ropte han på Olav, stesønn sin, og bad ham sale hesten for seg. Olav gikk til geitefjøset, og der tok han den største bukken som var der, leidde den fram til huset og la salen til kongen på den. Så gikk han inn og sa frå at nå hadde han gjort i stand ridehesten. Da Sigurd Syr kom ut og fikk se hva Olav hadde gjort, sa han: ”Det er lett å skjønne at du vil det skal være slutt på at jeg ber deg om noe; mor di synes vel heller ikke det sømmer seg at jeg ber deg om annet enn det du har lyst på. Og det er lett å se at vi ikke er like av sinn; du er nok langt meir storlynt enn jeg er.” Olav svarte ikke stort, han lo og gikk sin veg.<sup>279</sup>

Harald, då han var ti år gamal, stakk av med ein finne som var skulda for å stole mat frå Halvdan, og fekk til melding ut på våren at: ”deg skal jeg lønne med et gledelig budskap. Far din er nå død, og nå skal du reise hjem.”<sup>280</sup> Det blir også sagt om Harald at: ”Hans mor var svært glad i ham, men hans far mindre.”<sup>281</sup> Begge desse kongsemna er altså på kant med faren og stefaren sin, men på godfot med mora. Seier det noko som ein sjølvstendig herskartype som nok tek arv frå fedrane, men som skal utmerke seg langt over kva dei har gjort? Korkje faren eller stefaren til Olav er i nærleiken av å kunne måle seg med han og hans bragder og gjerningar, og Halvdan kjem svært kort til samanlikna med Harald. Harald skal ha trossa faren og til og med stukke av, og Olav oppførte seg på ein måte som me i dag berre vil kalle trass, men som i Heimskringla er illustrasjon på sinnelaget hans, og eit forklarande eksempel på hans storlynte personlegdom. Frå dei norrøne tekstane har me eit anna veldig kjent eksempel

---

<sup>278</sup> Steinsland 2005: s. 406

<sup>279</sup> Snorres Kogesagaer: s. 207

<sup>280</sup> Snorres Kongesagaer: s. 46

<sup>281</sup> Snorres Kongesagaer: s. 45

på ein helt som var mildt sagt svært trassig i sin barndom, men der det var teikn på ein storlynt personlegdom; Egil Skallagrimsson. I ei forteljing frå då han skal ha vore tre år gamal blir det fortalt at han ikkje fekk lov til å bli med til gjestebodet til bestefaren sin fordi:

”Du skal ikkje fare,” seier Skallagrim, ”for du kan ikkje med å vera i store lag, der det blir drukki mykje, sidan du ikkje er god å komma til rettes med når du er edru dessmeir.”<sup>282</sup>

Egils reaksjon på denne beskjeden er å stele ein hest, ri etter følgjet frå Borg, setta seg tvert i mot faren i gjestebodet og kvede sitt fyrste vers.<sup>283</sup>

Om barndommen til Olav er det, utover dei vanlege bragdene med vikingferder og herjingar i ung alder, fortalt at han vart døypt til kristendommen som treåring med Olav Tryggvason til fadder.<sup>284</sup> Det historiske ved denne skildringa er sett i tvil, med tanke på at den allmenne kunnskapen tilseier at Olav den heilage ikkje let seg døype før han var vaksen. Nemninga av Olav i Halvdan Svartes draum er nok talande for Olavs posisjon i Norge i kristen mellomalder, men det er også verdt å merke seg at før saga hans tek til er han berre nemnd med namn fire gonger til.<sup>285</sup> Så mens Harald er stadig referert til etter saga si, er det berre ei referanse til at det skal koma ein helgenkonge. Olavs komme blir varsla i tolkinga av Halvdans draum, men elles er det ikkje noko som tydar på at han er ein sentral konge før saga hans tek til, og ikkje noko som tydar på at han skulle bli ein helgenkonge før han møter stor politisk motstand.

Både Harald og Olav er nytta i fortala til Snorre i Heimskringla, men der er det faktisk lagt mest vekt på Harald; Olavs namn blir berre nytta for å forklare kvifor ein av Snorres kjelder visste så mykje om han, og for å tidfeste ein manns død. Mens det blir fortalt at ”da Harald Hårfagre var konge i Norge, ble Island bygd,”<sup>286</sup> og ”hos Harald var det skalder, og folk kan ennå kvedene deres, og kveder om alle konger som har vært i Norge siden.”<sup>287</sup> Han trekker også fram skalden Tjodolv frå Kvine, som han seier var skald hjå Harald, og presenterar Ynglingatal. Det er ingen tvil ut frå hans formuleringar i innleiinga om at Snorre var veldig interessert i, og hadde stor tru på skaldekvad, men i denne samanheng er det artig at han vektlegg dette i forhold til Harald, og ikkje i det heile i forhold til Olav:

---

<sup>282</sup> Egilssoga: s. 67

<sup>283</sup> Egilssoga: s. 66-67

<sup>284</sup> Snorres Kongesagaer: s. 170

<sup>285</sup> Han er i tillegg til desse fem gongane omtala i fortala til Snorre, men der for å tale om kronologi, og Harald Hårfagre er også tala om på same måten der. Fordi desse nemningane ikkje høyrer til hovudforteljinga, og fordi dei har den funksjonen å skulle gjere reie for tidsrekninga, så legg ikkje eg noko vekt på dei i oppgåva mi. Men det er likevel påfallande at det er nettopp desse to kongane har nyttar for å etablere kronologien.

<sup>286</sup> Snorres Kongesagaer: s. 3

<sup>287</sup> Snorres Kongesagaer: s. 3

Det fortelles at da kong Olav fylkte hæren sin, stilte han noen menn i en skjoldborg som skulle stå foran ham i slaget, og til det valgte han de menn som var de sterkeste og djerveste. Så ropte han på skaldene sine og bad dem gå inn i skjoldborgen. ”Dere skal stå her, sa han, ”og se alt det som kommer til å hende her. Da trenger ingen å fortelle dere om det, for dere skal sjøl si sagaen og dikte om det siden.”<sup>288</sup>

Eit aspekt ved Olav den heilage som Harald Hårfarge ikkje kan samanliknast med, er rolla som den legande helgenkongen. Det blir sagt at det skjedde mirakel rundt kista hans og med menneske som bad til han i vanskelege situasjonar. Dette er sjølv sagt eit sentralt element i ei vanleg analyse av Snorre si skildring av Olav Haraldsson, men på grunn av at dette er ei framstilling om skildringane av Harald Hårfagre, og at Harald av naturlege årsaker ikkje kan måle seg med Olav på dette området, er det lite hensiktsmessig å setja desse to kongane opp mot kvarandre på eit felt der naturleg nok Harald Hårfagre aldri har vorte rekna som nokon aktør. Men det er også verdt å merke seg at Olav ikkje byrjar å opptre som nokon heilag mann i saga si før han har møtt ein del motstand, og makta hans er svekka (frå og med hans og sveakongens mislukka krig mot danekongen Knut). Så dei mange referansane til Harald, og dei samanbindande skildringane mellom dei to er tillagt ein konge som på det tidspunktet i saga si er skildra som ein utelukkande verdsleg herskar, som søker verdsleg legitimitet til sitt forsøk på maktovertaking.

## 8.2 Olav i Heimskringla etter si soger:

I førre kapittel såg eg på skildringane av Harald Hårfagre i Heimskringla etter at saga hans er over. Hovudinntrykket var at det vart lagt stor vekt på hans rolle som førebilete, organiserar, stamfar for seinare kongar, og hans rolle som rikssamlar. Når ein skal sjå på tilsvarende skildringar av Olav den heilage etter saga om han, er inntrykket eit anna. Olav er berre to gonger frå og med saga om Magnus den gode omtala som organiserar og lovgjevar.<sup>289</sup> Mens Snorre som kjent er veldig oppteke av Haralds rolle som verdsleg førebilete og ideal. Olav fell i liten grad innanfor den kategorien, så sjølv om han også er sentral i samanbindinga av Heimskringla, så er det gjort på ein heilt annan måte enn med Harald. Ein av gongene Olav er omtala som organiserar eller lovgjevar er det som argument frå Harald Hardråde frå å gjera Håkon Ivarsson til jarl, og ein gong i ein diskusjon mellom erkebiskopen Øystein og Erling Skakke om kyrkjjas inntekter. Dei aller fleste nemningar av Olav er forteljingar om mirakel, draumar han viser seg i: mellom anna blir både Magnus den godes og Harald Hardrådes død fortalt i etterkant og forklart som resultat av draumar begge kongane hadde hatt. I tillegg

<sup>288</sup> Snorres Kongesagaer: del 2 s. 92

<sup>289</sup> Snorres Kongesagaer: del 2 s. 182 og 343



høyrrer me om bøner til Olav før slag, stell av hans lik, bygging av kyrkje over han, gravleggingar i nærleiken av han, osv. Det å skulle vera i slekt med Olav blir det lagt stor vekt på i forteljinga om Magnus, og nemningar av han; han blir omtrent alltid omtala som ”kong Magnus, kong Olav den helliges son,”<sup>290</sup> men elles er det ikkje noko særleg tale om å vera i slekt med helgenkongen. I sogene om Magnus og Harald Hardråde er nok der Olav blir mest nemnd, og der ein finn dei mest saklege nemningane (menn som har støtta han, ting han har gjort som Magnus følgjer opp med, osv). Bortsett frå Magnus og Harald er det berre tre personar som det blir vektlagt at er i slekt med Olav; ein systerson, Guttorm Kjetilson, ei systerdotter, Gudrun Nevsteinsdotter, og ei brordotter, kona til Finn Arneson. Men ingen av desse personane er spesielt viktige for forteljinga, og slektskapen er i hovudsak nemnt for å forklare Harald Hardrådes forhold til desse personane og familiane deira, då han sjølv sagt også var onkelen deira. Det dukkar ikkje opp seinare personar som hevdar avstamming frå Olav slik som mellom anna Olav gjer frå Harald Hårfagre. Olav er ingen ættefar slik som Harald, men det har sin naturlege forklaring: Magnus var Olavs einaste son, og han døydde utan å få søner sjølv. Med tanke på at Olav i Heimskringla ikkje er noko stort førebilete som organiserar og lovgjevar, og at han naturleg nok ikkje vart nokon ættefar for seinare kongar, blir det ikkje att noko andre verdslege område å referere til Olav på. Mens referansar til Harald er utelukkande verdslege, er Olav etter si søge i Heimskringla ein helgen, ikkje stort meir.

Dei fleste Olavsmirakela er lækjedomsmirakel, men ein finn også forteljingar om korleis kista hans ”fann” eit barnelik, hindra ein brann frå å brenne ned kyrkja og korleis sverdet hans flytte på seg av seg sjølv. Olav opptretr altså for det meste som ein religiøs storleik når det etter hans søge blir referert til han, mens Harald i mange av nemningane av han gjev verdsleg legitimitet på bakgrunn av rikssamlingsmyten. Harald blir omtala i langt mindre fantastisk karakter enn Olav, men det er klart at ein mellomalderhistorikar såg ikkje på mirakelforteljingar på same måten som me gjer no. Harald er meir mytisk i den forstand at veldig mykje av det dei seinare kongane gjer blir halde opp mot hans gjerningar. Olav er mytisk i den meir direkte religiøse forstanden, han lækjar, svarar bøner og gjer andre mirakel. Olavspersonen er ein todelt skikkelse; fyrst har me den verdslege kongen, som på mange område ter seg åt som andre vanlege kongar, og som hentar sin legitimitet i Heimskringla frå slektskapen med Harald Hårfagre. Og så får ein helgenen og martyrkongen etter Olav har

---

<sup>290</sup> Snorres Kongesagaer: til dømes del 2 s. 254

mista livet på Stiklestad, som då ligg over og utanfor verdslege omsyn, og difor er det tydelegvis ikkje behov for å vise til arven frå Harald lenger. I Heimskringla gjev Snorre oss fyrst ein rikssamlar, ein utruleg mann, omsverma av forteljingar med mytiske mønster, men berre eit menneske. Og så kjem ein konge, som blir til martyr, og blir til Norges evige konge som erobrar Norge fullstendig for kristendommen. Snorre vektlegg i stor grad sambandet mellom Harald og Olav, og eg vil tale om ein glidande overgang frå ein stor og samanbindande skikkelse til ein annan. Eit anna samanbindande element mellom Harald og Olav er faktisk Gud. Snorre blandar Gud inn i rikssamlingsmyten både ved å la Harald sverje ein høgtidleg eid om å samle landet, og ved å fokusere på kyrkja ved haugen hans i forteljinga om hans hauglegging. Olav er sjølvsgat ein helgen, så både for hans verdslege og ideologiske makt er det gunstig å ha henta sitt førebilete i ein konge som ut frå denne forteljinga også var så godt som kristen.

### 8.3 Profetiske draumar:

Som tidlegare omtala blir Harald Hårfagres fødsel varsla av at både mor og far hans i følgje saga skulle ha hatt draumar om ætta som kom etter dei, og Ragnhilds sin draum blir til rammeforteljinga i historia om Harald sitt liv. Eit slik varsel om Olavs komme i etterkant av og tillegg til Halvdan Svartes draum finn me derimot ikkje i Heimskringla. Men i likskap med Harald Hårfagre er profetiske draumar også sentrale i forteljinga om Olav, men til skilnad frå forteljinga om Harald har ikkje dei profetiske draumane i saga om Olav den heilage ein utprega verdsleg karakter, og det er Olav som drøymmer, ikkje hans foreldre eller nokon andre i relativ nærleik til han. Etter saga om Olav viser han seg i andres draumar i ein del tilfelle, men det gjorde då også Olav Tryggvasson i Olav Haraldssons eigne draumar. Hovudskilnaden på dei profetiske draumane i høve til Olav den heilage og Harald Hårfagre er at Harald ikkje opptrer i seinare draumar me høyrer om i Heimskringla, mens Olav som helgenkonge folk bad til og som utførte mirakel sjølvsgat er ein viktig karakter i andres draumar etter sin død.

Det er ein vanleg oppfatning blant moderne historikarar at Norge fyrst vart endeleg samla under Olav Tryggvasson og Olav Haraldsson, og viss dette hadde vore ein oppfatning Snorre delte ville det vore naturleg å nytte draumar i forteljinga om Olav på same måte som med Harald. Men det gjer han ikkje, og eg meiner det er eit teikn på at han ikkje såg på rikssamlinga som ein lang prosess som vart avslutta inn mot midten av 1000-talet, men ei bragd som Harald hadde allereie utført, og difor kunne seinare kongar berre gjere storverket

om att, ikkje skape noko nytt. Det verkar som om at Norge for Snorre tydelegvis var noko fast som resultat av Haralds arbeide, ikkje noko som endra seg frå konge til konge. Med tanke på at Snorre kom frå Island, som jo for det meste består av ei øy langt borte frå andre land, så er ikkje denne oppfatninga så underleg. At ein overfører omgrep ein er kjent med til arbeidet sitt er noko som alle gjer i meir eller mindre grad, og for Snorre verkar det som Norge vart eit like fastlagt land under Harald Hårfagre som det Island geografisk sett var for Snorre sjølv. Som nemnt var det Harald ætteland Magnus den gode skulle ha vunne heilt og fullt tilbake, ikkje Olavs, sin fars. Det er talande at Harald dermed har forrang framfor Olav, faren til Magnus og helgenkongen, i akkurat dette tilfellet.

I hovudsak er det i forteljinga om Magnus det er lagt mest vekt på å understreke ein konges slektskap til Olav, og her ser ein eksempel på typen profetiske draumar ein finn der Olav spelar ei viktig rolle:

Mot dag sovnet kongen, og drømte at han såg sin far, den hellige kong Olav, som sa til ham: ”Nå er du tung i hug og full av uro fordi venderne drar i mot deg med en stor hær. Ikke skal du være redd for en hedensk hær, om det så er mange som går imot deg. Jeg skal følge deg i dette slaget. Gå til kamp mot venderne når dere hører luren min.” Da kongen våknet, fortalte ham om drømmen sin; da tok det til å lysne av dag. Da hørte hele folket en klokkelyd oppe i lufta, og de av kong Magnus' menn som hadde vært i Nidaros, syntes at det var som det ble ringt med Glad, en klokke kong Olav hadde gitt til Klemenskirken i kaupangen.<sup>291</sup>

Sjølvsgatt vinn Magnus slaget etter dette, og:

Etter dette slaget ble det jærteget som kong Olav den hellige hadde gjort, vidspurt i mange land. Og det ordet gikk mann og mann imellom at ingen mann skulle kunne kjempe mot kong Magnus Olavsson, og at kong Olav, hans far, var så nær ham at uvennene hans ikke kunne stå seg mot ham.<sup>292</sup>

I motsetnad til dei profetiske draumane knytt til Harald handlar altså draumane om Olav primært ikkje om verdsleg makt, men om religiøs tyding og påverknad. Olav opptrer i draumar, noko Harald ikkje gjer, og han viser seg for son sin Magnus før han skal døy:

Ei natt da kong Magnus lå i senga si, drømte han og syntes han var hos sin far, den hellige kong Olav. Og han syntes at Olav sa til ham: ”Hva vil du helst nå, sønn min, enten fare med meg eller bli den mektigste av alle konger og leve lenge, men gjøre en slik synd at du knapt eller ikke kan få sonet den.” Han syntes at han svarte: ”Jeg vil at du skal velge for meg.” Da syntes han at kong Olav svarte: ”Da skal du fare med meg.”<sup>293</sup>

I tillegg er det mange draumar som varslar Harald Hardrådes lagnad, og Olav viser seg for også han.<sup>294</sup>

---

<sup>291</sup> Snorres Kongesagaer: del 2 s. 140

<sup>292</sup> Snorres Kongesagaer: del 2: s. 142

<sup>293</sup> Snorres Kongesagaer: del 2 s. 169

<sup>294</sup> Snorres Kongesagaer: del 2: s. 206-208

## 8.4 Hårmotivet og gravleggingane:

Eit klart likskapspunkt i forteljingane om dei to kongane finn me i fokus på hår i forteljingane. Halvdans Svartes draum med dei fagre lokkane varsla etterkommarane hans som skulle bli mektige kongar i Norge, Harald sverja på å ikkje klyppe håret sitt før han hadde samla heile Norge under sin kontroll, og Olav den heilage sitt hår og sine neglar held fram med å vekse etter han var død, noko som var avgjerande for å gjere han til ein helgen: ”Folk som hadde sett kong Olav da han falt, kunne tydelig se at hår og negler hadde vokst nesten så mye som om han hadde vært levende her i denne verden hele tida siden han falt.”<sup>295</sup>

I Olav den heilage sitt tilfelle er hårmotivet nært knytt opp mot hans død og gravlegging, ved at det som sagt nettopp var dette som bidrog så sterkt i argumentasjonen for at han skulle ha vore ein helgen. I Harald Hårfagres tilfelle er hårmotivet ein synleg og levande illustrasjon på hans aukande makt; jo meir håret vaks, dess meir makt hadde han. Og dette motivet kan lett også nyttast på forteljinga om Olav sitt hår som voks etter han var død: Hårveksten til begge kongane var med på å bygge opp makta deira, og når så håret vart klypt, er makta konsolidert. Faktisk så blir klypping av håret til Olav den heilage av Magnus den gode og Harald Hardråde nytta i sogene deira som forteljingar som tydelegvis skal ha vore med på å understreke deira eigen legitimitet til kongsmakta ved at det var dei som stod for stellet av den døde helgenkongen. Og håret til Harald Hårfagre skal har vorte klypt i eit gjestebod, framfor mange menneske, og det var der han skal ha vorte gjeven tilnamnet sitt. Forteljinga har preg av å nesten vera ei livsrite, som dåp eller konfirmasjon; uansett ein offentleg seremoni.

Haralds veksande hår er ein illustrasjon på hans aukande makt i løpet av hans liv, mens Olavs veksande hår er paradoksalt nok eit levande teikn på helgenkongens veksande makt etter hans eigen død. Det at håret til Olav veks er altså ein sterk del av motiva knytt opp til hans død. Håret til Harald har ikkje noko med hans død å gjere, men også han har jo som nemnt ei litt spesiell gravlegging, ein gravhaug som har vore opna, og steinar som er henta ut og no står på ein kyrkjegard. Slik får både Olav og Harald monument og markeringar knytt til sine gravleggingar; Olav er bevist heilag på grunn av håret og neglene som voks etter hans død, og steinar frå haugen til Harald er ført gjennom heidenske gravskikkar og dødsriket til å pryde ein kyrkjegard ved staden der grava hans var. Kanskje han er henta ut og gravlagt der på kyrkjegarden? Det seier ikkje Snorre noko om, han berre antydar noko mytisk.

---

<sup>295</sup> Snorres Kongesagaer: del 2 s. 116-117

I Heimskringla er Harald og Olav to skikkelsar som har mange og viktige likskapar i skildringane av seg, og som også er sentrale i samanbindinga av Heimskringla. Snorre har tydelegvis vore veldig oppteke av den samanbindande funksjonen, og i staden for å ha ein stor person, så har han to som avløyser kvarandre, og der Harald er heilt i sentral i å legitimere Olavs verdslege makt. Harald hadde vore ein langt mindre person i Heimskringla viss det ikkje hadde vore for alle nemningane i saga til Olav, og det sentrale bandet mellom dei. Heile einogtjue av dei treogførti nemningane av Haralds namn etter saga hans er over finn me i saga om Olav, og den legitimiteten Olav hentar derifrå er i følgje Snorre heile grunnlaget hans for å kunne ta over den norske trona. Med unntak av skildringane i saga om Olav, så er det lite overlapping i forhold til når dei blir nemnt; Olav er nesten ikkje referert fram til før saga hans tek til, og det finst berre ei direkte referanse til Harald etter at saga til Olav er omme. Dei overlappar fordi det er nødvendig for å forklare Olavs verdslege makt, men etter det er gjort, så blir Olav den store skikkelsen. Men det styrkar Haralds posisjon at Magnus den gode skal ha vunne "Haralds ættland" heilt og fullt tilbake, og ikkje Olavs.

## **8.5 Forholdet mellom Harald Hårfagre og Olav den heilage i norrøn historieskriving.**

Forholdet mellom Harald Hårfagre og Olav den heilage er veldig tydeleg i Heimskringla, med fleire viktige forteljingar om korleis Olav tydelegvis la stor vekt på å ta arva si etter Harald, og ein del motiv for skildringar som ser ut til å vere felles for begge sogene. Det er klart at Olavs vektlegging av relasjonen til Harald kan ha ein heil del med det at hans eigen far ikkje var noko førebilete, og at han difor måtte gå lenger tilbake etter ein som det var verdt å ta arv etter. Men det kan også ha ein heil del med at Olavs ambisjonar heilt tydeleg var å ta seg eit rike langt større enn det far hans ei kort tid skal ha hatt kontroll over, og då var det vesentleg å kunne hente seg eit førebilete frå ætta. Hovudinstrykket derimot tydar på at ingen av desse to grunnane kan ha vore det viktigaste argumentet for å ta arva si etter Harald, for Harald Hårfagre vart sjølvsagt tillagt æra for å ha samla seg heile landet, og arv etter han skulle gje legitimitet til eit kongsnamn, så lenge ein var etterkommar i direkte mannleg line til ein av Haralds søner.

I Ågrip finn ein ikkje det samanbindande elementet så utdjupa som i Heimskringla (sjå sitat i innleiinga på kapittel sju). Men arv etter Harald er heilt tydeleg det som i følgje forfattaren av

Ågrip gav ein rett til å ta seg kongsnamn i Norge. Liste med detaljer kring avstamming frå Harald blir trekt fram fire gonger i Ågrip, og tre gonger i samband med kongar; Olav Tryggvason, Olav den heilage og Harald Hardråde. Det som er felles for desse tre er at ingen av dei tok over kongemakta etter sin eigen far, og difor er oppramsinga nødvendig for å underbygge deira legitimitet. Avstamming frå Harald er ikkje nemnt i samband med nokon av deira søner, noko som er heilt naturleg i og med at Olav den heilage og Harald Hardråde er etablerte som hårfagreættlingar, seier det seg sjølv at også sønene er av same avstamming, og dermed har same rett til kongsnamn.

I Heimskringla er det mange likskapar mellom Olav og Harald i form av at begge tydelegvis har graver som er opna att, og i forhold til hårmotivet som er sentrale illustrasjonar på aukande makt i forteljingane om begge kongane. Det er ikkje noko teikn til nokon av desse motiva i Ågrip, og i hovudsak er det ikkje noko som skil forteljinga om Olav den heilages avstamming ut frå Harald Hardråde og Olav Tryggvason. Alle tre blir i dei same symbolske ordlaga presentert som rettmessige kongar pga avstamming frå Harald Hårfagres søner. Det er ingen av dei der dette på noko måte er meir vektlagt enn med dei andre, slik som i saga om Olav dei Heilage i Heimkringla. Olav er heller ikkje spesielt framheva i skildringane i Ågrip, det blir fortalt om korleis han såg ut, men utan at det verkar som forfattaren av Ågrip legg seg heilt i støvet for han.<sup>296</sup> Generelt kan ein seie at forfattaren av Ågrip må ha vore langt mindre oppteke av å binde saman verket sitt enn det Snorre tydelegvis var.

Ein finn ikkje nokon parallell i høve til Olav den heilage når det gjeld hårmotivet i Ågrip, der blir det berre sagt at ”Gud tok til å openberra jartegner om den heilage Olav”,<sup>297</sup> og det står ikkje noko om kva desse jartegna skulle vere. Det er nok ein gong viktig å understreke at ein kan ikkje henge seg opp i at det er langt færre detaljer i Ågrip knytt til dette enn i Heimskringla. Ågrip har berre ein brøkdell av historiene i Heimskringla, og der må ein ofte gjere meir ut av det ein finn enn i Snorre si historieskriving. Men uansett finst det ingen forteljingar i Ågrip knytt til at hår skulle vere noko spesielt, og med unntak av at Harald er presentert som Hårfager. Det blir sagt om Olav at han ”hadde brunt hår og noko raudare skjegg”.<sup>298</sup> Og det er ikkje ei skildring som kan seiast å vere spesielt talande. Generelt er det ikkje noko spesielt mellom Harald og Olav i Ågrip i forhold til band mellom dei (med unntak

---

<sup>296</sup> Ågrip: s. 47

<sup>297</sup> Ågrip: s. 53

<sup>298</sup> Ågrip: s. 47

av nemninga av at Olav var ein etterkommar etter Harald,) og det er ingen store likskapar mellom skildringane av dei. Det er heller ikkje nokon seinare referansar til Olav etter forteljinga om hans liv i Ågrip som seier noko om han som person, konge eller helgen. Når han blir nemnt er det som far til Magnus, bror til Harald Harråde, eller den heilage som kviler i Nidaros. Det er ingen Olavsmirakel i Ågrip, og sjølv om Harald til ein viss grad er med på å binde sogene der saman ved nemningane av han, så kan ikkje det same seiast om Olav. Som sagt så skil av Olav seg veldig lite frå skildringane av dei andre kongane i Ågrip, og Harald står fram nesten som ein viktigare konge i og med at han vart den fyrste einevaldskongen, ut frå forteljinga om Snøfrid og ut frå referansane til han etter forteljinga om hans liv

Korkje Den eldste Noregs-historia eller Theodoricus munk sin Historien om de gamle norske kongene har særleg omfattande skildringar av enkeltpersonar, og ingen av dei går spesielt inn på Harald Hårfagre. Forteljinga om Olav i Den eldste Noregs-historia endar lenge før slaget ved Stiklestad, og Olav står ikkje fram som nokon spesiell person der. I staden er det Olav Tryggvason som blir framheva som ein kristningskonge; ”gjennom han var det endeleg Noreg fekk taka imot helsebota i kristi ord”.<sup>299</sup> Forteljinga om Olav Haraldsson endar med ei nemning av biskopane han skulle ha teke med seg frå England, men utan nokon andre teikn i det heile på at han skal ha vore kristen. Det er heller ikkje noko vektlagt band mellom Harald og Olav i denne kjelda med unntak av oppramsinga av kongane etter Harald som sitert i kapittel sju. Teodoricus på den andre sida er, sjølv om han ikkje bryr seg spesielt om Harald, veldig oppteke av Olav den heilage: han fortel om korleis Olav Tryggvasson skal ha latt både Olav Haraldsson og mor hans døype, og korleis ”han øvde rettferd mot alle, krenket ikke noe menneske, drev ikke noen til motstand og dømte ikke noen dersom hans egen ondskap og tross ikke allerede dømte ham.”<sup>300</sup> Men det er ikkje noko spesielt band mellom Harald og Olav, og heller ikkje Teodoricus nemner noko om hår som skulle ha vakse i samband med forteljinga om Olavs død.

Fagerskinna har heller ikkje noko særleg nemningar av Harald Hårfagre for å binde saman verket eller trekke tråden til Olav den heilage. Til samanlikning med Ågrip er faktisk forfattern av Fagerskinna langt meir nøytral i sin språkbruk, og sjølv om dei fleste viktige nemningane av Haralds namn også her er i samband med ættetavler, så høyrer me ikkje noko

---

<sup>299</sup> Den eldste Noregs-historia: s. 42

<sup>300</sup> Historien om de gamle norske kongene: s. 58-59 og 62

spesifikt i Fagerskinna om at det skulle vere naudsynt for å kunne ha krav på den norske trona, slik som i Ågrip. Og på den måten blir faktisk sambandet mellom Olav den heilage og Harald Hårfagre endå mindre utdjupa i Fagerskinna enn i Ågrip, for ein har ikkje ein gong ein presentasjon der hans avstamming frå Harald er meir enn berre nemnt. Olav blir i eit av kvada om han i Fagerskinna omtala som "Haralds ætling"<sup>301</sup>, men med tanke på at hans far også skal ha heitt Harald, og at det er ikkje noko anna i verset som antydar noko anna, så er dette neppe ei nemning som skal binde saman Olav med Harald Hårfagre.<sup>302</sup> Den einaste tydelege direkte referansen til Harald i løpet av forteljinga om korleis Olav var konge i Norge er slik: "Da Sigurd Syr var død, var det ingen i Noreg som bar kongenavn ved siden av kong Olav. Men det hadde ikke hendt i Norge siden Harald Hårfagre styrte, i mellomtiden hadde det vært herredskonger."<sup>303</sup> Her blir Olav rosa for si bragd i å ta einemakt i landet. Men det er ikkje noko meir enn ein nøytral samanlikning som går vidare med å fortelje av Olav faktisk hadde fleire område enn Harald: "Kong Olav var den første av Norges konger som la under seg og tok skatt av Orknøyene og Hjaltland og Færøyene."<sup>304</sup> Dette er i skarp kontrast med kva Snorre seier, der strid om Orknøyane faktisk er eit bindeledd mellom Harald og Olav ved at Olav skal ha legitimert si overtaking av øyene ved at dei skal har tilhøyrt Harald, ikkje ein skilnad slik som ein les i Fagerskinna. På dette punktet har faktisk Heimskringla og Fagerskinna heilt motsette oppfatningar. Men dette er på den delen av verket der det er litt meir vanskeleg å bestemme aldersmessig forhold mellom dei to kjeldene sidan mellom anna Johan Schreiner seier at Snorres Olavssaga var kjelda for Fagerskinna, og ikkje omvendt som er tilfelle med forteljingane om dei eldste kongane.<sup>305</sup>

I forteljingane om begge kongane i Heimskringla er det eit sentralt motiv knytt til hår. Og mens forteljinga om korleis Harald skal ha sverja på å ikkje klyppe håret før han hadde vunne seg heile Norge er nemnt i Fagerskinna, så er blir det ikkje nokon stad i dei andre norrøne kjeldene eg har nytta for denne oppgåva sagt noko om at Olav den heilages hår skulle ha vakse etter hans død. I Fagerskinna står det at: "Etter kong Olavs fall ble hans lik ført ut til Kaupangen og jordet der. Og straks ble da mange jærtegn både av hans blod og legeme."<sup>306</sup> Det er ikkje presisert noko om kva desse jartegna skulle gå ut på, og ikkje ein gong i Passio Olavi, som er ei slags oppramsing av underverka knytt til Olav, blir det sagt at ein skulle ha

---

<sup>301</sup> Fagerskinna: s. 175

<sup>302</sup> Han blir også omtala som "Haralds sønn, den djerve drott" s. 187 i Fagerskinna.

<sup>303</sup> Fagerskinna: s. 171-172

<sup>304</sup> Fagerskinna: s. 172

<sup>305</sup> Schreiner i innleiinga i Fagerskinna: s. 8

<sup>306</sup> Fagerskinna: s. 192



merka at han var heilag ved at håret og neglene hans voks etter han var død.<sup>307</sup> Men for Snorre er det nettopp det at ein kunne sjå at håret og neglene hans hadde vakse like mykje det fyrste året han låg i grava som det hadde kome til å gjort dersom han var i live som gjorde at ein fyrst kunne forstå og påvise at Olav var heilag. Og det blir gjort poeng ut av at både Magnus den gode og Harald Hardråde skulle ha stelt håret til Olav. Det betyr at dette er ei førestilling som er svært viktig for Snorre, men som me ikkje veit kvar han har frå. Sidan han skal ha skrivi saga si om Olav før han gjekk laus på arbeidet med Heimskringla, kan ein lett tenkje seg at det ville vore lett å trekke parallellar frå sitt arbeide med Olav til forteljinga om Harald, men akkurat her kan det motsette ha vore tilfelle, at ei forteljing om Harald Hårfagre har vore inspirasjon for ei veldig sentral forteljing om Olav den heilage.

Forteljingar om Olav den Heilage er veldig nyttige i forhold til ei analyse av Harald Hårfagre av tre grunnar: Nr ein; at Olav også blir ein stor myteskikkelse og er viktig i forhold til å binde saman Heimskringla, sjølv om det ikkje heilt er på same måten og i same grad som Harald. Nr to; i fleire tilfelle finn kan ein finne dei same mytiske mønstera i forteljingar om dei to og dei har mange mytiske element til felles – som til dømes hårmotivet. Og nr tre; fordi i forhold til Olav er det veldig viktig å legitimere hans krav på trona – noko som blir gjort ved å knyte han saman med Harald Hårfagre. Det sterkt utheva bandet mellom Harald og Olav er ein sentral del av Snorres samanbinding av verket sitt. Det vil seie at deira namn blir nytta for å trekke lange liner, og at skildringane av dei har mange likskapar og er bunde saman. I dei andre kjeldene bli det gjerne presisert at han er ein etterkommar etter Harald Hårfagre når han blir presentert, men ellers er det ikkje noko særleg band mellom dei i det heile, eller spesielle likskapar mellom forteljingane om dei. Denne relasjonen er unik for Snorre, men med tanke på at Olav skal ha vore hårfagreætling, kan ein heller ikkje påstå at han har take den ut av lause lufta.

---

<sup>307</sup> Passio Olavi

# Kapittel 9 – Snorre Sturlason og forteljinga om Harald Hårfagres rikssamling. Konklusjon

”Kvedene tror jeg det er minst mistak i, om de blir rett kvedet og skjønnsomt tolket.”<sup>308</sup>

## 9.1 Problemstilling og tese for oppgåva:

Målet med denne oppgåva var å sjå på Snorres skildring av rikssamlinga til Harald Hårfagre, analysere den, og sjå om han arbeida mest som diktar eller redaktør når det gjaldt dei mytiske elementa i rikssamlingsforteljinga. Det er mange spennande episoder frå Haralds liv i saga hans og svært myteprega forteljingar i forkant av hans fødsel i saga om far hans, Halvdan Svarte. Forteljinga om Haralds rikssamling i Heimskringla går også langt ut over hans eige soge og siste nemninga av Harald namn er i saga om Magnus den gode. Mitt utgangspunkt er ei tese om at Snorre fyrst og fremst arbeida som redaktør i sitt arbeide med framstillinga av dei mytiske elementa i forteljinga om Harald, dvs seie at hans metode primært var å hente skildringar frå andre kjelder.

## 9.2 Mytiske element i rikssamlingforteljinga i Heimskringla:

I kapittel ein definerte eg mytiske forteljingar og mytiske element ikkje som noko direkte religiøst, men inspirert av og med underliggande mytiske forteljingar og mønster. Myten om Harald Hårfagres rikssamling i Heimskringla står ikkje fyrst og fremst fram som ei myte om guddomleg opphav, men heller ei myte om Haralds person og gjerningar som gjorde han til det verkelege førebiletet for andre av hans ætt, og som definerte Norge som dei områda han skulla ha lagt under sin kontroll. Det vil seie at seinare kongar berre kunne samle desse områda inn att, ettersom dei fall utanfor slektas kontroll, at Haralds ætteland nyttast som eit synonym til Norge, og etterkommarar etter Haralds søner var ”odelsbårne til kongedømmet etter de lovene Harald Hårfagre satte.”<sup>309</sup> Denne førestillinga om rikssamlaren blir av Snorre utbrodert og utdjupa kraftig med mange forteljingar med klare mytiske parallellar og mønster, og formuleringar slik som at det var lovfesta at kongane skulle kome av Haralds søner, og ”av hans ætt har alltid kongene i Norge vært siden.”<sup>310</sup> Ikkje minst finn me ei skapingsmyte i forteljinga om Haralds liv som består av fleire element, der mange av delane

---

<sup>308</sup> Snorres fortale i Snorres Kongesagaer: s. 4

<sup>309</sup> Snorres Kongesagaer: s. 226

<sup>310</sup> Snorres Kongesagaer: s. 78

har svært mykje til felles med norrøne myter. Denne skapingsmyten går ikkje på skaping av verda eller den sosiale orden, men skapinga av kongeriket Norge og opphavet til Hårfagreætta. Tydelegast i denne samanhengen er truleg likskapane mellom forteljingane om Halvdan Svartes hauglegging og korleis Odin og brødrane hans skapte verda ved å partere Ymes lik og fysisk bygge jorda av det, og dei mange likskapane mellom forteljingane om Gyda og Snøfrid og eddadiktet Skirnesmål. Ein kan i stor grad definere rikssamlingsmyten som ei skapings- og opphavsmyte fordi det er eit kongedømme som er vorte skapt og ei kongsslekt som me får opphavsforteljinga til. Forteljinga om Haralds rikssamling er sjølvsagt ei omfattande ei slik den står fram i Heimskringla, og består av mange omgrep, forteljingar og små element. I denne oppgåva er nokon av dei historiene eg reknar som mest sentrale presentert og diskutert. Og mens forteljinga om haugleggingane til Halvdan Svarte er ei av dei sentrale, er det også fleire som denne oppgåva har teke føre seg.

Av forteljingane i denne oppgåva eg har definert som mytiske finn me mellom anna forteljingane om draumane til dronning Ragnhild og hennes mann, Halvdan Svarte, som begge hadde storlegne draumar om ætta som skulle kome etter dei like i forkant av sonens fødsel i framstillinga til Snorre. Profetiske draumar i forkant av ein fødsel har stor tyding i mytisk terminologi, det tyder vanlegvis at no skal det koma til nokon som er heilt utanom det vanlege. Draumane blir av Snorre nytta både til å varsle at mellom anna Olav den heilage skal koma, og som biletleg forklaring på Haralds liv, gjerningar og hans tyding for ettertida.

I saga om Harald Hårfagre, og utover i Heimskringla, møter me ei førestilling om at odelen i Norge skal ha vore nært samanbunde med Harald og ætta etter han, og at denne historia også blir nytta av Olav den heilage for å legitimere hans politikk i forhold til Orknøyane. Men i tillegg har me unike forteljingar om Haralds forhold til spesielt to kvinner, Gyda og Snøfrid, som er eit av dei mest typiske forteljingsval mellomalderhistorikarar med inspirasjon frå norrøne mytiske mønster nytta; fødsel, kvinner, lagnad og død er gjerne sentrale element i soger frå norrøn tid, og forteljinga om Harald Hårfagre er på inga måte noko unntak. Me finn også legitimerande forteljingar knytt til hår i rikssamlingsmyten samt til slutt forteljinga om Haralds hauglegging. Og det er veldig interessant å sjå på korleis Snorre i fleire forteljingar har blanda den kristne guden inn i Harald Hårfagres rikssamling.

Rikssamlingsmyten i Heimskringla består ikkje berre av forteljingane i sogene om Halvdan Svarte og Harald Hårfagre, men også i aller høgaste grad av måten Snorre nyttar Harald som

legitimerande referansepunkt når han talar om seinare kongar. Dette er spesielt tydeleg frå saga om Olav den Heilage, og er sentralt for å binde dei to kongane saman. Også mange likskapar i karakteristikkar samt dei to konganes posisjon i Heimskringla gjer det naturleg å tale om Olav i ei analyse av Snorres framstilling av Harald.

Snorres rikssamlingsmyte inneheld mange element som eg har gått inn på tidlegare i oppgåva, og som har veldig mykje til felles med norrøne myter og mytiske mønster. Snorre pøsar på med forteljingar med symboltyding i historia om Haralds liv, men han har også med mange fleire forteljingar og nivå enn det som denne oppgåva har teke for seg. Målet for denne oppgåva har vore å analysere enkelte episodar for å samanlikne dei med tilsvarende i dei andre norrøne kjeldene, og på den måten prøve å komme fram til noko i forhold til tesen for denne oppgåva, om Snorre arbeida mest som redaktør i forhold til innhentinga av det mytiske materialet han nytta i forteljinga om Harald Hårfagre, og så forhåpentlegvis ut frå desse samanlikningane kunne seie noko om Snorres arbeidsmetodar og forfattarskap.

### 9.3 Snorres Arbeidsmetodar og forfattarskap:

Ågrip og Fagerskinna er eldre enn Heimskringla og det er tydeleg at begge er nytta som kjelder av Snorre. Halvdan Koht sa at :”Snorre hadde nok Fagerskinna føre seg då han skreiv den parten av verket sitt som handlar om kong Harald”,<sup>311</sup> og skildringane av brenninga av Snøfrid i Ågrip og Heimskringla er nesten identiske.<sup>312</sup> For det aller meste så er likskapane mellom Ågrip, Fagerskinna og Heimskringla så store at det er heilt tydeleg at dei høyrer til same tradisjon, og at Snorre aktivt har nytta dei to andre som kjelder. Det er også ein god del likskapar mellom Heimskringla og Den eldste Noregs-historia og Historien om de gamle norske kongene, men der er fellestrekkja færre enn mellom Ågrip, Fagerskinna og Heimskringla. Når det gjeld Historien om de gamle norske kongene er det litt vanskeleg å vurdere om Snorre har nytta denne som kjelde i noko særleg grad på grunn av fokuset og utvalet av forteljingar der. Det same er tilfelle med Den eldste Noregs-historia, men den kjelda (sjølv om den kanskje ikkje er nytta aktivt som kjelde av Snorre,) har ein relativt nær relasjon med Heimskringla, og kjem garantert i det minste frå same forteljartradisjon.

---

<sup>311</sup> Koht 1955: s. 8

<sup>312</sup> Ågrip: s.23

Snorres Kongesagaer: s. 66

Ved å samanlikne i denne oppgåva har me i fleire tilfelle sett at skildringar i Heimskringla har så mykje til felles med forteljingane i Ågrip og Fagerskinna at det rett og slett er tale om avskrivning, som forteljingane om Snøfrid i Ågrip og Heimskringla, og Halvdan Svartes draum i Heimskringla og Fagerskinna. Forteljinga om korleis Harald skal ha svore ein eid på å ikkje klyppe eller kjemme håret sitt før han hadde lagt under seg hele Norge finn me både i Heimskringla og Fagerskinna, og fram til sjølv hauglegginga så er forteljinga om Halvdan Svartes død omtrent identisk i tre av dei fire kjeldene som talar om den. Dei forteljingane som skil seg ut frå dei andre hovudkjeldene for denne oppgåva er forteljinga om dronning Ragnhilds draum, firedelinga av Halvdan Svarte, forteljinga om Gyda og haugbrotet knytt til Harald Hårfagres gravhaug. Bortsett frå forteljinga om dronning Ragnhilds draum, så finn me att dei same forteljingane i seinare sogeverk, noko som i det miste tydar at seinare mellomalderhistorikarar har hatt tilitt til det Snorre skreiv. I veldig mange tilfelle er det tydeleg at Snorre har henta forteljingar frå andre tidlegare kjelder, og bunde dei saman i Heimskringla. Om han berre har arbeida slik er umogleg å vite, sidan me no ikkje har tilgang til alle kjeldene han har hatt.

Det finst mange eksempel på mytiskinspirerte skildringar i Heimskringla som finst i dei andre kjeldene. Ei er historia om kva som hendte med Harald Hardråde i England rett før han skulle utkjempe slaget der han mista livet. Den finn me i alle kjeldene med unntak av Den eldste Noregs-historia, og det sjølv sagt fordi den saga endar midt i forteljinga om Olav Haraldsson. Dette er ei skildring som tydeleg ser ut til å ha varsla hans lagnad, og det er merknadsverdig kor lik dei forskjellige skildringane av denne hendinga er:

Kong Harald Sigurdsson rei omkring fylkingen og mønstret den. Han satt på en svart blesset hest. Hesten falt under ham, så kongen stupte framover og falt av. Han stod fort opp og sa: ”Fall er hell på ferden.” Da sa den engelske kongen Harald til de nordmennene som var sammen med ham: ”Kjente dere den store mannen som falt av hesten der, med den blå kjortelen og den vakre hjelmen?” ”Det er kongen sjølv,” sier de. Den engelske kongen sa da: ”En stor og mektig mann; men nå er det rimeligst at det er ute med lykken hans.”<sup>313</sup>

Denne forteljinga finn me med små variasjonar i alle hovudkjeldene for denne oppgåva, bortsett frå Den eldste Noregs-historia. Fagerskinna sin versjon er om lag identisk med Heimskringla,<sup>314</sup> og den einaste reelle skilnaden i forteljinga i Ågrip og Historien om de gamle norske kongene er at der er det Harald som seier at fallet var uheldig.<sup>315</sup> Forteljingane i desse to versjonane er også om lag identiske:

---

<sup>313</sup> Snorres Kongesagaer: del 2 s. 212

<sup>314</sup> Fagurskinna: s. 282

<sup>315</sup> Ågrip: s. 62, og Historien om de gamle norske kongene: 80-81

Kongen sjølv sat på hesten og reid medan han fylkte hæren. Men hesten snåva under honom og kasta honom av. Kongen mælte då han stod opp att: ”Skjeldan bar slikt til med` lukka var god.” Det gjekk som kongen sa òg, så han vart ikkje rangspådd. I dette same slaget den dagen fall både Harald og Toste jarl og mykje folke med dei; dei som kom unna, flydde til skipa.<sup>316</sup>

Og så ser me på korleis Theodoricus har skildra den same episoden:

og da kong Harald sjølv falt av hesten, som snublet mens han red omkring for å fylke hæren, skal han ha sagt at et slikt tegn sjelden varsler seier. Og her tok han ikke feil, for i dette slaget falt Harald. Sammen med ham ble også Toste drept.<sup>317</sup>

Her har me altså eit eksempel på ei forteljing der me kan sjå at skildringa er kopiert til fire forskjellige sogeverk, noko som seier oss at Snorres arbeidsmetode med å hente skildringar frå forskjellige kjelder på ingen måte er noko som er unikt med han. Det er tydeleg at det var det vanlege for mellomalderhistorikarane når dei skulle sette saman kongesoger. Eksempelet er også eit av veldig mange som tydeleg visar at Snorre i Heimskringla, slik som dei andre sogeforfattarane, ikkje skildra ein herskartype som var idealet i hans samtid, jamfør sitatet frå Kongespeilet i kapittel ein, men at skildringane skulle gå på ein herskartype som vart oppfatta som den fortidige. Skilnad i tidsspenn på dette område innanfor Heimskringla kan me sjå ved å sette Harald Hårfagres kvinnehistorier opp mot Håkon jarl sine, Haralds kvinner er i forteljinga eit ledd for å binde landet saman, og det er ikkje noko gale i det han gjer, mens Håkons kvinner er mykje av grunnen til at han blir styrta. Og ut frå Snorres skildringar er det ikkje enkelt å sjå for seg at ein person som Inge Krokrygg kunne ha hevda seg noko særleg i politikken på Harald Hårfagres tid.

Når ein samanliknar Heimskringla med kjeldene som er utgangspunktet for denne oppgåva ser ein raskt likskapane mellom mange av kjeldene, som viser heilt tydeleg at Snorre ikkje har funne på desse forteljingane sjølv, men Snorre var på ingen måte ein passiv nedskrivar av andres forteljingar. Han gjorde utval, og me har fleire eksempel på at han kanskje ofra dei mest fargerike skildringane enkelte gonger til fordel for det eg vil tru han meinte var nærare sanninga. Eit eksempel på dette er skilnaden på forteljingane om korleis Eiriks Blodøks si enke, Gunnhild, mista livet i Heimskringla til forskjell frå Ågrip og Historien om de gamle norske kongene. I Ågrip så høyrer me at:

Håkon jarl var den vakraste mann å sjå, ikkje høg, men vørdeleg; og han var uvanleg klok, difor vart han sløgare enn Gunnhild i råda sine. Han var enno i god venskap med kong Harald som då rådde for Danmark, og fekk talt honom til at han skulle fara med svik imot Gunnhild og få henne or landet, på den måten at han sende brev og sendemann med friarbod til henne. Harald sende brev, og sa at det var høvelegast at ho, gamle kona, gifta seg med ein gammal konge; og ho lydde etter dette. Men ferda hennes byrja med pryd og enda med skam. Med

---

<sup>316</sup> Ågrip: s. 62

<sup>317</sup> Historien om de gamle norske kongene: s. 80-81

same ho kom til Danmark, vart ho teken og søkkt ned i ei myr, og såleis enda ho sine dagar – etter det mange seier.<sup>318</sup>

Theodoricus sin versjon er ikkje stort annleis:

Til slutt pønsket Håkon ut et råd. Han sendte bud til danekongen, som på den tiden enda var hedning og derfor vennlig innstilt ovenfor Håkon, og ba ham skrive til Gunnhild i all hemmelighet og fri til henne. Først skulle han forsikre henne om hvor lykkelig Danmark ville bli under en slik dronning. Hva alderen angikk, kunn han si han ikke hadde i sinne å gifte seg med noen ungdom, han var selv oppe i årene og de kunne derfor passe godt sammen.

Gunnhild ble svært glad over å få dette brevet fra kongen, og med kvinnelig lettsinn og i god tro la hun strakt i vei til Danmark. Men der lot kongen henne gripe og senke ned i en myr.

Dermed var det slutt på de ondsinnede misgjerningene til Gunnhild.<sup>319</sup>

Dette er ei fasinerende forteljing som me veit Snorre har hatt kjennskap til i og med at han har nytta Ågrip så mykje som kjelde, men som ikkje er med i Heimskringla. Snorre må ha kjent til forteljinga om lagnaden til Gunnhild, men har valt å ikkje ta den med. Snorre gjorde altså kritiske utval i forhold til kva han ville ha med i sitt verk, noko som er heilt tydeleg sjølv om han også har ein del forteljingar me ikkje kjenner til frå andre norrøne verk. Eit anna eksempel er forteljinga om lagnaden til Olav Tryggvason; mellom anna Ågrip seier at nokon meinte Olav hadde kome seg bort i live frå slaget ved Svolder, og vorte sett i eit kloster i Jorsalaland,<sup>320</sup> mens Snorre i Heimskringla nyttar mellom anna eit kvad for å avvise dette:

Enda sier meg somme  
menn at såret var han,  
at kongen kom seg unna  
fra kampen der i østen.  
Men nå har jeg sannspurt sørfra,  
han falt i storslaget.  
Jeg kan ikke med å fylle  
folk med løse rykter.<sup>321</sup>

Og slik ser me at Snorre ikkje berre var kritisk i utvalet av forteljingar han tok med, men at han også direkte har sett seg i mot skildringar han har funne i tidlegare kjelder, og prøver å motbevise rykte som folk i hans samtid truleg har fortalt om Olav Tryggvason sin lagnad.

Nokon komplett, overordna og dekkande tolking av Snorre sine arbeidsmetodar er knapt mogleg på grunn av mengda tekst han produserte. Formuleringar i vanlege historiebøker som ”Snorris rikssamling er åpenbart en konstruksjon”,<sup>322</sup> har gjeve mange inntrykket at Snorre dikta fritt då han skreiv Heimskringla. Den logiske tolkinga av slike ordval er at han har konstruert ei rikssamlingsforteljing, men det er mange eksempel på at Snorre meir eller mindre direkte skriv

---

<sup>318</sup> Ågrip: s. 32-33

<sup>319</sup> Historien om de gamle norske kongene: s. 52

<sup>320</sup> Ågrip: s. 43

<sup>321</sup> Snorres Kongesagaer: s. 204

<sup>322</sup> Danielsen & Dyrvik & Grønlie & Helle & Hovland 1991: s. 28

av frå sine forgjengarar.<sup>323</sup> At noko er lite truverdig treng ikkje tyde at det nødvendigvis var nedskrivaren som dikta det opp. Ein ser på den andre sida at han også hadde kriterium som gjorde han til meir enn ein avskrivar av gamle forteljingar; han skil mellom meir eller mindre pålitelege kjelder, og gjorde til ein viss grad val mellom motstridande informasjon der det fanst i hans kjelder.<sup>324</sup> Snorre gjer sjølv reie for ei kjeldekritisk haldning i sin prolog, og eit mål med hans skriving må ha vore å skulle skrive sanninga. Han ser ut til å ha nytta kjelder og henvisningar berre om hendingar som verka lite trulege eller som fann stad langt tilbake i tid.<sup>325</sup> Det er, som eg har vore inne på før, eit stort problem å vurdere Snorre opp mot sine forgjengarar fordi langt frå alle hans kjelder er kjent for ettertida. I tillegg er dei kjeldene me kjenner til på få område like omfattande og detaljerte som Heimskringla. Slik sett blir ei vurdering av kva Snorre har frå sine forgjengarar i si framstilling av Harald Hårfagre, og kva som eventuelt er Snorre sin eigen konstruksjon, vanskeleg, og kan berre truleggjerast. Men ser ein på formåla med skildringane kan ein kome fram til trulege konklusjonar, og sidan mellomalderhistorikarane prøvde å fortelje sanninga, kan det at seinare kjelder har med dei same forteljingane som Snorre vere eit teikn på at dei i det minste festa lit til det han hadde skrivi, og / eller hadde dei same forteljingane frå ein eller fleire av Snorres kjelder som no har gått tapt. Eg trur ikkje Snorre dikta opp nokon heile forteljingar sjølv, men eg trur at han tolka og vinkla forteljingane slik han ville ha dei, og til tider (som til dømes med odelsomgrepet) kan ha nytta og lagt ekstra tyding til omgrep og forteljingar som han nytta til å binde Heimskringla saman.

Samanbinding ser ut til å ha vore ekstremt viktig for Snorre, noko me i denne oppgåva tydeleg har sett i forhold til banda mellom Harald Hårfagre og Olav den heilage. Men også Håkon Adalsteinsfostre er ein konge som blir nemnt opp att utover i Heimskringla, og Olav Haraldsson er også oppteke av relasjonen mellom seg sjølv og Olav Tryggvason, som var konge før han. Me har sett at dei stadige nyttingane av fyrst Harald Hårfagres namn, og så Olav den heilage, er med på å skape ein raud tråd gjennom Heimskringla, og gjev to store personar som avløyser kvarandre, og som stadig opptre att. Men dei er store på forskjellige måtar; Harald er rikssamlaren, eit verdsleg ideal og grunnlaget for legitimitet, mens Olav fyrst og fremst er den heilage kongen som kvilar i Nidaros, og som det skjer mirakel rundt. Forteljingar som dronning Ragnhilds draum legg også vekt på å binde saman dei norske kongane til å alle vera greiner på eit tre, som Harald Hårfagre er stamma til, og som famnar om landet. Mens Halvdan Svartes

---

<sup>323</sup> Bagge 1991: s. 30

<sup>324</sup> Bagge 1991: s. 31

<sup>325</sup> Bagge 1991: s. 30



draum går meir på skilnadane mellom dei forskjellige kongane, og der er poenget meir å trekke fram Olav den heilage. Slik at Snorres vektlegging av Ragnhilds draum framfor Halvdans i minnetala over Harald, er ei av mange tydelege teikn på kor viktig samanbinding var for han då han skulle skrive kongesogene i Heimskringla.

Snorres form var forteljinga, ikkje analysen, og i mange tilfelle kan ein nesten kjenne fryden i valet av formuleringar og forteljingar når ein les Heimskringla. Ei av mange verkelege gode historier finn me i saga om Olav Tryggvasson:

Så spurte kongen om han visste kven Ogvald hadde vært, som neset og garden var oppkalt etter. Gjesten sa at Ogvald hadde vært konge og en stor hærmann. Mest dyrket han ei ku, og hadde henne med seg overalt hvor han kom; han trodde det var helsebot å drikke mjølka hennes. ”Kong Ogvald sloss med en konge som het Varin, i den kampen falt kong Ogvald, og han ble hauglagt like ved garden, der ble det satt bautasteiner, og de står her ennå. Kua ble hauglagt et annet sted ikke langt herfra.”<sup>326</sup>

Mens moderne historikarar gjerne vil ha ei analyse dei kan gå etter i saumane, så var ikkje det hovudmetoden for Snorre eller dei andre norrøne historikarane. Dei var ute etter å kome med gode forteljingar, og dei forteljingane kunne, som me har sett fleire eksempel på i denne oppgåva, tillegga ekstra tyding ved å underbygge dei med norrøne mytiske mønster, og trekke parallellar til norrøn mytologi. Hadde Snorre levd i moderne tider hadde neppe Halvdan Svarte vorte delt i fire, eller Harald forheksa av ei samejente eller Ragnhilds visjon vore kjent. Og norsk historie hadde vore mykje fattigare og tristare utan desse forteljingane.

Snorre arbeida fyrst og fremst heilt klart ikkje som ein diktar: han hadde ein tradisjon å ta omsyn til. Heimskringla er ikkje eit fritt konstruert verk, det er resultatet av ein historikars arbeide, og Snorre sjølv omtalar sine kjelder på denne måten i si fortale:

I denne boka lot jeg skrive gamle frasnagn om de høvdingar som har hatt rike i Norderlanda, og som har talt danske tungemål, slik som jeg har hørt kyndige menn fortelle; likeså noe om ættene deres, etter det jeg har lært om dem. Noe av det finst i ættetalene, som konger og andre storåttede folk rekner ætta si etter, noe er også skrevet etter gamle kveder eller historiske dikt, som folk bruker å more seg med; for om vi ikke kan vite sikkert at de er sanne, så vet vi likevel om at gamle frode menn har holdt slikt for å være sant.<sup>327</sup>

Det nye ved Snorre samanlikna med dei av kjeldene hans me kjenner til er at han gjekk mykje lenger når det gjaldt å bygge opp ei rikssamlingsmyte kring Harald Hårfagre. Han har med langt fleire mytiske forteljingar, nyttar mykje meir samanbinding for å låne og gje legitimitet til andre skikkelsar i Heimskringla frå Harald, og han nyttar rikssamlaren som eit samanbindande element i sitt sogeverk, heilt til Olav den heilage avløysar han.

<sup>326</sup> Snorres Kongesagaer: s. 173

<sup>327</sup> Snorres Kongesagaer: s. 3

## 9.4 Konklusjon

Eg har i denne oppgåva både hatt som utgangspunkt, og vist ved å nytte skildringar frå sogene at Snorres framstilling av Harald Hårfagres rikssamling er klart myteprega, og at dette etter all trulegdom har vore eit bevisst og konsekvent val frå Snorre si side i arbeidet med å sette saman Heimskringla. Men det tyder på ingen måte at desse forteljingane er noko Snorre sjølv har sett seg kritisk til, eller ikkje trudd på sjølv. Ein kan på eksempelet ovanfor tydeleg sjå at Snorres også har stilt seg kritisk til forteljingar i sine kjelder, og valt å ikkje ta dei med i sitt arbeide. Snorres form var forteljinga, ikkje analysen, og me har heilt tydeleg sett at mange av desse forteljingane med klare mytepreg ofte er henta meir eller mindre direkte frå andre norrøne sogeverk.

Snorre kan ikkje av nokon som har lest Heimskringla og ein, eller fleire av dei andre sentrale norrøne kjeldene for denne oppgåva, kallast ein rein diktar. Det er heilt tydeleg at mange stader har Snorres forteljingar og til og med formuleringar vore henta ganske direkte frå andre tekstar han må ha nytta som kjelder for sitt arbeide. Christian Krog si illustrasjon, ”Snorre dikterer” som har vore trykk i alle vanlege utgåver av Snorres Kongesoger sidan 1899, gjev eit bilete av Snorres arbeidsmetodar som eg meiner ikkje heilt står i samsvar med inntrykket eg har fått ut frå denne oppgåva. På illustrasjonen står Snorre og dikterer til ein munk som sit ved ein pult og skriv ned kva han seier. Men ein kanskje meir riktig illustrasjon ut frå samanlikninga med dei andre kjeldene er ein Snorre ved eit arbeidsbord omgjeven av manuskript. Om han har skrivi Heimskringla personleg med si eige hand har me ingen føresetnad for å veta, men at han har hatt kjeldene sine lett tilgjengeleg gjennom arbeidet er det mest trulege ut frå dei mange avsnitta i Heimskringla som er avskrivne om lag rett frå andre norrøne tekstar, og formuleringane er for like til at Snorre i alle desse tilfella kan ha hugsa dei nøyaktig heilt sjølv. Eg meiner me ikkje kan gje Snorre skulda for å ha funne på dei fargerike forteljingane i historia om dei eldste norske kongane sjølv, men me må likevel hugse å gje han æra for det fantastiske verket Heimskringla er. Det er eit privilegium for ein historikar å få arbeide med ei slik kjelde.



## Litteraturliste:

Bagge, Sverre, *Society and Politics in Snorri Sturluson's Heimskringla*, University of California Press, California 1991

Danielsen, Rolf, & Dyrvik, Ståle, & Grønlie, Tore, & Helle, Knut, & Hovland, Edgar, *Grunntrekk i Norsk historie – fra vikingtid til våre dager*, Universitetsforlaget AS, Oslo 1991

*Den eldste Noregs-historia*, omsett av Halvdan Koht, Norrøne Bokverk nr 19, Det norske samlaget, Oslo 1950

Dillmann, François-Xavier, ”Omkring Halvdan Svartes gravferd”, i, *Høvdingen – Om Snorre Sturlasons liv og virke*, (red) Askedal, John Ole, og (red) Myrvoll, Klaus Johan, Vidarforlaget A/S, Oslo 2008

*Edda- kvede*, Omsett av Ivar Mortensen-Egnund, Det norske samlaget , Oslo 1974

*Egilsoga*, Omsett av Leiv Heggstad, Det norske samlaget, Oslo 1978

*Fagerskinna – En norsk kongesaga*, Omsett av Johan Schreiner, 2. opplag Fabritius Forlag, Oslo 1972

*Fagurskinna – Nóregs Konunga Tal*, Íslenzka Fornritafélag, Önnur útgáfa, Reykjavík 2007

*Flateyjarbók – En Samling av Norske Kongesagaer*, Første bind, P.T. Mallings Forlagsboghandel, Christiania 1860

*Flateyjarbók – Andet bind*, Digitalarkivet 2003, <http://da2.uib.no/cgi-win/WebBok.exe?slag=lesbok&bokid=flateyar2>

Gansum, Terje, ”Fra jord til handling” i (red) Andrén, A. et al., *Plats och Praxis: studier av nordisk förkristen ritual*, Nordic Academic Press 2002

Jón Viðar Sigurðsson, *Norsk Historie 800- 1300 - Frå høvdingmakt til konge- og kyrkjemakt*, Det Norske Samlaget, Oslo 1999

Jón Viðar Sigurðsson. *Det norrøne samfunnet – Vikingen, kongen, erkebiskopen og bonden*, Pax Forlag A/S, Oslo 2008

Jørgensen, Jon Gunnar, *Ynglinga saga mellom fornaldersaga og kongesaga*, Artikkel som bygger på ei førellesning frå konferansa ”Fortidssagaerne: Myter og virkelighed” København 25-28. august 2005, artikkelen er under utgjeving, referert til med løyve frå forfattern etter utskrift 7. april 2008

Koht, Halvdan, i ”Sagaenes opfatning av vår gamle historie”, i Holmsen, Andreas og Simensen, Jarle (red), *Rikssamling og kristendom*, Universitetsforlaget, Oslo 1967

*Kongespeilet*, Omsett av Anton Wilhelm Brøgger, Bokklubbens Kulturbibliotek, De norske Bokklubbene 2000

Krag, Claus, *800-1130 – Vikingtid og rikssamling*, i ”Aschehous Norges Historie”, Oslo 2005

*Noregs Historie, Historien om de gamle norske kongene, Danenes ferd til Jerusalem*, omsett av Astrid Salvesen, Thorleif Dahls Kulturbibliotek, Oslo 1990

*Norrøn ordbok*, Leiv Heggstad, Finn Hodnebo, Erik Simensen, Det norske Samlaget, Oslo 2004

*Passio Olavi – Lidings saga og undergjerningane åt den heilage Olav*, omsett av Eiliv Skard, Det norske samlaget, Oslo 1930

Røthe, Gunnhild, ”Snorre som hagiograf: helgenkongen og hårfagreideologien”, i Askedal, John Ole, og Myrvoll, Klaus Johan (red), *Høvdingen – Om Snorre Sturlasons liv og virke*, Vidarforlaget A/S, Oslo 2008

*Snorres Kongesagaer*, Redaktører: Hødnebo, Finn, og Magerøy, Hallvard, Omsett av Holtsmark, Anne, og Seip, Didrik Arup, Gyldendal Norsk Forlag AS 1979, 6. utgåve Gjøvik 2003

Snorre Sturlason, *Den Yngre Edda*, Omsett av Erik Eggen, Det Norske Samlaget 1961, 5. utgåve, 2. opplag, Gjøvik 2005

Snorri Sturluson, *Heimskringla I*, Íslensk Fornrit XXVI Bindi, Hið Íslendzka Fornritafélag, Reykjavík MMII

Solberg, Bergljot, *Jernalderen i Norge – 500 før Kristus til 1030 etter Kristus*, J.W. Cappelens Forlag a.s., Oslo 2003

Steinsland, Gro, *Norrøn Religion – Myter, riter, samfunn*, Pax Forlag A/S, Oslo 2005

Steinsland, Gro; *Den hellige kongen - om religion og herskermakt fra vikingtid til middelalder*, Pax forlag A/S, Oslo 2000

*Sverresoga*, Omsett av Halvdan Koht, Det norske samlaget, Oslo 1995

Sverrir Jakobsson, ”Eringdringen om en mægtig Personlighed”, *Historisk Tidsskrift – 2002 – Nr 02-03*

*Ågrip*, omsett av Gustav Indrebø, revidert av Arnt Løftingsmo, Det norske samlaget 1973